

# Årsrapport 2017

Årsmelding og rekneskap

## Lagshus

Luster voksenopplæring




Luster kommune

Rådmannen, 10. april 2018



# Årshjulet 2017 - Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - Grøn aktivitet medarbeidar- og brukardialog
TP - Tenesteplan	LD - Leiardialog
B - Budsjett	BU-PLO - Brukarundersøking Omsorgstenesta
ØP - Økonomiplan	BU-S - Brukarundersøking Skule
PP - Planleggingsprogram	BD - Brukardialog
R - Rekneskap	MS - Medarbeidarsamtale anna kvart år (2017 og 2019)
A - Årsmelding	VR - Vernerunde
T1 - Tertiarrapport 1. tertial	IS - Introduksjonsseminar nye medarbeidrarar
T2 - Tertiarrapport 2. tertial	MU - Medarbeiderundersøkjing anna kvart år (2016 og 2018)
K - Kostra rapportering	

Innhaldsliste:	Side		
Føreord	1	Oppvekst	25
Folketal og sysselsetjing	4	Helse	36
Interkommunalt samarbeid	6	Omsorg	43
Lærlingar	10	Sosial	50
Investeringar og nyanlegg	12	Tekniske tenester	56
Kommunen som verksemd	15	Næringsutvikling og naturforvaltning	63
Folkevalde	20	Kultur	73
Administrasjon	22	Rekneskapsen 2017	79

# Innleiing og samandrag



Jarle Skartun

## Årsrapport 2017:

Rådmannen i Luster legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2017. Dokumentet er etter mal av tidlegare år. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat. Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske

midlar som vert disponert, og bruk av midlane. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen, etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat. Det er krav om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen. Kommunelova sitt rapporteringskrav går fram av § 48. Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i dette fellesdokumentet.

## Samandrag

«Gode rekneskapstal i Luster kommune 2017, grei balanse i drifta og positiv inntektsutvikling i høve det budsjetterte.»

### Økonomisk resultat -overordna.

Kommunerekneskapen for Luster kommune syner eit netto driftsresultat på 25,8 million kroner. Det er 4,8% av driftsinntektene og ein auke frå 2016 på 6,0 million kroner og eit godt resultat.

Brutto driftsresultat, skilnaden mellom driftsinntektene og driftsutgiftene, er om lag 2,7 million kroner. Dette er ein nedgang frå 2016 på 4,4 million kroner. Ei hovudårsak til nedgangen er 11,4 million kroner lågare inntekter frå skatt på eigedom, frå dei store kraftverka. Nedgangen er delvis kompensert med auke inntekter frå konsesjonskraftsalet, jf auka straumprisar 2.halvår, med 3,9 million kroner meir enn i 2016.

God skatteinngang på slutten av året medverkar og til at brutto driftsresultat kjem ut på plussida.

Ein hovudårsak til det gode netto driftsresultatet er mindre avdragsbetalingar enn tidlegare år og at verdien av aksjefonda har auka meir enn budsjettet. Avdragsbetalingane er 8,2 million kroner lågare enn i 2016. Dette er vesentleg lågare enn avskrivningane og

nye lånepptak. Avdraga bør/må aukast igjen slik at ikkje lånegjelda vert meir tyngande.

Aksjefonda hadde i 2017 ein verdiauke på heile 11,5 million kroner (16-17%) mot budsjettet opphavelig på 3 million kroner.

Nettoresultatet blir ofte brukt som måltal for den økonomiske drifta i ein kommune, men bør ikkje brukast i ein kommune som Luster utan merknad omkring resultat av næringsarbeid/ næringsfondet. I 2016 blei de brukt 11 million kroner til ulike tiltak etter vedtak. I 2017 er det brukt/løyvd 14,4 million kroner. Dette påverkar driftsresultatet ved at ein har ei driftsutgift som er 3,4 millionar kroner høgare i 2017. Men dette vert kompensert med meir bruk av bundne fond og dermed ei betring i resultatet (auka rekneskapsmessig mindreforbruk).

Når eksterne finanstransaksjonar og avsetjingar er gjort opp, syner rekneskapen for 2017 eit mindreforbruk på 18,2 million kroner. Dette er 10,8 million kroner betre enn i 2016.

### Andre viktige økonomiske område:

2017 blei eit godt år for aksjefonda. For å redusera aksjeeksponeringa har kommunen realisert 2,9 million kroner (oktober17) og teke ned aksjefonda med 15 millionar kroner. Desse midlane er plassert i pengefond. Dette gir mindre avkasting på midlane, men er mindre utsett for svingingar samanlikna med aksjemarknadens.

### Driftsinntekter:

Samla driftsinntekter er 19,4 million kroner høgare i 2017 enn i 2016, dette er ein auke på 3,6%.

Tenesteområda/rammeområda, om ein ser vekk frå næring, har samla sett eit mindreforbruk i høve regulert budsjett på 8,0 mill.kr. Lågare avrekning pensjon (premieavvik), meir statstilskot til folkehelsearbeid/anna utviklingsarbeid, mindre utgifter til flyktningar og god budsjettdisiplin bidreg til dette plusstalet.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket blir etter dette bra og betre enn i 2016.

### Investeringane

Investeringane i 2017 er bra i samsvar med regulert budsjett. Framdrift/periodisering gir noko avvik på bruttotala med lågare investeringar om ein ser mot opphavelig budsjett.

Det store prosjektet, renovering av Rådhuset, er gjennomført på ein god måte og på budsjett. Renovering og tilbygg til barnehagen i Jostedal er fullført betre enn budsjett og mange byggutviklingstiltak er gjennomførde og dei fleste i eigen regi på ein svært god måte.

Innan VA har planlegging og prosjektering teke noko lenger tid enn føresett på større prosjekt slik at framdrifta ligg noko etter planane.

<b>Nokre nøkkeltal</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Investeringsutgifter. (inkl.mva)	64 118	92 836	75 598	<b>44 467</b>
Herav dekka av lån	42 169	49 497	65 721	<b>29 080</b>
Avdragsutgifter	24 512	22 607	23 602	<b>15 412</b>
Renteutgifter	11 453	10 668	9 522	<b>7 376</b>
Rente-utbytte-aksjef.-inntekter	15 734	15 871	8 731	<b>17 108</b>
Lånegjeld u/Gullr.	378 607	410 443	444 745	<b>458 503</b>
Herav lånegjeld VA	43 400	47 500	50 704	<b>50 947</b>

Lånegjeld Gullringen 115 mill. kr. er innbetalt i 2016.(reduserar både renteutgifter og renteinntekter i -16 og -17)

Siste del av 2017 syner ei viss betring av den økonomiske stillinga til kommunen slik rådmann vurderer situasjonen. Dei fleste driftsområda/einingane leverer resultat litt betre enn budsjett og i sum gir dette noko margin. Omstillingssarbeidet innan omsorgstenesta har og gitt forventa effekt.

Den største endringen er likevel knytta til inntektssida der mykje tyder på at straumprisane vil gi noko høgare gevinstar enn dei siste åra.

2018 vil pårekneleg vere eit botnnivå for eigedomskatt for dei store kraftverka, konsesjons-kraftgevinsten auka i 2017 og vil pårekneleg auka ytterlegare i 2018.

Rådmann viser elles til årsrapporten med vurdering av økonomiske resultat og gjennomføring av budsjett.

### **Meir om årsmelding for 2017.**

Årshjulsarbeidet er godt innarbeidd og fungerar tilfredstillande.

Medarbeiterundersøking, 10-faktor KS, vart gjennomført på nyåret og følgt opp med medarbeidarsamtaler og tiltak. Undersøkinga syntetiserte over bra resultat, men me ser at omstillingss-/endringsarbeid og budsjettkutt påverkar og gir dårlegare resultat og deltaking.

Når det gjeld styringsmål og dei meir langsiktige målsetjingane, økonomiplanen i lys av kommuneplanen sin samfunnsdel, så er det framleis eit forbetningsområde. Dette sjølv om me i 2017 reviderte KPS. Nytt budsjettopplegg frå 2018 må ta tak igjen i dette.

Tenesteplanarbeidet med dialogen mellom einingane og overordna leiing har heller ikkje hatt tilstrekkeleg fokus og oppfølging i 2017. I påvente av nytt budsjettopplegg auka digitalisering frå 2018 har det ikkje vorte prioritert.

Gjennomgåande har kommunen høgt tenestenivå og leverar gode tenester, investeringsnivået er høgt og me driv aktivt utviklingsarbeid av tenester, næring og lokalsamfunn.

Dei interkommunale tilboda og tenestene haustar både «storm og stille». Simas og SBR leverar som føresett, Sogn PPT er i ferd med å finna si form og Sogn Kulturskule sin aktivitet for elevar frå Luster er søkt betra mellom anna med fleire undervisningsstadar. Det har vore svært krevjande tider i Sogn Barnevern, men der tenestetilbod og arbeidsmiljø er «friskmeldt» i 2017.

### *Andre større saker*

Rådmannen og administrasjonen sitt arbeid har i 2017 vore prega av å følgje opp kommunestyrevedtak frå 2015-16, budsjettvedtaket frå des-16 og legge fram nye saker. Frå arbeidet i 2017 vil rådmannen særleg nemna:

- Årshjulsaktivitetar og prosessar; Årsrapport og rekneskap 2016. Budsjettarbeid. Budsjettoppfølging, T1 og T2.
- Kostra-analyse Luster kommune. (KS\_konsulent.)
- Grunnlagsarbeid for skulebruksplan. (Telemarksforsking.)
- Utvikling av tenestetilbodet i framtidig pleie og omsorgsteneste.
- Tilstandsrapport grunnskule og aktivt utviklingsarbeid oppvekst.
- Handlingsplan/søknader kommunal plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Utviding av eigedomskatteordninga.
- Integrering av flyktingar og oppretting av eiga norskopplæring.
- Kulturskuletilbodet.
- Kommuneplanarbeid; KPS(vedtak) og KPA(planprogram).
- Reguleringsplanarbeid/vedtak; Hillestad traktor, Sandal, Luster/Dale sentrum, Gaupne Brannstasjon, Bustadområde Botn, Sogn Motorsportsenter, Heggmyrane skisenter.
- Næringssaker; Tungestølen, Sandvik sko, Wittgenstein, Vitensenteret, Hangar SL,
- Interkommunal legevakt.
- Politisk delegeringsreglement.
- Temaprogram for kommunestyret gjennom året.
- Byggjerekneskap; Kvitevollen, Verket 2, Beheim 2.

Dei fleste sakene er nærmere omtalte i årsrapporten.

### *Måloppnåing - Kommunale styringsmål.*

Gjennom årsrapporten prøver me å gi eit bilde av utvikling og resultat på viktige område.

På dei ulike tenesteområda finn ein meir detaljerte vurderingar.

Oppsummering av nokre sentrale område kan oppsummerast i tabellform slik;

Tenesteområde/styringsmål	Nådde vi måla i 2017 ?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Økonomisk resultat-god økonomi			X
Brutto driftsresultat, samla		X	
«Netto» driftsresultat; Barnevern, Tekn.drift, HBU.	X		
«Netto» driftsresultat; Teknisk, Grunnskule, Helse, Barnehage, Adm.		X	
«Netto» driftsresultat; Sosial, Landbruk, Omsorgstenesta, Kultur, Politisk, VAR,			X
Budsjettkontroll-investeringar		X	
Sakshandsamingstider	X		
Klagesaker i forvaltninga m/ omgjering			X
Tenesteplanarbeidet	X		
Integrasjon økonomiplan vs kommuneplanens samfunnsdel	X		
10-faktor, medarbeiderus.	X		
Omstillingsarbeidet Pleie og omsorg			X
Omsorgstenesta, brukarutstyr, sjukeheimst,			X
Grunnskulepoeng	X		
Grunnskulen, eksamen (10 kl)			X

Tabellen tek utgangspunkt i målingar, rangering av andre og rådmann sine *skjønsmessige vurderingar* m/markeringar inn mot område der me kan ha forbettingsområde.

Med utgangspunkt i *Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling* og årleg tiltaksplan

vert det prioritert og arbeidd med dokumenterte bemanningsbehov i organisasjonen.

Likestillingsarbeidet har merksemd. Rekruttering av kvinnelege leiarar, betre kjønsbalanse mellom leiarar innan tenesteområda og i nokre yrkesgrupper treng fokus.

Me har eit planmessig arbeid med registreringar og tiltak for å redusere uønska deltid. Overgang til årsturnus i omsorgstenesta har gitt høve til utvida stilling for fleire.

Kvalitetssystemet LKK sikrar at HMT- og kvalitetsarbeidet er på plass i eit samla og tilgjengeleg system. Det vart i 2015 vedteke etiske retningslinjer for tilsette og politikarar og ny varslarordning. Det er lagt til rette tiltak for opplæring, andre tiltak og sjekkliste som sikrar gode habilitetsvurderingar og god etisk standard i forvaltning og anna kommunalt arbeid.

Me føl opp prosjektarbeid for å prioritere og samordna vidare digitalisering. På nær sagt alle område er det vidare utvikling innan IT, prioritert i

kommunal forvaltning er overgang til digital post og kommunikasjon.

#### *Utvikling.*

Kommunen har ei positiv utvikling i folketallet.

Innbyggjartalet 01.01.18 er 5223 (+72). Flyttebalansen er positiv og fødselstalet er svært positivt med 71 fødslar i 2017.

Kommune har framleis stort engasjement i næringsutvikling 26 (30) vedtakssaker i næringsutvalet i 2016. Nær på 70 millionar er utlånt til næringslivet og i 2017 er det utbetalt 7,4 million kroner i nye næringslån. I lag med Luster Sparebank er kommunen inne i ei tvistesak omkring refinansiering av Tørvis Hotel. Bank og kommune har vunne fram i tingretten, men saka er påklaaga til lagmannsretten.

Det har vore ein god sesong for reiselivet i kommunen. På slutten av året har kommunestyret stilt seg positive til å medverke i stor utbygging på Tungestølen i Luster turlag sin regi og ev oppattbygging av Harastølen som spennande reiselivssaker framover.

Kommunen har og støtta opp om regionale prosjekt, hangar på flyplassen og Vitensenteret på Kaupanger.

Arbeidet med å få dekka heile kommunen med breidband/fiber held fram og kommunen tek aktivt del slik at område som ikkje kan byggjast ut basert på forretningsmessige prinsipp også vert dekka opp.

Sogn skisenter og Lustrabadet har hatt ei positiv utvikling og er gode tilbod og besøksattraksjonar i kommunen. For Sogn Skisenter er ny reguleringsplan for vidare utvikling under arbeid.

Over fleire år er det arbeidd aktivt med å tilretteleggja for ny bustadbygging i alle delar av kommunen og tilgangen på byggjeklare tomtar er god.

2017 er vidare prega av at det er reformtider i offentleg forvaltning. Sjølv om Luster kommune har teke ei tydeleg avgjerd om å fortsetja som eigen kommune så merkar ein likevel konsekvensar av reformer.

Samarbeidsordningar er /vert sett på prøve og endringar på andre område som til dømes at lensmannskontoret er lagt ned er i sum negativt for kommunen.

#### *Temasider*

I årets rapport er det som tidlegare teke inn temasider om; folketal og sysselsetting, interkommunalt samarbeid og kommunen som verksemd. I tillegg er det ein nærmare omtale av lærlingearbeidet og nærmare omtale av dei større investeringstiltaka.

Gaupne, mars 2018

Jarle Skartun  
rådmann

# Tema

# Folketal og sysselsetjing

## Folketalsutvikling

Folketalet i Luster kommune gjekk opp med 72 personar i 2017. I 2017 flytta 198 personar til Luster kommune, medan 150 personar flytta ut. Det var 71 fødslar i Luster dette året, medan 48 personar døydde.

Statistisk Sentralbyrå sin statistikk syner slik utvikling av folketalet i Luster:

Årstal/dato	Innbyggjarar
01.01.08	4870
01.01.09	4879
01.01.10	4945
01.01.11	5023
01.01.12	5026
01.01.13	5041
01.01.14	5089
01.01.15	5118
01.01.16	5093
01.01.17	5151
01.01.18	5223

I Luster slik som i andre kommunar i Noreg, har talet på utlendingar vakse. I år 2000 budde det i Luster kommune 65 innflyttarar frå Europa, 6 frå Afrika, 11 frå Asia og 6 frå Nord-Amerika. I 2018 budde det 296 personar frå Europa, 79 frå Afrika, 53 frå Asia og 14 frå Amerika.

I Luster kommune bur det 1,8 personar pr km<sup>2</sup>, medan talet for landet er 15,1.

## Folkemengde 1. januar, aldersfordelt

Luster	2015	2016	2017	2018
	Personar	Personar	Personar	Personar
0 år	72	53	44	76
1-5 år	283	297	294	302
6-12 år	476	467	467	453
13-15 år	205	195	197	214
16-19 år	286	278	266	271
20-44 år	1480	1464	1492	1487
45-66 år	1428	1433	1465	1484
67-79 år	557	584	596	613
80-89 år	248	235	240	238
90 år eller eldre	83	87	90	85
<b>Sum</b>	<b>5118</b>	<b>5093</b>	<b>5151</b>	<b>5223</b>

## Folketal – skulekrinsar

	2007	2016	2017	2018
Skjolden	443	418	431	433
Dale	498	503	501	492
Gaupne	1331	1521	1550	1610
Jostedal	426	392	384	395
Indre Hafslo	515	515	517	507
Hafslo	1265	1374	1403	1427
Solvorn	257	251	241	236
Veitastrond	131	111	113	115
Ikkje oppgjevne		8	10	

## Sysselsetjinga


Dei siste åra har talet ledige i Luster vore 1,3%, dvs. vel 40 personar.

## Arbeidsmarknaden


I år 2000 arbeidde 342 lusteringar i Sogndal, 73 på Leikanger. I 2016 var det 518 lusteringar som arbeidde i Sogndal og 110 i Leikanger.

Arbeidsstyrken går også andre vegen. 99 personar frå Sogndal arbeidde i Luster i år 2000. I 2016 var det 148 personar frå Sogndal som arbeidde i Luster.

## Folketalsutvikling per kommune frå 1. januar 2010 til 1. januar 2017. Prosent



## Årlig folketalsutvikling Luster kommune



**Sysselsette etter næring i Luster kommune.** \*Tala for 2015 og seinare er ikke samanliknbare med tidlagare år; pga. nye datakjelder i SSB sin sysselsettjingsstatistikk. Kjelde: SSB tabell 07979

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
00 Uoppgitt	6	10	16	7	16	12	13	13	13	13
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	302	306	296	293	236	265	257	212	187	200
05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0	0	0	0	3	0	1	0	3
10-33 Industri	129	124	126	127	248	254	284	270	304	301
35-39 Elektrisitet, vann og renosjon	83	86	88	85	87	85	87	86	84	79
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	168	147	155	162	178	176	166	172	169	164
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	209	187	196	216	204	211	205	171	194	191
49-53 Transport og lagring	70	68	61	66	59	69	69	60	71	84
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	58	55	65	59	49	71	76	79	78	73
58-63 Informasjon og kommunikasjon	101	91	97	101	3	3	3	6	4	3
64-66 Finansiering og forsikring	27	29	30	32	28	26	26	25	26	28
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	50	51	37	39	39	37	39	38	32	36
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	73	74	68	65	66	59	69	63	64	59
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	74	75	74	66	69	76	74	70	71	70
85 Undervisning	178	197	195	213	205	205	172	187	172	172
86-88 Helse- og sosialtjenester	411	430	434	416	464	461	470	469	476	502
90-99 Personlig tjenesteyting	53	48	44	39	53	64	54	65	64	66

## Fødde/døde i Luster

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødde	54	66	47	46	53	57	62	70	52	43	71
Døde	47	46	59	42	54	67	50	41	49	44	48
Fødselsoverskot	+ 7	+ 20	- 12	+ 4	- 1	- 10	+ 12	+ 29	+ 3	- 1	+ 23

## Flyttetal for Luster

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Innflytting	106	106	182	184	134	232	222	197	173	214	198
Utflytting	128	117	103	117	129	207	186	197	199	155	150
Nettoinnflytting	- 22	- 11	+ 79	+ 67	+ 5	+ 25	+ 36	0	- 26	+ 59	+ 48

# Tema

# Interkommunalt samarbeid

Kommunen sin "policy" når det gjeld interkommunalt samarbeid har vore og er at vi skal utvikle og drive kjerneområda barnehage, grunnskule, pleie/omsorg og vitale helsetenester sjølv, medan vi på andre område skal vere opne for å gå inn i gode samarbeidsløysingar.

## Nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Luster tilslutta KS (tidl. Kommunenes Sentralforbund), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) og Norske utmarkskommunar (USS). Kommunen har også medl./samarbeidsavtale med Norsk kulturarv.

## Fylkesnivået

Luster kommune deltek i KS-samarbeidet i fylket. Luster samarbeider med alle kommunane i fylket om felles innkjøpsavtaler (SFFI). Ordninga vert administrert av fylkeskommunen. Regelverk for offentlege innkjøp legg strenge føringar på anbods- og/eller anna form for konkurranseutsetting og det ligg gevinstar i opplegg for gjennomføring og prisnivå i denne modellen. Luster var i 2017 deltakar i meir enn 20 avtalar innretta mot ulike vare- og tenestegrupper. E-handel, i regi av innkjøpssamarbeidet, er i utvikling, Luster kommune er mellom kommunane som er komne lengst/har størst omsetning via e-handel.

Luster kommune og nesten alle kommunane i fylket samarbeider også med fylkeskommunen om ei felles arkivteneste. Hovudfokuset er å ta vare på eldre arkivmateriale.

Luster kommune er med i Alarmsentralen IKS, lokalisert i Florø, for overvåking av brann-beredskapen. Dei fleste kommunane, deriblant Luster, nyttar seg også av tilbodet om overvåking av tryggleiks-alarmer. Politiet sin operasjonssentral er flytta til Bergen og det er intensjon/vedtak om at brann/110 skal samlokalisera dit, men ikkje avklara når.

Kommunane fekk frå 2010 eit lovpålagt ansvar for å yte tenester til kvinner, menn og barn i krise. Luster kommune har sluttar seg til eit fylkesdekkande tilbod basert på tenestekjøp frå Flora kommune.

Luster kommune sluttar seg i 2013 til eit fylkesdekkande tilbod for oppfølging av vald i nære relasjoner. Luster kommune kjøper tenesta hjå legevaktilbodet i

Sunnfjord. Luster kommune har også stilt seg positiv til å få på plass/delfinansiere stilling som samhandlingskoordinator for oppfølging av reforma og samarbeidet mellom helseforetak/spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

## Sogn regionråd.

Sogn regionråd er samarbeidsorgan i indre og midtre Sogn m/ 9 kommunar som medlemer. Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid med heimel i § 27 i kommunelova. Sekretariatet er lagt til Sogndal kommune m/kjøp av teneste. Karina Nerland er dagleg leiar. Ordførarane er medlemer i rådet. Ordførar i Høyanger, Petter Sortland, har vore leiar i rådet i 2017. Det regionale samarbeidet er tufta på ein del utvalde satsingsområde, nedfelte i regionalplanen som vart vedteken i mars 2017 i regionrådet etter kommunane si handsaming.

Satsingsområda er attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Rådet sine arbeidsoppgåver vert og dekka gjennom faste arbeidsgrupper; helse-, samferdsle- og næringsgruppe. Ivar Kvalen har i 2017 vore leiar i samferdslegruppa. Tiltak inngår også i samarbeidsavtale med fylkeskommunen om regionale utviklingsprosjekt/utviklingsmidlar. Regionrådet er aktive i profilingsarbeid for regionen, karrieremesser m.v.

## Sentrale arbeidsoppgåver i rådet i 2017 har vore:

- Prosjekt for bustadutvikling for å gjennomføre tiltaka i regional bustadstrategi.
- Entreprenørskapsmesse i Høyanger for alle ungdomsskulane i regionen.
- Oppstart av opplæringsmodular i regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge.
- Arbeide for samferdsletiltak:
- Finansiering av MR- maskin ved Lærdal sjukehus
- **Aust-vestsamband:** Rv 52 over Hemsedalsfjellet er vedteke som hovudveg for næringstransport/tungbiltrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Det blir arbeidd for KVU Skei-Håbakken.
- **Vikafjellstunnelen,** Utgreiing for kostnadsregulerande tiltak er vedteke i NTP.
- **Sognebåt,** møte med og innspel til fylkeskommunen om å flytta endestogg til Flåm
- **Fylkesveg 55 og rassikringstiltak:** Innspel til regional transportplan om prioriteringane som er utbetring fv 55

Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand og Tronvik-Ulvåna og behalde prioriteringsliste over rassikringstiltak.

Regionrådet sender høyringssvar på saker som er viktige for regionen. I 2017 på desse sakene:

- Ferjeruter Vangsnæs-Hella-Dragsvik og Mannheller-Fodnes, 31.1.2017
- Forslag til endringar i vassressurslova og jordlova - til Olje- og energidepartementet, 10.2.2017
- Innsyns- og klagerett over eigedomsskatt på kraftanlegg - til Finansdepartementet, 8.3.2017
- Jordbruksmeldinga, Meld. St. 11 (2016-2017) Utvikling og endring – til Mat- og landbruksdep., 22.3.2017
- Endringar i rutetilbodet for ekspressbåt Sogn-Bergen - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 28.4.2017.
- ”En mer effektiv og framtidsrettet hjelpemiddelformidling” til Arbeids- og sosialdep., 9.5.2017
- Konseptutgreiing Sivilforsvaret til Justis- og beredskapsdepartementet, 8.6.2017
- Eigedomsskatt på produksjonsrelaterte nett og kraftanlegg - til Finansdepartementet, 21.7.2017
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 29.9.2017
- Nei til endringar av kommunal skattlegging - til finanskomiteen, 10.11.2017
- Endra vilkår for bortebuarstipend slår hardt ut i Sogn - til finanskomiteen, 16.11.2017

#### *Prosjekt og utviklingsarbeid.*

Sogn regionråd er også sentral i *prosjekt og utviklingsarbeid*:

Sentralt i det arbeidet er «System for styrka læring», arbeid for styrka kompetanse og utvikling innan oppvekst. Hovudmål for arbeidet er ; *Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning*. Arbeidet har seks programområde: systemisk læring/lærande organisasjoner, vurdering for læring, motivasjon og meistring, psykisk helse, entreprenørskap og tidleg innsats. Leiarutvikling, kompetansetiltak og nettverksarbeid er viktige tiltak. Ivar Kvalen er leiar i programstyret. Hanne Ørnehaug byrja som programleiar januar 2017. Magnus Lia vart tilsett som psykolog i mai. Stillinga er eksternt finansiert og er eit samarbeid med Høgskulen. Gaupne skule har vore med i det toårige prosjektet frå Spesialundervisning til tilpassa opplæring ilag med fire andre skular i regionen, med mål om å redusera omfanget av spesialundervisning. (prosjektet vart avslutta våren 2017.)

«Ungdomstrinn i utvikling» er også fellesorganisert og knytta til oppvekstsamarbeidet i regionen. Inger Marie Evjestad har vore utviklingsrettleiar. I Luster er me no inne i aktivt prosjektarbeid på skulenivå.

2017 var det siste året for den fireårige nasjonale ungdomstrinnsatsinga.

Prosjektet for masterplan og berekraftmerking av reisemålet Sogn vart starta opp i 2017 med Sogn regionråd som prosjekteigar. Arbeidet vil styrke sognregionen sin attraktivitet og konkurransekraft, og dermed også verdiskaping på lang sikt.

Skogbruksamarbeidet, for heile regionrådet, har halde fram i 2017 og får årleg midlar frå Fylkesmannen på 500.000 som går til å delfinansiera stillingar. Skogbrukssjefen i Luster, Arne Kristian Borger, inngår i samarbeidet med 20% utvida stillingsprosent slik at han og har oppgåver i andre kommunar.

#### *Anna administrativt samarbeid.*

Via rådmannsgruppa i regionrådet vert det gjennomført og koordinert ein del administrativt arbeid av felles nytte for kommunane. Gruppa har fast møteplan, rådmann i Årdal Olve Fosseidal var leiar i 2017.

Via regionrådet er ulike administrative nettverk i funksjon;

- Barnehage- og skuleregion Sogn, - Fagnettverk for barnehagar, - Ungdomsnettverk,
- Kulturnettverk, -Næringsnettverk, - Nettverk for helse og omsorg, - Oppmålingsgruppa,
- Faggruppe IKT, -HR-nettverk.

Sogn regionråd tek og del i Breibandforum, IKT Helsenettverk og IKT skulenettverk som dekkar fylkesnivået. Arbeidet er delvis finansierte og drifta av Regionrådet, kommunane sitt eige arbeid og dels ved tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune.

Utviklingsarbeid og erfaringsutveksling er sentralt i gruppene

Regionrådet har etablert eit generelt GIS-samarbeid knytt opp mot ein stillingsressurs med kontorstad hjå Vik kommune. Sentralt i arbeidet er utvikling og vedlikehald av karttenesta «Sognekart». Adresseprosjektet med å få på plass eit einsarta vegadressesystem heldt fram i 2017. Framdrifta i prosjektet både regionalt og i Luster kommune har vore dårlegare enn føresett i prosjektperioden og vil halda fram i 2018.

Det vert arbeidd aktivt med kompetanseheving for bruk av GIS-verktøy.

#### *Avtalar.*

Driftsavtalen mellom kommunane og *Musea i Sogn og Fjordane* (tidlegare avtale m/Sogn folkemuseum) er samordna gjennom Sogn regionråd. Kvar kommune handsamar avtalen og har sjølv ansvar for den årlege løyvinga. Frå 2016 er det avtalt ei viss kommunal

styrking av løvning frå kommunane. Nivå og fordeling er mellombels avklara, 235.000 for Luster i 2017.

Sogn regionråd har avtale *med fylkeskommunen* om drift av felles GIS-løysing (geografiske informasjonssystem) og drift av Kommunenett (internetttilgangar). Desse avtalene er inngått mellom kommunane i Regionrådet (ikkje Høyanger) og fylkeskommunen og kostnadane blir fordelt mellom kommunane. I lys av regionreforma er det pårekneleg at her må finnast andre løysingar for kommunane.

Sekretariat for kontrollutvala, har lege hjå PWC. Avtalen m/PWC er fornya i 2017.

Regionrådet har avtale med «Trygg 24» om kontrollar etter alkohollova.

Forsikringsavtalane er via meklar Norwegien Broker. GIS/Line m/Norkart Geoservice.

Farmasøytske tilsynstenester gjennom avtale med Helse Vest.

I 2017 har det vore avtale innan bedriftshelseteneste med Stamina Helse Sogndal.

*Avtalane vert i utgangspunktet inngått mellom kvar einskild kommune og dei respektive partar, men via ein felles prosess gjennom regionrådet og/eller SFFI.*

#### *Vertskommune.*

Kommunane i Sogn regionråd samarbeider gjennom fleire vertskommuneavtaler.

Årdal er vertskommune for felles arbeidsgjevarkontroll. Ordninga er nært kopla til dei kommunale skatteinnkrevjarfunksjonane og har pr dato 2 stillingar. Ordninga har framleis utfordringar med kontinuitet og med det tal gjennomførte kontrollar. Det vert no gjort eit nytt forsøk på å få dette til å fungere betre.

Etter omorganisering av «næringsmiddeltilsynet» (2004) vart det inngått ei avtale om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, med Sogndal som ”vert”. Ordninga har ein stillingsressurs fysisk lagt til Mattilsynet Sogndal. Regionrådet og Luster kommune har sluttat til seg ordninga med miljøsertifisering av verksemder.

#### *Selskap.*

Kommunane i Sogn regionråd, med noko ulik deltaking, er med som eigalarar av SIMAS IKS, SognLab AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og i 2012 Visit Sognefjord A/S som felles reisemålsselskap. Luster kommune deltek i ordningane.

Dette er *eigne rettssubjekt*, med eigardelar i form av aksjar eller innskot. Selskapa har eigne vedtekter, generalforsamling og styre og er såleis uavhengige av regionrådet. For dei heileigde kommunale selskapa er det etablert felles møtedagar for gjennomføring av representantskapsmøte /generalforsamlingar/eigarmøte.

SIMAS IKS syter for all handsaming og transport av hushaldsavfall i kommunane. Desse ordningane har funne si form og fungerar godt i regionen, der det no er/vert auka fokus på sortering og attvinning av materiale og energi. Det er gjennomført større investeringar for sortering/omlasting siste åra. SIMAS syter og for slamtomminga i høve hushaldningar og kommunane i regionen.

SIMAS etablerte i 2014 eit eige selskap, Simas Næring, for å tilby tenester til næringslivet og avfall der. For næringsavfallet er det private tilbydarar ved sida av SIMAS. Det vert arbeidd med næringsutviklingsprosjekt avleda av avfallsmateriale.

I 2017 har SIMAS overteke inntransport av hushaldningsavfallet, etter konkurs hjå transport Reno Norden.

Sognlab A/S, laboratorieselskap, kontrollerer m.a. vasskvaliteten i kommunane våre. Det er to tilsette i selskapet.

Sju kommunar i regionrådet (ikkje Lærdal og Aurland) og fylkeskommunen er eigalarar av selskapet Sogn og Fjordane revisjon IKS. Selskapet yter finanzielle revisjonstenester for eigarane og selskapa deira. I 2016 starta utgreiing og avklaringsarbeid om det er grunnlag for eit større offentleg revisjonsselskap med basis i Sogn og Fjordane. Tilråding ligg føre om å skipa slike selskap, Luster har stilt seg positiv til dette. Kommune- og regionreform samt endringar i lovverk kan påverke vidare arbeid i saka.

Visit Sognefjord AS, som felles reisemålsselskap for heile reiselivet i Sogn med reiselivs-bedriftene og kommunane i Sogn regionråd som eigalar har kontoradresse i Sogndal på Fosshaugane Campus. Kommunane delfinansierar selskapet via kontingent. Målet med selskapet er å få til ei kraftfull satsing på marknadsføring og sal av «reiselivstilboda» i Sogn.

#### **BVLLS - kommunane**

SBR-IKS er det største brannsamarbeidet i fylket med 5 kommunar.

Samarbeid om feietenester og tilsynstenester på byggjesak er integrert i det nye brann-samarbeidet.

Ny brannstasjon i Gaupne er etablert i Øiene-bygget på Røneidsgrandane. Brannstasjonen på Gaupne-grandane har fått utvida funksjonar som kurs og øvingsområde for SBR-IKS.

#### **VLSAL - kommunane og fylkeskommunen**

Felles PP-teneste i regionen m/5 kommunar, inkludert Luster, og fylkeskommunen/Sogndal vidaregåande skule deltek no i Sogn PPT. Sogndal kommune er vertskommune. Samarbeidet vart etablert frå 01.01.16 og Karin Uglum er leiar av kontoret. Faglege tilrådingar

på spesialundervisning og systemretta arbeid for tilpassa opplæring er dei viktige arbeidsoppgåvene.

## BLLS – kommunane

*Sogn barnevern* er felles teneste for Leikanger, Sogndal, Balestrand og Luster. Sogndal er vertskommune.

Tenesta har hatt store utfordringar knytta til kontinuitet i leiing og arbeidsmiljø.

I løpet av 2017 har det vore omfattande arbeid med å lukke avvik fra tilsyn, arbeide med forbetningsplan og sikra kvalitet i tenesta og eit godt arbeidsmiljø i kontoret. Det har vore ein svært krevjande situasjon i tenesta. Luster kommune har eit relativt høgt tal saker i samarbeidet.

På slutten av 2015 vart ny «ESA» rulla ut. Tiltaket representerar eit stort steg i høve digitalisering, fullelektronisk arkiv og digitalt mottak og digital utsending av korrespondanse.

I 2016-17 har det vore arbeidd aktivt med fornying og vidare utvikling av heimesida. Ny versjon var på plass frå hausten -16/ årsskiftet.

## Leikanger, Sogndal og Luster

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster har felles kulturskule med Leikanger som vert. Kulturhuset i Sogndal er ein sentral base for aktiviteten ved at administrasjon og noko øvingslokale er etablert der.

I 2017 er det arbeidd med å få brukarutval opp og gå og i Luster er det arbeidd med å få fleire undervisningsstadar, Skjolden og Jostedal opp og gå. Forbetningspunkt frå Luster er framleis under arbeid. Nærare evaluering av tilbodet vert ev initiert i 2018.

Jordmorvaktsamarbeidet mellom Leikanger, Sogndal og Luster er ei teneste som Helse Førde kjøper av kommunane. Dette skjer etter at ansvaret for vakt og følge i desse kommunane ligg til helseforetaket etter omlegging av fødetenesta i fylket.

Regionalt folkehelsesamarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster er utvikla gjennom eit felles prosjekt. Frisklivsentralen Sogn, felles for SLL-kommunane vart i 2015 utvida til og i større grad ta opp i seg oppgåver innan læring og meistring. Det er faste kontordagar på Helseenteret og aktivitetar i Luster, eksempelvis opp mot Lustrabadet. Leikanger har frå 01.01.18. gått ut av samarbeidet.

Tilstandsrapport/folkehelsebarometer er på plass som grunnlag for handlingsplan for folkehelsa.

Tidlegare samarbeid omkring norskopplæring flyktningar vart endra ved at Luster etablerte eiga opplæring frå august -17. Noko utvida opplæring, m.a. førebuing til vidaregående opplæring, vert framleis løyst via kjøp/samarbeid i Sogndal.

Kommunane har frå 2016 hatt samarbeid gjennom ByR, byregionprogrammet med tiltak for å styrke bu- og arbeidsområdet i hovudsak finansiert av statlege midlar. Fokuset har vore på ;

-sikre eksisterande og legge til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane, næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv. planlegging og friluftsråd, utnytting av kompetanse-miljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping.

I 2017 er arbeidet med å sikra og styrka dei offentlege arbeidsplassane i regionen prioritert.

NAV-kontora har frå 2016 hatt ein fast felles stilling som gjeldsrådgjevar.

## Legevaktsamarbeid

I høve legevakt så kjøper Luster legevakttelefontenester frå Sogn lokalmedisinsk senter/Lærdal kommune. Telefonentralen kom i drift frå mars 2015 og dekkar ettermiddag/kveld/natt i veka og helg/høgtid. I lys av ny akuttmedisinsk forskrift med auka krav til kommunane og utfordringar med å få til ei god lokal ordning er det arbeidd med å få til ei større interkommunal legevaktordning

\*\*\*

## Annan interkommunalt:

Luster kommune er med på eigarsida i Sognekraft (knapt 7 %). Selskapet har hovudkontor i Vik, eigen produksjon i Årøy og Vikfalli og nettkonsesjon i Balestrand, Vik, Leikanger og Sogndal. Luster Energiverk eig knapt 13 % i Sognekraft og Luster kommune eig igjen knapt 23% av aksjene i Luster Energiverk.

Luster kommune er, saman med kommunane i Sogn og fylkeskommunen, med på eigarsida i "Sogneprodukter", med hovudkontor i Vik. VTO-plassar og aktivt attføringsarbeid er dei sentrale arbeidsoppgåvene.

Eit tilsvarande arbeidsområde, med fokus på «utdanning for arbeid» har lege under vårt eige "Luster Arbeidssenter A/S". Grunna omlegging i nasjonal politikk med krav til storleik og konkurranseutsetjing av tenestene, vart grunnlag svekka og selskapet er avvikla. Kommunen har eigarskapsmelding. Eigarpolitikk, strategiar og omtale av selskapa der kommunen har eigardelar finn ein i meldinga. Meldinga vert oppdatert årleg.

Kommunereformarbeidet påverkar og vil påverke den interkommunale aktiviteten i åra framover.

Intensjonsavtalen for felles kommune BLS føreset gjennomgang av dei interkommunale løysingane.

Tema

# Lærlingar/ lærekandidatar i Luster kommune

Luster kommune tek samfunns-ansvar ved å ta inn lærlingar og lærekandidatar. Dei bidreg til verdiskaping og framtidig rekruttering av kompetent arbeidskraft.

Luster kommune har over år teke mot mange lærlingar og ført dei fram til fagutdanning. Samanlikna med andre kommunar har aktiviteten vore stor ved at me har hatt mange lærlingar og i fleire år klårt flest lærlingar her i fylket sett opp mot storleiken på kommunen. Kommunen har i fleire samanhengar vorte trekt fram føregangskommune for lærlingarbeidet.

## Aktivitet:

Inn i 2017 hadde me 9 lærlingar/lærekandidatar i ulike fag. Fleire av desse fullførte læretida og tok læreprøven i 2017, nokre fullfører tidleg i 2018. Nokre har hatt/har permisjon av ulike grunnar.

Luster kommune tok hausten 2017 inn nye lærlingar i desse faga:

- *Helsearbeidarfaget* – 3 lærlingar
- *Barne og ungdomsarbeidarfaget* – 2 lærlingar
- *Dataelektronikarfaget/IKT* – 1 lærling
- *Tømrar faget* – 1 lærekandidat

På det meste hadde Luster kommune 14 lærlingar/lærekandidatar i 2017.

## Samarbeid med Sogn Opplæringskontor

Frå 01 mars 2017 er Luster kommune medlem hjå Sogn Opplæringskontor. Dei lyser ut læreplassar, tek i mot og vidareformidlar søknader om læreplass til oss. Dei gir i lag med oss opplæring til våre faglege leiarar og instruktørar. Dei har også ansvar for oppfølging av den enkelte lærling opp mot dei faglege måla i læreplanane samt oppmelding til læreprøve. Utveljing og tilsetjing av lærlingar, organisering av læretida, oppnemning av faglege leiarar og instruktørar m.m. tek Luster kommune seg av.

## Faglege leiarar og instruktørar

Kvar lærling skal ha ein fagleg leiar som føl dei gjennom heile læreløpet. I tillegg skal lærlingen få ein instruktør som gir dagleg oppfølging og rettleiing. Me prøver å bygge opp ei stamme av kompetente faglege leiarar og instruktørar. Slik håpar me det blir attraktivt for einingane å ta i mot lærlingar og attraktivt for tilsette å være fagleg leiar og instruktør. Ikkje minst er dette viktig for å sikre kvaliteten i opplæringa og oppfølginga av den enkelte lærlingen.



Dataelektronikarlærlingane Jon Ivar Buene (t.h.) og Tobias Sæthre som ar lærlingar hjå oss i 2017, bestod fagprøven 13. februar 2018..



Desse fullførde læretida si i 2017 og er klare for arbeidslivet som fagarbeidrarar: F.v. Bent Ole Bolstad (omsorgsarbeidarfaget), Eirik Glendrange (IKT), Sunniva Oppedal (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Linn Therese Skagen (barne- og ungdomsarbeidarfaget) og Ingrid Haukadal (kontor og administrasjonsfaget). Arkivfoto frå 2015.

## Organisering og gjennomføring av læretida

Luster kommune har flest lærlingar innan Dataelektronikk/IKT, barne –og ungdomsarbeidarfaget og helsefaget.

**Dataelektronikar/IKT** lærlingane har base på rådhuset, men jobbar mykje ute i dei ulike einingane.

**Barne og ungdomsarbeidarlærlingane** skal ha læretida si både i barnehage og skule. Det blir laga ein plan for kvar dei skal vere til ei kvar tid.

**Helsefaglærlingane** skal innom ulike deler av helse -og omsorgstenestene. Også for dei blir det laga ein plan over kvar dei skal vere til ei kvar tid. Helsefaglærlingar i Luster kommune skal og ha 6 veker praksis på sjukhus. Det gir viktig kunnskap om spesialisthelsetenesta og samhandling mellom helsetenesta i kommunane og sjukhusa. Sjukehuspraksisen blir organisert av kommunen og gjennomført i samarbeid med Helse Førde.

Einingsleiarane er saman med dei faglege leiarane og instruktørane viktige i inntak, organisering og gjennomføring av læretida.

Læretida er vanlegvis to år. For dataelektronikar/ IKT lærlingar er den 18 månader. Har lærlingen tidlegare relevant praksis/utdanning kan dette gi avkorting i læreida.

50% av tida skal gå til opplæring av lærlingen medan i 50% av tida skal lærlingen skape verdi for bedrifa/arbeidslassen.

Luster kommune vil få stort behov for rekruttering å nye medarbeidrarar dei nærmaste åra. Spesielt gjeld dette omsorgstenesta, men og meir generelt vil behovet for ny

arbeidskraft auke då mange medarbeidrarar nærmar seg pensjonsalder.

I dette arbeidet vil det å ta inn lærlingar og lærekandidatar for å sikra framtidig fagutdanning verta viktig og må prioritertast.



Ingrid Haukadal som tok læreprøve i kontor og administrasjonsfaget 5. august 2017.

**Tema**

# Investeringar og nyanlegg 2017



## Framlegging av VVA til Hyttefeltet Solsida.

Vatn, avlaup og overvatt vart forlenga opp Modvovegen og inn i mot nytt hyttefelt. Dette er utført etter avtale med utbyggjarane av Solsida hyttefelt. Det har og vore moglegheit for andre i området å kople seg til anten med ein gong eller seinare.



## Kombinert pumpestasjon/offentleg toalett Solvorn.

Kloakkpumpestasjonen ved kaien i Solvorn var gammal og skulle utskiftast. Det vart i samband med dette arbeidet bygd eit handicaptoalett i same bygget. Dette vil vere ope heile sesongen for både turistar og badande.



## Uteområdet ved Hafslo barne- og ungdomsskule.

Siste del av uteområdet ved Hafslo barne- og ungdomsskule var ferdig opparbeida til skulestart hausten 2017. Gamleskulen og administrasjonsbygningen blei rivne hausten 2016 etter at nye-skulen var teken i bruk. Ferdigstilling av «rivings-området» med montering av utstyr blei utført sist sommar. På skuleområdet er det også bygt ein klatrepark i regi av Hafslo bygdelag delfinansiert ved hjelp av spelemidlar som nærmiljøanlegg



### Rådhuset.

Innbygging av atrium og oppgradering av tekniske anlegg vart gjort i 2016. I 2017 vart byggjesteg 2 gjennomført på Luster rådhus. Dette arbeidet bestod av nye fasadar med tilhøyrande isolering og utskifting av vindauger. Taket vart isolert og tekka med nytt tak dekke. Når det gjeld fasaden, måtte teglstein gi tapt for keybony kledning, ut frå ei kostnadsvurdering. Sjølv om det var ulike meininger om valget så meiner dei fleste no at resultatet vart flott. I alle fall er det vesentlege bedringar når det gjeld inneklima på rådhuset og det syner på straummålaren. Mindre opprusting av plenar og asfalt skal takast i 2018. Byggjebudsjett på nær 21 mill som samsvarar med plan.



### Jostedal oppvekstsenter, barnehage.

Våren 2017 starta ombygginga av eksisterande del, samt nytt tilbygg på barnehagen i Jostedal. Barnehagen vart ferdigstilt til sommarferien, og tatt i bruk hausten 2017. Tilbygget består av personalrom, kontor, lager og barnevognrom. I eksisterande del vart det gjort om på ein del rom løysingar ilag med generell oppgradering av overflater og tekniske anlegg. Den eksisterande delen består av grovgarderobe, fingarderobe, leikerom, stillerom, wc, stellerom, dame- og herregarderobe. Byggjebudsjett på 4,5 mill.



### Parkeringsplass Krossen.

I kommuneplan, arealdelen er et skreve at området Krossen-Molden er eit viktig friluftsområde som også er ein viktig turistattraksjon. Parkeringskapasiteten på Krossen er ofte for liten og stien oppover bør oppgraderast fleire stader. På bakgrunn av det vart det starta eit arbeide med å utvide parkeringsplassen på Krossen, med ei langsgåande parkeringsfil for m.a. bussar og bilar. Denne utvidinga vil føre til at det skal bli mindre parkering i sjølve vegen og bussar vil få betre snu og parkeringsmoglegheitar. Det er og planlagt vidare utviding for parkering av personbilar



### Parkeringsplass Høyheimsvik.

Luster kommune har bygt ny parkeringsplass i Høyheimsvik. Det står att å setje opp rekksverk, og eventuell asfaltering vert ikkje før neste år. Parkeringsplassen er til bruk for bla. anna badegjester og brukarar av småbåthamna



### Møterom i underetasjen på Lustrabadet.

På Lustarbadet er det i underetasjen innreia eit møterom med tilhøyrande tekniske installasjonar som videokanon i taket med visning på vegg. Utover kontakt til internett kan ein også koble seg opp mot det kommunale nettet.

Rommet er akustisk eit svart bra møterom som også kan nyttast i sosiale samanhengar som t.d. fødselsdagar.

Møterommet kan reserverast hos Lustrabadet.

# Tema

# Kommunen som verksemd

## 1. Tal årsverk og tilsette:

	Pr. 31.12.14		Pr. 31.12.15		Pr. 31.12.16		Pr. 31.12.17	
	Tal	Tal	Tal	Tal	Tal	Tal	Tal	Tal
	årsverk	tilsette	årsverk	tilsette	årsverk	tilsette	årsverk	tilsette
<b>Stab</b>	22,9	25	20,7	26	21	27	19,8	23
<b>Barnehagar</b>	69,36	82	71,23	87	75,55	89	75,36	90
<b>Grunnskular</b>	118,7	133	111,96	128	111,12	128	114,6	126
<b>Helse</b>	20,07	26	21,27	28	22,25	29	22,85	32
<b>Tekniske tenester</b>	50,14	58	49,55	57	50,12	61	48,9	58
<b>Næring</b>	1	1	1	1	1	1	1	1
<b>Landbruk og nat.forv</b>	4,5	6	4,5	6	4,5	6	4,5	6
<b>Bibliotek og kultur</b>	3	5	3,95	5	3,95	4	3,55	4
<b>NAV</b>			1	1	4	4	5,3	6
<b>ATS</b>	6,88	9	6,68	8	6,68	9	6,96	9
<b>Tenestekontor /adm. Omsorg</b>							8,12	10
<b>Felleskjøkken</b>							3,5	5
<b>Hafslø omsorgssenter</b>							30,03	44
<b>Gaupne omsorgssenter</b>							52,05	77
<b>BPA ( brukarstyrt personleg assistent)</b>							2,94	4
<b>Luster omsorgssenter</b>							41,14	57
<b>Grandmo busenter og ressurskrevjande tenester</b>							27,38	37
<b>Luster sjukeheimsteneste *</b>	86,14	118	82,48	125	83,79	134		
<b>Luster heimeteneste *</b>	84,93	135	78,88	111	72,4	115		
<b>SUM TAL ÅRSVERK</b>	<b>289,7</b>	<b>336</b>	<b>453,2</b>	<b>583</b>	<b>456,4</b>	<b>607</b>	<b>468</b>	<b>589</b>

\* avslutta 19.02.17

Nokre arbeider i fleire einingar og kan vere talt to gongar.

## 2. Alder og kjønn

	Alderstrinn:	20 -29		30-39		40-49		50-59		60-69	
		Mann/Kvinne	M	K	M	K	M	K	M	K	M
<b>Tenester</b>											
<b>Stab</b>					1	1	1	3	1	6	3
<b>Barnehagar</b>				5		18	1	24		24	12
<b>Grunnskular</b>			2	5	23	8	35	3	20	3	23
<b>Helse</b>						4	2	7	1	5	2
<b>Tekniske tenester</b>		1				2	1	8	7	9	4
<b>Næring</b>									1		
<b>Landbruk og nat.forv</b>				1		1		2			1
<b>Bibliotek og kultur</b>						1			1	1	1
<b>NAV</b>			1	1	1	1		1	1		
<b>ATS</b>			1					2	2	3	1
<b>Tenestekontor /adm. omsorg</b>				2					1	5	
<b>Felleskjøkken</b>							1	1	1	1	
<b>Hafslø omsorgssenter</b>					9		7	1	12	1	12
<b>Gaupne omsorgssenter</b>			3	1	10	1	13	2	25	2	15
<b>BPA ( brukarstyrt personleg assistent)</b>			2				1		1		
<b>Luster omsorgssenter</b>			4	1	8		6	1	16		20
<b>Grandmo busenter/ressurskrevjande tenester</b>				1	4	6	1	7	4	9	4
<b>Sum</b>			3	19	15	84	16	117	26	137	18
											105

Tabellen alder og kjønn viser at det er svært mange tilsette som er fra 40 år og oppover, og nå kjem dei store kulla for tilsette som er over 60 år. Det vil sia at Luster kommune vil framover få mange seniorar. Det me har erfart dei siste åra er at fleire enn før vel å arbeide utover 62 år, men at ein god del tilsette vel å gå ned i redusert stilling. Luster kommune vil som tabellen viser, ha behov for ny rekruttering innanfor dei fleste arbeidsområda.

### **3. Utviklingsarbeid:**

#### *Heiltid/deltid:*

I hovudtariffavtale er kommunane pålagt å utarbeide retningsliner for heiltidskultur. Ei arbeidsgruppe har laga framlegg til retningsliner for Luster kommune. Desse har vore ute på høyring til organisasjonane. Retningslinene blir lagt fram for Administrasjonsutvalet i 2018.

11 fast tilsette fekk i 2017 auka stilling. 2 av dei fekk den auken dei ynskjer og fleire opp mot den auken dei ynskjer. Frå 20.02.2017 vart det innført årsturnus i pleie og omsorg. Det gir grunnlag til at fleire tilsette har fått og får auka sin stilling.

Kommunen gjennomfører kvart år ei kartlegging av omfang av uønska deltid hjå fast tilsette.

Resultata frå kartlegginga hausten 2017 ser slik ut:

Eining	Stilling	Tal
Omsorg/ATS/helse	Buassistent, sjukpleiar, hjelpepleiar, vernepleiar, omsorgsarbeidar, fysioterapeut, miljøterapeut.	40
Barnehage	Pedagogisk leiar, barnehagelærar og fagarbeidar, assistenter mm	5
Skule	Adjunkt, lektor	9
Teknisk drift /landbruk		2
<b>Totalt</b>		<b>56</b>

Det er i 2017 ein auke i tal fast tilsette med ynskje om auka stilling. Dette trur me skuldast auka fokus på og informasjon om moglegheita til å registrer ynskje om auka stilling.

Det vert arbeidd kontinuerleg for å gje fast tilsette større stilling. Fleire kunne fått slikt tilbod om dei ville takke ja til å arbeide andre stader enn der dei alt jobbar. Det er ei utfordring.

Tala frå kartlegginga i 2017 syner at totalt 56 fast tilsette ynskjer utvida stilling.

#### *Kompetanseutvikling:*

Det vert gjennomført tiltak for kompetanseutvikling på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjennomført mange tiltak, alt frå deltaking på kort kurs/seminar, webinar og større etter/vidareutdanning. Det vert og lagt vekt på "dagleg" læring på arbeidsplassen og interne kurs.

I enkelte einingar avdekka medarbeidarundersøkinga ynskje om kompetanseheving som kan gjennomførast med eigne krefter. Fleire slike kurs/tiltak er gjennomført i 2017.

Einingsleiarar blir oppmoda om å få meg seg Arbeidslivssenteret sine korte webseminar med ulike aktuelle tema for alle med leiar og personalansvar. I

tillegg deltek mange i fagnettverk og hospitering kan og gjennomførast. I sum er aktiviteten god.

Tiltak som vert gjort i/av einingane er skildra under det einskilde tenesteområde. Av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

#### *Fellestiltak:*

- Ulike tiltak for leiarutvikling.
- Opplæring i gjennomføring av vernerunde.
- Opplæring i oppretting og vedlikehald av stoffkartotek og datasystemet for oppfølging
- Temadag om partssamarbeid, avtaleverket.
- Opplæring til einingsleiarar, faglege leiarar og instruktørar som har lærlingar
- Generell IKT opplæring.
- IA samlingar i samarbeid med NAV, Arbeidslivssenteret og andre verksemder i Luster.
- Introduksjonsseminar for nytilsette.

## Helse og omsorg:

- 3 hjelpepleiarar og 1 miljøterapeut er i vidareutdanning i demensomsorg på fagskule.
- 2 sjukepleiarar avslutta vidareutdanning i akutt sjukepleie.
- 1 sjukepleiar avslutta vidareutdanning i demensomsorg.
- 1 sjukepleiar er i vidareutdanning i psykiatri.
- 2 psykiatriske sjukepleiarar starta opp vidareutdanning i studiet «Rask psykisk helsehjelp»
- 1 klinisk vernepleiar starta opp vidareutdanning i studiet «Rask psykisk helsehjelp»
- Interne fagseminar og fagmøter.

## Oppvekst:

### Skule

Gjennom Kompetanse for kvalitet-ordninga støtta av Utdanningsdirektoratet har 10 lærarar fullfört formell vidareutdanning våren 2017:

1 tilsett har teke vidareutdanning i engelsk 1 1.-7. trinn (30 studiepoeng)

2 tilsette har teke vidareutdanning i norsk 1 1.-7. trinn (30 studiepoeng)

1 tilsett har teke vidareutdanning i norsk 2 1.-7. trinn (30 studiepoeng)

1 tilsett har teke vidareutdanning i norsk 2 5.-10. trinn (30 studiepoeng)

1 tilsett har teke vidareutdanning i matematikk 1 1.-7. trinn (30 studiepoeng)

2 tilsette har teke vidareutdanning i matematikk 2 1.-7. trinn (30 studiepoeng)

1 tilsett har teke vidareutdanning i matematikk 1 5.-10. trinn (30 studiepoeng)

1 tilsett har teke vidareutdanning i samfunnsfag (30 studiepoeng)

I tillegg har 5 tilsette i skulen teke vidareutdanning i rettleiing og mentorutdanning 1 + 2 (30 studiepoeng)

Skuleåret 2017/18 er 7 lærarar i gang med formell vidareutdanning gjennom Kompetanse for kvalitet-ordninga.

Desse fullfører studia sine våren 2018.

### Barnehage

1 barnehagestyrar byrja på styrarutdanning hausten 2017

5 tilsette byrja hausten 2017 med nettkurset om språkutvikling til DysleksiNorge

### Organisasjonsutvikling:

Omsorgstenesta fekk ny organisering frå vinteren 2017. Dette førte til ny einingsstruktur, nye leiarar og endringar

i brukarretta tilbod. Omstillinga er godt i gang og går som planlagt.

Det er gjennomført brukar og pårørande undersøking ved ein omsorgsinstitusjon i 2017 med jamt over gode resultat. Resultata frå slike undersøkingar blir brukt i den vidare utviklinga av organisasjonen, leiarar og tenestetilbodet.

Organisasjonsutviklingsprosess for rådhuset starta opp hausten 2017 og blir idareført i 2018.

Det vert arbeidd kontinuerleg med organisasjonsutvikling innan alle tenesteområde. Noko av dette er skildra særskild i teksten under det einskilde tenesteområde. Ein viktig del er vidareutvikling og vedlikehald av ny teknologi og nye IKT løysingar. Eit døme er elektronisk meldings-utveksling mellom pleie-/omsorgstenesta, helse og sjukehus. Andre døme er *telemedisin* der ein kan kommunisere direkte med sjukehus/spesialist via skjerm på legekontor eller i korttidsavdelinga, og E-portal/digital kontakt mellom pasientar og legekontoret. Det vart i 2015 starta eit utviklingsarbeid i høve *velferdsteknologi* og dette har halde fram både i 2016 og 2017.

### HMT/BHT/IA:

Det vert gjennomført HMT-/BHT/IA tiltak på to nivå: overordna og i einingane. Alle tiltak som vert gjort i einingane vert ikkje nemnd her, men av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

- STAMINA gjennomførte kurs i vernerunde for VO og leiarar.
- Det er gjennomført to kurs om stoffkartotek for einingsleiarar og verneombod.
- Tilbod om influensavaksine til alle tilsette. 100 tok vaksinen i 2017.
- Førstehjelpskurs i fleire einingar.
- Tilbod til tilsette ved Luster treningsenter. Treningsopplegg/ behandling inntil 3 md. som eit førebyggjande/restaurerande tiltak. 10 tilsette deltok.
- Arbeidsplassvurderingar har vore gjennomført i regi av Stamina Helse.
- Søkt og fått fleire tilretteleggingstilskot frå NAV til førebyggjande og reparerande tiltak.
- Tett oppfølging av sjukmelde i tråd med retningsliner.
- I staden for julegåve til alle tilsette vart det gjeve ei pengegåve til humanitære formål.

## 4. Årshjulstiltak:

### Leiardialog og medarbeidarsamtalar:

Gjennomført som føresett i årshjul. Frekvens på ordinære medarbeidarsamtalar er anna kvart år. Det skal vere tilbod om samtale til dei som ber om det kvart år og seniorsamtalar skal gjennomførast kvart år.

# Medarbeidarundersøking - 2017



**10** KS' medarbeiderundersøkelse



KOMMUNEFORLAGET

Faktor	Snitt Luster	Snitt Norge
Oppgåvemotivasjon	4,0	4,3
Meistringstru	4,1	4,3
Sjølvstende	4,0	4,2
Bruk av kompetanse	4,0	4,2
Meistringsorientert leiing	3,8	3,9
Rolleklarheit	4,0	4,3
Relevant kompetanseutvikling	3,6	3,7
Fleksibilitetsvilje	4,2	4,5
Meistringsklima	3,8	4,1
Nytteorientert motivasjon	4,5	4,7
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,0</b>	<b>4,2</b>

## Vernerundar:

Våren 2017 vart det gitt tilbod til einingsleiarar og verneombod om opplæring i regelverk og gjennomføring av vernerunde. Mange tok i mot tilboden. Etter dette vart det i stor grad gjennomført vernerunde i dei ulike einingane. Nokre einingar treng framleis ekstra oppfølging for å gjennomføre dette. Det elektroniske skjemaet er ytterlegare justert i 2017.

## Medarbeidarundersøking:

Det vart i januar/februar 2017 gjennomført medarbeidarundersøking blant fast tilsette i heile organisasjonen. KS sitt nye opplegg – 10-faktor – vart brukt. Det vart lagt stor vekt på informasjon til tilsette, leiarar og tillitsvalte i forkant av undersøkinga.

Det var store einingsvise skilnader i deltakinga med lågast deltaking innan omsorg. Dette kan mellom anna skuldast at omsorgstenestene på dette tidspunktet var starta med ein krevjande omorganiseringsprosess. Til saman 72% av dei fast tilsette svara på undersøkinga. Det vart ikkje avdekkja store utfordringar i arbeidsmiljøet. Resultata syner at det er ulike utfordringar i ulike einingar. Einingsleiarane er pålagt å gå gjennom resultata saman med sine tillitsvalte og tilsette, i lag velje ut område dei vil jobbe med og forme ut tiltak. Rådmann fyl opp og vektlegg dette i medarbeidarsamtalar, på leiar samlingar og i oppfølginga med den enkelte einingsleiar.

## 5. Rekruttering:

### Lærlingar:

Frå 01. mars 2017 samarbeider Luster kommune med Sogn opplæringskontor om oppfølging av lærlingar/læreandidatar.

Luster kommune har i 2017 teke inn 7 nye lærlingar/læreandidatar. Alle som gjennomførte læreprøve i 2017 bestod læreprøven.

Alle faglege leiarar, instruktørar og einingsleiarar som har lærlingar har fått tilbod om opplæring i sin

rolle, ansvar og det digitale oppfølgingsverktøyet som blir brukt.

Kommunen si satsing på lærlingar er etter rådmannen si vurdering viktig og god i høve samfunnsansvar, verdiskaping og rekruttering. Lærlingkostnaden er ca. 150.000 pr. år/lærling, Jf eigen omtale side 10-11.

### Sysselsetting /arbeidsutprøving/språkpraksis:

Det var i 2017 god aktivitet i samband med sysselsetting/

arbeidsutprøving for personar som av ein eller annan grunn strevar med å kome inn på eller har falle ut av det ordinære arbeidslivet. Mange deler av den kommunale organisasjonen tek i mot personar som treng sysselsetjing/utprøving/språkpraksis. I tillegg får mange eit tilbod ved ATS.

Kommunen har samarbeida med NAV, Sogneprodukter og Fretex om slike tiltak. NAV gjev tilskot til kommunen ved slike utplasseringar, medan Sogneprodukter og Fretex vanlegvis ikkje gjev tilskot.

Arbeidsutprøving/språkpraksis for flyktningar er ein del av det toårige introduksjonsprogrammet. Vedtak om busetjing fører til at ulike kommunale einingar og må stille opp med arbeidspraksis/språkpraksisplassar.

### Sommarjobbar for 16- og 17 åringer:

Kommunen etablerte i 2007 ei ordning med sommarjobbar for 16- og 17-åringar. 10 ungdomar vart tilsette i sommarjobbar i kommunen i 2017, fordelt på barnehagar, omsorgstenesta og teknisk drift. Samla utgift ca. kr 225 000.

### Seniorpolitikk og livsfasetilpassing:


Arbeidet med å auke pensjonsalderen fekk meir tyngde etter at det i 2007 vart teke i bruk eigne seniortiltak. Seniortiltak vert gitt i form av ei fri-veke med løn. I 2017 nyttta totalt 56 tilsette seg av dette.

### Pensjon:

8 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2017. Dette er ein stor auke frå 2016 og ein ser at dette er i takt med alderssamsetjinga. Alderspensjon vart teke ut av 6 personar (KLP) som og er ein auke frå 2016. 8 fekk innvilga heil eller gradert uførepensjon frå KLP/SPK. Dette er ei dobling frå 2016. Nokon av desse fekk arbeidsavklaringspengar frå NAV i kortare eller lengre tid (personar som har vore sjukmelde i 1 år). Dei fleste av desse personane har søkt sjukepermisjon utan løn i inntil eitt år, etter dei kommunale reglane.

## 6. Sjukefråvær:

Tabellen under viser gjennomsnittleg sjukefråvær i % samanlikna med KS-området:



Som IA-verksemde arbeider kommunen aktivt med førebygging og oppfølging av sjukmelde. Målet er at sjukefråværet i kommuneorganisasjonen ikkje skal vere over 6,5 %. Resultatet for 2017 på 6,6% er ein liten oppgang frå 2016, men me har gode resultat jamført med kommunesektoren ellers. Det er sett eigne styringsmål for sjukefråværet pr. tenesteområde, og ein kan sjå både mål og resultat for 2017 i dei ulike styringsmåltabellane.

## 7. Likestilling – likeløn:

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har løn i høve til sentralt fastsett minsteløn/stigar, ev. med endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane. Ved tilsetting i einskilde stillingar vert det gjeve ”løn etter avtale”. Det vert her teke omsyn til generelt løsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå sokjar osv. I serskilde tilfelle vert øg løn nytta for å rekruttere, behalde og stabilisere kritisk kompetanse.

### Stillingar i HTA kap 4 - sentral lønsfastsetjing + lokale lønsforhandlingar:

Ca. 90 % av dei tilsette kjem inn under HTA kap. 4 Lønsplassering for desse er lik for kvinner og menn. I nokre stillingskodar i HTA kap.4 er det stor grad av lokal lønsfastsetjing. Dette gjeld særleg fag- og arbeidsleiarstillingar i omsorg, teknisk drift, og sakshandsamarstillingar. Gjennomsnittsløna i desse gruppene tilnærma lik for kvinner og menn.

### Stillingar i HTA kap. 5 - berre lokal lønsfastsetjing:

Dette gjeld sakshandsamarstillingane (8084) Ingeniør og (8530) Rådgjevar (lekestillingar er her haldne utanfor). I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn og kvinner like.

### Leiarstillingar – HTA kap. 3 - berre lokal lønsfastsetjing:

Dette gjeld einingsleiarstillingane/leiarar (9451), (9440) og (9951) Rektor. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik.

Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde.

I 2017 gjennomførte vi lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3, 4 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 var retningsgjevande. Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved oppgjeret i 2017 ikkje har endra lønsforholda mellom kvinner og menn.

## Stillingsstorleik mann og kvinne:

Tabellen under syner tal menn og kvinner i forhold til stillingsprosent:

	Kvinner		Menn	
	2016	2017	2016	2017
1-49,99%	48	31	6	0
50-99,99%	287	177	25	9
100%	145	163	71	83

## Leiarstillingar – kjønnsfordeling:

Overordna leiing er mannsdominert med rådmann og to kommunalsjefar som alle er menn. Når det gjeld einings-, stabs- og fagleiarar er det 12 menn og 18 kvinner.

Kjønnsfordelinga er skeiv ved at mange leiarar innan oppvekst og omsorg er kvinner medan menn dominar stabsområda.

## Permisjon/ redusert stilling:

	Kvinner		Menn	
	Foreldre-permisjon	Redusert stilling	Foreldre-permisjon	Redusert stilling
2017	27	32	4	1

Foreldrepermisjon er fødselspermisjon med løn og utvida foreldrepermisjon utan løn.

## 8. Arbeidsmiljø og ytre miljø:


Luster kommune arbeider systematisk og breitt for å sikra eit godt arbeidsmiljø og «god miljøtilstand» ytre miljø. I det systematiske arbeidet for å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg måling og oppfølging av sjukfråvær, vernerundar, medarbeidarsamtalar, arbeidsplassvurderingar, individuell tilrettelegging, inneklimamålingar, vedlikehald av stoffkartoteket, HMT-økter i tenesteeiningane, avviksrapportering samt ei større nearbeidardundersøking kvart 2. år. Kartleggingane vert fylgt opp med konkrete tiltak på ulike nivå og med ulik tidshorisont.

Det er rådmannen si oppfatning at arbeidsmiljøet generelt er godt i organisasjonen.

Også når det gjeld det ytre miljøet er det fokus på å sikra god miljøtilstand.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.




NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

Kommunestyret:	25
Formannskap/næringsutval:	7
Plan- og forvaltningsstyre:	7
Adm.utval:	3 + 2
Kontrollutval:	5

## Folkevalde

### Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommunestyrerrepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.



### Overordna mål:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdss prosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggi til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafor gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome fra kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Eldrerådet (6 møte), rådet for menneske med nedsett funksjonsevne(6 møte), brukarutvalet for samhandlingsreforma(6 møte) har hatt fellesmøte og separat opplegg etter «ny» modell som har fungert godt. Dei oppsummerer arbeidet i eigne årsmeldingar. Det same gjeld ungdomen sitt kommunestyret(3 møte.) og kontrollutvalet(5 møter).

### Særskilt om 2017:

- Gjennomført *Stortingsval* med høg valdeltaking, 82,2%.
- *Kommuneanalyse*. I budsjettarbeidet for 2017 vart det vedteke å gjere ein større gjennomgang av den kommunale drifta. Det har vore gjennomført 2 større analysearbeid: Kostra-analyse for Luster kommune i regi av KS-konsulent og Skulestruktur-grunnlagsarbeid, i regi av Telemarksforskning. I tillegg vart det vedteke å førebu utviding av eigedoms-skatteordninga til allmen eigedomsskatt. Tiltaka vart vedtekne som lekk i arbeidet med å vurdere tiltak for å betra balansen i kommuneøkonomien.

Resultata av desse arbeida er drøfta i temamøta i kommunestyret, jf nedanfor, og tekne vidare i budsjett og økonoplanarbeidet hausten 2017.

### Temamøte/besøk og synfaringar:

- Temamøte om partssamarbeid 17. februar, m/eksterne innleiarar frå KS og Fagforbundet.
- Temamøte om Kostraanalyse i april. KS konsulent v/ Håvard Moe var innleiar.
- Temamøte om kommuneøkonomi i juni
- Temamøte om oppvekst i september

### Større politiske saker:

- Vedteke nytt politisk delegeringsreglement etter digital modell.
- Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring
- Vedtok detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslø.
- Vedtok reguleringsplan for Dale sentrum.
- Vedtok reguleringsplan for Gaupne brannstasjon.
- Vedtok reguleringsplan for Botn, Hafslø.
- Vedtok reguleringsplan for Sogn motorsportsenter, Leirmoøygarden.
- Vedtok reguleringsplan
- Vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2029.
- Arne Johannessen vart friteken frå politiske verv. Emma Nyløy fekk innvilga fritak frå plan- og forvaltningsstyre.
- Gjennomførte årleg val til Lustrabadet KF
- Gjennomført fleire suppleringsval etter fritak og flytting frå kommunen.
- Fornya avtale med PricewaterhouseCoopers om kjøp

## Aktivitet 2017:

Oversikt over politiske møte og saker:

Utval / år	2014		2015		2016		2017	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	82	9	92	10	76	6	72
Formannskapet	16	156	13	141	16	112	16	125
Plan-/forvalningsstyret	10	86	8	61	7	65	6	71
Klagenemnda	1	4			1	1	1	1
Administrasjonsutvalet	2	7	3	14	3	7	3	15
Kontrollutvalet	5	20	5	22	5	18	5	19
Sakkunnig nemnd for egedomsskatt								5

av sekretariatstjeneste til kontrollutvalet.

- Vedtok ombygging av yrkesskulebygg 1 til Friskhus. Kostnadsramme 12,5 mill kr.
- Vedtok korleis borgarleg vigsel skal gjennomførast når kommunen overtek ansvaret frå januar 2018.
- Fekk gjennomgang av tilstandsrapporten for oppvekst, og tok den til orientering.
- I samband med innføring av egedomsskatt er det valt sakkunnig nemnd og klagenemnd. Kommunestyret vedtok i budsjettmøtet, des.-17, at det vert innført egedomsskatt i heile kommunen frå og med skatteåret 2018.


Sakkunnig nemnd for egedomsskatt har arbeidd med retningsliner for verdsetjing/taksering av egedomar i Luster kommune.

### Høyringssaker:

- Regional plan Sogn Regionråd
- Endringar i rutetilbod ekspressbåt Sogn - Bergen
- Regional transportplan

### Avvik:

Det har ikkje vore gjennomgang av reglement for kommunestyret og andre utval slik planen for 2017 var. Målsetjing om å få dette gjennomført i 2018.




### Økonomisk resultat


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
100	Folkevalde	3034	3196	-5,1	4449
	<b>Sum</b>	<b>3034</b>	<b>3196</b>	<b>-5,1</b>	<b>4449</b>

100) Stortingsvalet er utgiftsført med direkte utgifter i overkant av 100.000 mot budsjettet 188.000. Driftsnivået, politisk, er litt lågare enn tidlegare, og med noko mindre bruk av «dagtid» til møter noko som reduserar møteutgifter/kompensasjon for tapt arbeid.

(Rekneskap 2016 hadde større «Kostrafeil» m/føring av tilskot løyvd av kommunestyret og er ikkje direkte samanliknbart.)



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2015	20,7
2016	21,0
2017	19,8

# Administrasjon

## Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og stabseiningane. Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur, omsorg og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område, og desse vert omtalt der dei fagleg høyrer til.

## Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Arbeide med å forenkle rutinar, prosessar og planarbeid.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

## Tenester og oppgåver - generelt

110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

## 120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi, IKT og kvalitet og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitets-systemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga. Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, facebook, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med internoplæring, opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i staben.

## 121 Eigedomsforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin eigedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal eigedom er samla på budsjettkapitlet.

## 130 Administrasjonsbygningar

Drift av rådhuset.

## 170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon. Etter nytt prinsipp vert denne utlikna i null kvart år.

## Styringsmål 2017

Styringsmål	Datakjelde Luster	Status		Mål 2017	Resultat 2017
		Landet	Landet		
B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / ESA sak og arkiv	-	-	0
B	Tal klagesaker m/omgjerdingsvedtak	Registrering	0	0	0
Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	93%	<100%	96,6%
M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6), siste status er 2014	Betre Kommune	5		4,2
M	Sjukefråvær, siste status 2015	Fråværsstatistikk	2,6	<2,3	5,2

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, (ny undersøking i 2017, ikke samanliknbar med tidlegare) Ø = Økonomimål

### 180 Diverse fellesutgifter

Her er budsjettet reserve lønsoppgjer og generelle tillegg/reserveløyvingar. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar.

#### Aktivitet 2017:


- «Luster 2020» er nytta som arbeidstittel på eit større prosjekt for å betre økonomibalansen i storleiksordenen 20-25 mill innan 2020 budsjettet. Arbeidet starta med større analysearbeid Kostra, vurdering av skulestruktur og utviding av eigedomsskatteordninga. Etter generell Kostra-analyse for heile drifta er arbeid videreført med ein eigen Kostra-analyse omkring dei administrative tenestene. Arbeidet på alle desse områda er teke inn i budsjett-/øp-arbeidet for 2018 med budsjettmål omkring innsparingar og auka inntekter.

- Administrasjonen har arbeidd opp mot den sakkunnige nemnda for eigedomsskatt, gjennomført anbodskonkurranse for taksering og elles førebudd innføring av utvida eigedomsskatt frå 2018.


- Det vart gjennomført medarbeiderundersøking ved hjelp av nytt KS-verktøy; 10-faktor. Det var bra oppslutnad, 72%. Resultata er og bra, men litt lågare

enn snittet for kommunane som har brukt same undersøkinga. Rådmannen tek innover seg at me framover må ha fokus på leiing, arbeidsmiljø og kompetanseheving.

- Gjennomført brukarundersøking i omsorg og skule.
- Avlevert arkiv til arkivdepot på fylkesarkivet, formannskapet 1963-78.
- Informasjonsavisa Lustranytt har framleis prioritet, og vart gjeven ut 2 gonger til alle husstandar og abonnementar utanfor kommunen.
- Rådmannen har interninformasjon i organisasjonen til alle tilsette med informasjonsbladet «Nytt Under Storen». Informasjonen er også tilgjengeleg på heimesida.
- Arbeidet med å utarbeide lønspolitisk plan starta opp i 2017. Vedtak i 2018.



- Arbeidet med å revidere strategi for rekruttering og kompetanseutvikling starta i 2017 Det er føresett vedtak i 2018 og at strategien får verkeområde 2018-21.
- Arbeidet med finansreglement/ økonomireglement har teke lengre tid enn føresett. Det vart i 2017 førebudd ei hastesak for kommunestyret på plassering av ledig likviditet. Inntil 50% av kommunen sine langsiktige midlar kan plasserast i aksjefond. Dette gjeld fram til nytt reglement vert vedteke.
- Bidrege i kontrollutvalet og kommunestyret sin forvaltningsrevisjon: økonomi- og prosjektstyring.
- Luster arbeidssenter A/S er avvikla, eigenkapital ved avvikling 1,2 mill er sett på fond for å nyttast til tiltak innan rekruttering, kompetanseutvikling, kvalifisering.
- Arbeidet med renovering av rådhuset, ny fasade og oppgradering av tekniske anlegg vart fullført.




## Økonomisk resultat


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
110	Revisjon og kontrollutval	850	1034	-17,7	809
120	Administrasjon	25319	25104	0,9	24896
121	Eigedomsforvaltning	1328	1345	-1,3	2118
130	Administrasjonsbygg	1260	1269	-0,7	1020
170	Premieavvik i år	-5029			-2347
171	Premieavvik tidl. år	2377			294
172	Pensjon	48	50	-4	40
180	Diverse fellesutgifter	-101	1001	-	65
	Sum	<b>26052</b>	<b>29803</b>	<b>-12,5</b>	<b>26895</b>
		(28704)		(-3,4)	

170/171 Resultat premieavvik er ikkje budsjettert og kan sjåast vekk frå i denne samanheng.

110) Ikkje oppstarta nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2017 har gitt reduserte utgifter. 180) Tilleggsloyving ikkje nytta.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2015	183,20
2016	186,67
2017	189,96

# Oppvekst

Tenesteområde oppvekst er organisert med barnehage, skule og SFO. Det er tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO. I tillegg er det tre reine grunnskular; Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Veitastrand skule er administrativt knytt til Hafslo barne- og ungdomsskule medan Veitastrand barnehage er organisert som ei avdeling under Gamlestova barnehage.

PPT Luster gjekk frå 1. januar 2016 inn i den nye fellesstenesta Sogn PPT med Sogndal som vertskommune. Dei andre samarbeidskommunane i den interkommunale tenesta er Aurland, Leikanger, Sogndal og Vik.

Staben i tenesteområdet Oppvekst er representert gjennom kommunalsjef oppvekst (100 % stilling), pedagogisk konsulent for barnehage (80 % stilling) og communal ressurslærar IKT (20 % skuleåret 2017/18).

## Barnehage

### Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova (2011, s.9) i §1:

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrifheit, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»*

I tillegg til barnehagelova er den nasjonale rammeplanen

styrande for barnehagedrifta. Ny rammeplan for barnehagane vart gjort gjeldande frå august 2017.

Luster kommune sine overordna mål er å:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter
- gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa og som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, leik og læring som sentrale deler
- leggja til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs. gjera seg nytte av nærmiljøet og naturen
- styrkja det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving av personalet
- syta for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar

### Tenester og oppgåver

#### Barnehage

Tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO – Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn. Barnehagen på Veitastrand er administrativt lagt under Gamlestova barnehage.

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen har også suppleringsopptak frå 1. januar. Bemanningssituasjonen er god og stabil, det kan i periodar vera nokre utfordringar med å skaffa vikarar.

#### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar for at det skal vera gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt

kvalitetssystem for overgang barnehage-skule. Desse prosedyrane vert også teke opp til drøfting og revisjon på styrar-rektormøte.

### *Tverrfagleg samarbeid*

Barnehagane samarbeider med nærmaste skule, andre barnehagar, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT når det gjeld utgreiing og oppfølging av enkeltbarn og grupper. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) har to møter i året. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til dei best moglege tilboda.

I tillegg deltek pedagogisk konsulent barnehage som fast representant for Oppvekst i det tverrfaglege forumet Familieforum der Helsestasjonen, psykisk helseteam, møter fast i tillegg til at PPT, Sogn barnevern og BUP møter ved høve.

Barn med særskilde behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskild støtte ut frå eigne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet «Saman for barn og unge». Det er utarbeidd ei handbok for tverrfagleg samarbeid.

### *Språkutvikling og lesing*

Barnehageåret 2017/18 er språkutvikling og lesing hovudsatsingsområde for barnehagane i Luster. Luster kommune har status som språkommune i perioden august 2017 – desember 2018, og er i gang med omfattande kompetanseheving for dei tilsette for å sikre god språkutvikling for alle barna.

Det er tidlegare etablert kommunalt fagnettverk for barnehagepedagogar og lærarar på 1.-2. trinn om den første leseopplæringa i samarbeid med Statped Aust. Denne organiseringa er ført vidare i 2017/18 med dei to utdanna språk- og leserettleiarane i kommunen og ein barnehagestyrar som fagleg ansvarlege for nettverket. Det er ein stor fordel at pedagogar i barnehage og skule møtest for erfarringsdeling og for å drøfta vidare fagleg utvikling.

Barnehageåret 2017/18 tek 5 pedagogar nettkurset «Barn og språk» arrangert av Norsk nettskole i samarbeid med Dysleksi Norge. Kurset gjev ei grundig innføring

i korleis barn utviklar språket sitt og korleis ein kan førebyggje lese- og skrevevanskar. I tillegg til desse kommunale tiltaka har kvar barnehage også sett opp eigne mål og tiltak når det gjeld språkutvikling og lesestimulering.

### *Regionale nettverk*


Minst to tilsette frå kvar barnehage deltek i regionale fagnettverk. Det er eitt nettverk for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen + eit styrarnettverk. Luster har ansvar for å驱va nettverket Etikk, religion og filosofi med 2 – 3 samlingar kvart år. Pedagogisk konsulent barnehage er Luster sin representant i arbeidsgruppa for dei regionale fagnettverka for barnehagane, og representerer i tillegg barnehagane i programstyret for System for styrka læring, Sogn regionråd sitt fellesprogram for barnehagane og skulane i regionen.

### *Oppvekstbibliotek*

Som ein del av satsinga på oppvekstbibliotek har barnehagane i Luster etablert mini-utlån av bøker i garderoberområdet i barnehagen. På denne måten er det enkelt for barn og føresette å låna med seg bøker.

### *Psykisk helse*

Dei fleste barnehagane nyttar opplegget «Kule krabatar leikar», og har etablert eigne rutiner for å førebyggje angst hjå småbarn. Dette har komme som eit resultat av at nokre av barnehagane har delteke i eit forskningsprosjekt om angst hjå småbarn i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet har vorte teke godt i mot i barnehagane og sett på som eit nyttig hjelpemiddel i førebygginga av angst hjå små barn. Det er laga kurs- og rettleiingsmateriell som alle barnehagane i kommunen kan gjera seg nytte av. Ressursperson ved HiSF har også delteke på personalmøte i alle barnehagar for å skulere dei tilsette.



Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.17:

Barnehage	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Gaupne	107	108	108	108	108
Hafslø	59	60	60	60	58
Luster	28	29	28	28	28
Gamlestova	64	63	65	65	62
Jostedal	24	24	22	24	23
Solvorn	13	13	9	12	8
Skjolden	18	18	16	18	17
Indre Hafslø	35	32	34	34	31
Veitastrond	15	15	15	15	Stengt
<b>Sum</b>	<b>348</b>	<b>360</b>	<b>339</b>	<b>352</b>	<b>324</b>

#### Årsverk og tilleggsressursar

Endringar i tal barn, tal årsverk og tilleggsressursar (spesialpedagogiske tiltak) frå 2016/2017 til 2017/2018 per. 15.11.2017 er slik:

Barnehage	Barn 2016	Barn 2017	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Spes.ped. 2016	Spes.ped. 2017
Gaupne	77	85	19,4	19,4	1,10	1,51
Hafslø	46	45	11,0	11,0	0,44	1,11
Luster	24	25	5,5	5,50		0,44
Gamlestova	50	47	12,0	12,0	1,10	1,29
Jostedal	14	20	4,15	4,38		0
Solvorn	11	9	3,35	3,35		0
Skjolden	15	14	3,35	3,35		0,90
Indre Hafslø	24	27	6,5	6,50		0,43
Veitastrond	8	11	2,0	2,40	1,07	0
<b>Totalt</b>	<b>269</b>	<b>283</b>	<b>67,25</b>	<b>67,88</b>	<b>3,71</b>	<b>5,68</b>


Pr. 15.11.17 har 283 barn barnehageplass. Av desse får 9 barn spesialpedagogisk hjelpe.

Barnehageåret 2017/2018 har lustrabarnehagane ein personalressurs på 67,68 årsverk innan ordinær drift og 5,68 årsverk innan spesialpedagogisk hjelpe og generelle styrkingstiltak, totalt 73,36 årsverk. Det er fleire barn som mottekk spesialpedagogisk hjelpe i 2017 enn i 2016, men ressursen til denne typen tiltak er samla sett noko lågare.

#### IKT

Barnehagane fekk i 2017 ekstra ressursar til IKT-utstyr i den einskilde barnehage. Desse midla vart bruk til etablering av trådlause nettverkspunkt. Fram til no har det vore lite satsa på IKT til pedagogisk bruk i barnehagane, men dette vil truleg endre seg framover.

Administrativt dataverktøy Visma Barnehage vart teke i bruk frå januar 2017. Systemet fungerer bra, men Visma arbeider med Visma Flyt Barnehage som vil avløyse det gamle systemet i løpet av 2018/2019.



### Symjing

Også i 2017 har mange av barnehagane motteke tilskot frå fylkesmannen for å gjennomføre vasstilvenjing og symjeopplæring for dei eldste barna i barnehagen. Dette føregår i bassenga i Gaupne, Skjolden og Jostedal.

### Barnehageplassar

Ved hovudopptaket for 2017 var det solide søkartal i alle

barnehagar, og det er opp mot fullt i dei fleste av barnehagane utifrå noverande bemanning. Per 1. november 2017 er det nokre ledige plassar i barnehagane i Solvorn, Indre Hafslo, Luster og Veitastrond.

Frå august 2017 er det nye nasjonale forskriftsendringar som seier at barn i barnehagane skal telje for 2 plassar

### Barnehage

Styringsmål Luster			Datakjelde Landet	Status		Mål 2018
Felles						
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	1	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2017 Visma	x	x	X
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt 3 barnehagar)	BedreKommune 2017	4,2		4,3 (2019)
	M	Sjukefråver - barnehage	Fråversstatistikk (2015)	8,9 %	-	5,5 %
Barnehage	B	Oppmøteporsent på foreldremøte haust	Registrering 2016	70 %	-	90 %
	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	5,2	5,2
	B	Andel styrarar og leiarar utan pedagogisk utdanning	SSB	0 %	-	0 %
	B	Andel assistenter med relevant utdanning	SSB	27,2 %	24,4 %	27 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
201	Barnehage	33638	33 356	-0,8%	33473
211	Styrka barnehagetilbod	3559	3 812	6,6%	3261
221	Barnehagelokale	3030	2 958	-2,4%	2862
	<b>Sum</b>	<b>40 227</b>	<b>40 126</b>	<b>-0,25%</b>	<b>39 596</b>

### Tiltak 2017 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2017

fram til august det året dei fyller 3 år. Dette gjer at suppleringsopptaket med verknad frå 01.01.2018 vil bli meir kostnadskrevjande, eller at fleire barn ikkje vil få barnehageplass i januar, og må vente til august 2018. Det vil likevel bli gjennomført suppleringsopptak der fristen for å søkje går ut 15. november. Opptaket er avhengig av ledig kapasitet i den einskilde barnehage. For Gaupne barnehage er det planlagt ei enkel oppgradering som vil gje seks nye plassar frå 1. januar 2018. Det må då tilsetjast ein barnehagelærar i 100 %.

## Aktivitet 2017

- Deltaking i den nasjonale satsinga språkommune: Språkutvikling og lesing som felles satsingsområde for alle barnehagane, kurs om språkutvikling og den gode samtalet med tilskot frå Fylkesmannen
- Lokalt fagnettverk barnehagelærarar og lærarar på 1.-2. trinn om den første lese- og skriveopplæringa
- Vidareføring av prosjektet Angst blant småbarn – psykisk helse i samarbeid med HiSF
- Nye barnehageadministrative system teke i bruk, Visma Barnehage og Notus
- Tilbygg og ombygd del av Jostedal barnehage er teke i bruk
- Ekstraløyving til IKT-utstyr i barnehagane
- Symjeopplæring for dei eldste barna i barnehagen med tilskot frå Fylkesmannen
- Språk- og songkurset Toneskrinet støtta av Folkeakademiet
- Arbeidsgruppa for etikk, religion og filosofi presenterte arbeidet sitt på fagdag arrangert av Fylkesmannen
- Implementering av ny nasjonal rammeplan gjeldande frå 1. august 2017
- Barnehagane arbeidde i tillegg med eigne faglege satsingar utifrå lokale prioriteringar

## Grunnskule

### Overordna mål

- Arbeida for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat
- Arbeida systematisk med både den første og den andre leseopplæringa – korleis lese for å læra – og skriving som grunnleggjande dugleik på tvers av fag.
- Auka kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskjar hjå elevane
- Flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisinga
- Gje skulefritidstilbod (SFO) til elevar på 1.-4. klassesteg så langt som mogleg ved heimeskulen
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarar/flyktningar
- Tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å

betra fag- og kompetansegrunnlaget i lustraskulen

- Oppretthalda ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet

### Tenester og oppgåver – generelt

#### 202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanar.

Det er 669 elevar i grunnskulen i Luster skuleåret 2017/18. Elevtalet varierer frå 7 til 220 elevar på dei ulike skulane. Elevane er delte i 41 grupper / klassar. 58 elevar får spesial-pedagogiske tilbod etter enkeltvedtak, om lag same nivå som dei to føregåande åra. Dei tre siste skuleåra har det vore ein tydeleg nedgang i tal enkeltvedtak, til dømes hadde 79 elevar enkeltvedtak 2014/15. 36 elevar får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova og enkeltvedtak, noko meir enn i fjoråret då 25 elevar hadde dette opplæringstilboden. Veitastrand skule vert administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevane på Veitastrand har, i samarbeid med heimane, eit tilbod der dei går på Hafslo barne- og ungdomsskule einskilddagar. Fagplanar og opplegg blir tilpassa slik at dei kan gå inn i ordinær undervisning. Ordninga blir praktisert når vegforholda gjer det mogeleg.

Luster kommune har fem barn som går på skule i andre kommunar og som kommunen må betala utgifter for. Luster kommune har i skuleåret 2017/18 fem gjesteelevar.

Skule	2016-17	2017-18
Gaupne skule	145	144
Hafslo barne og ungdomsskule	212	220
Indre Hafslo oppvekstsenter	38	33
Jostedal oppvekstsenter	28	25
Luster oppvekstsenter	41	38
Luster ungdomsskule	131	144
Skjolden oppvekstsenter	37	31
Solvorn oppvekstsenter	22	27
Veitastrand skule	7	7
<b>SUM</b>	<b>661</b>	<b>669</b>

#### Trivsel og skulemiljø

Frå 1. august 2017 vart det innført eit nytt regelverk for skulemiljø etter kap 9A i opplæringslova. Dette regelverket er styrande for arbeidet med trivsel og miljø i lustraskulane.

Luster vil saman med dei andre sju nabokommunane i Sogn delta i den toårige nasjonale satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, frå 1. januar 2018 – desember 2019. I dette prosjektet vil det verta tilsett

ein regional ressursperson for skule i 40 % stilling og ein tilsvarende ressursperson for barnehage. I samband med prosjektet vil det verta skipa faglege treffpunkt og nettverk regionalt der skulane kan dela erfaringar og få kompetanseheving innanfor dette viktige feltet.

Hausten 2017 fristilte skulane i Luster seg frå Olweus-programmet og vil bruka prosjektperioden *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, til å velja ny felles kurs for trivsels- og miljøarbeidet i skulane. Alle skulane i kommunen har sidan våren 2017 delteke i lokalt nettverk om lærings- og skulemiljø. Hafslo barne- og ungdomsskule har gjennom fleire år arbeidd med utviklingsprogrammet PALS. Dette er ein tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, førebyggje og meistra åtferdsproblem.

#### *Språkommune – språkutvikling, lesing og skriving som fagleg satsingsområde*

I perioden august 2017–desember 2018 deltek barnehagane og skulane i Luster i den nasjonale satsinga *Språkkommunar*, som er eit tiltak under den nasjonale strategien *Språkløyper*. Ordninga inneber at kommunen får støtte frå Utdanningsdirektoratet og Skrivesenteret til å styrka arbeidet med språk i barnehage og skule. Støtta skjer både i form av fagleg rettleiing og av eit økonomisk tilskot.

Kommunen må i prosjektperioden etablira ei styringsgruppe, utarbeida ein språkstrategi, leggja til rette for lærande nettverk og at einingane får fagleg rettleiing på språkområdet. Når det gjeld arbeidet med lesing, så har barnehagane og skulane god støtte i den kommunale leseplanen for lesing, sist revidert desember 2016. Som eit konkret produkt i språkommunearbeidet forpliktar kommunen seg også på å laga ein eigen communal lese- og skriveplan.

#### **Elevar fordelt på alderssteg 2017/18**

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungd.								48	50	46	144	6
Hafslo b. og ungd.	22	16	24	18	20	20	29	21	29	21	220	12
Gaupne skule	13	25	18	21	30	21	16				144	8
Luster oppv.	4	4	4	8	7	3	8				38	3
Skjolden oppv.	4	4	2	4	6	5	6				31	3
Indre Hafslo oppv.	5	2	7	4	2	7	6				33	3
Jostedal oppv.	0	6	0	8	5	3	3				25	2
Solvorn oppv.	4	5	5	3	4	2	4				27	3
Veitastrond	1	1	1	1	1	1	1				7	1
	<b>53</b>	<b>63</b>	<b>61</b>	<b>67</b>	<b>75</b>	<b>62</b>	<b>73</b>	<b>69</b>	<b>79</b>	<b>67</b>	<b>669</b>	<b>41</b>

Delingstalet er slik, jf. dei tidlegare reglane om klassedeling i opplæringslova:

Maks 12 elevar med 4 alderssteg i same klasse, maks 18 elevar med tre alderssteg i same klasse og maks 24 elevar med to klassesteg i same klasse. Maks 28 elevar i same klasse på barnesteget, maks 30 elevar i same klasse på ungdomssteget.

#### *Ungdomstrinnsatsing*

Ungdomstrinnsatsinga 2013–2017 med utgangspunkt i Stortingsmelding 22,

*Motivasjon – Mestring – Muligheter*, er ei nasjonal satsing der målsetjinga er auka motivasjon og læringsutbyte på ungdomstrinnet gjennom meir praktisk , variert og relevant undervisning for å heve nivået i rekning, lesing og skriving spesielt. Dette skal auka gjennomføringa i vidaregåande skule.

Ungdomsskulane i Luster – til liks med brorparten av dei andre ungdomsskulane i Sogn – er med i pulje 4 som byrja hausten 2016 og slutta desember 2017. Begge ungdomsskulane i Luster valte skriving som fagleg hovudsatsingsområde. Deltakinga i språkommune-satsinga er vonleg med på å forsterka effekten av UiU.

I prosjektperioden har ungdomsskulane fått fagleg rettleiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og hatt jamlege samlingar i lag. I samband med UiU-satsinga er det tilsett kommunal ressurslærar i 20 % stilling i perioden 2016/17 og ut skuleåret 2017/18.

#### *Overgang barnehage-skule*

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i kvalitetssystemet til Luster kommune for overgang barnehage-skule.

Desse prosedyrane vil i 2018 verta evaluerte og justerte i samanheng med at overgang barnehage-skule er eit sentralt tema både språkommune-satsinga og i Erasmus+-prosjektet som oppvekstsentrals er med på.

#### *Frå spesialundervising til tilpassa opplæring*

Skuleåret 2014-15 retablerte Oppvekst eit lokalt fagnettverk om spesialundervising. Sidan har det vore lagt opp til to-tre nettverksmøter kvart halvår. Ansvarleg

lærar/koordinator for spesialundervising på kvar skule møter i nettverket, eventuelt også rektor. Intensjonen med fagnettverket er å ha eit forum for å diskutera problemstillingar knytt til spesialundervising og tilpassa opplæring, dela både erfaringar, utfordringar og gode løysingar.

Ressursbruken på spesialundervisning i Luster har samla sett vore høg dei seinare åra.

I samarbeid og dialog med rektorane og PPT vil Oppvekst sjå nærmere på ulike tiltak for å betra den tilpassa opplæringa og finna fram til moglege tiltak for å redusera omfanget av spesialundervisning på kort og lang sikt. Eitt av tiltaka i 2017 er tettare dialog mellom Oppvekst, PPT og den einskilde skule der ein saman ser på både generell ressursbruk i den ordinære undervisninga og bruken av spesialundervisning spesielt.

### *Entreprenørskap*

Grunnskulen i Luster skal legge til rette for at barn og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nytablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikle dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan utvikle. Ungdomsskulane har også tradisjon for entreprenørskap gjennom årvisse elevbedrifter.

### *Regionale og lokale fagnettverk*

Skulane deltek i ulike regionale fagnettverk der det er faste felles kursdagar. Frå dette året er det ein felles fagdag/nettverksdag før skulestart i august i engelsk, norsk og matematikk og ein halv dag oppfølging på nyåret. I tillegg er det nettverk for kunst og handverk m.fl., entreprenørskap, psykisk helse, spesialpedagogisk undervisning, fadelte skular, IKT, rektorer og rådgjevarar.

Forutan regionale nettverk har Luster kommune også eigne kommunale fagnettverk for barnehagepedagogar og lærarar på 1.-2. trinn, for lærarar på 3.-7. trinn, for 8.-10. trinn og for norsk som andrespråk. I desse nettverka dreier innhaldet seg om sentrale tema som er relevante i språkommune- og UiU-satsingane.

### *Oppvekstbibliotek*

I samband med omlegginga av bibliotektenesta i kommunen, har Luster bibliotek saman med Oppvekst samarbeidd om etableringa av såkalla oppvekstbibliotek, det vil seia kombinerte barnehage- og skulebibliotek. Alle oppvekstsentrar, Hafslo barne- og ungdomsskule og Veitastrond skule har no automatisert utlån. Det er i tillegg lagt opp til mini-utlån av bøker i alle barnehagane. Oppvekst og Luster bibliotek samarbeider elles om ulike lese- og formidlingsprosjekt der Sommarles for barnehage og skule har vore eit nøkkeltiltak.

### *Fysisk aktivitet*

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar.

Alle skulane i kommunen har stort fokus på fysisk aktivitet, der det vert integrert fysisk aktivitet i dei ulike faga; Fysak.

### *Valfag*

Hausten 2014 vart det innført valfag også for 10. trinn, mellom anna trafikk. Dette medfører ein utvida timetalsauke samanlikna med tidlegare skuleår. Ved Hafslo barne- og ungdomsskule vert det inneverande skuleår undervist i fire valfag: Programmering, Natur, miljø og friluftsliv, Trafikk, Produksjon av varer og tenester. Ved Luster ungdomsskule tilbyd ein inneverande skuleår fem valfag: Programmering, Fysisk aktivitet og helse, Design og redesign, Innsats for andre og Trafikk.

Programmering som valfag er eit treårig forsøksprosjekt innført av Utdanningsdirektoratet. Luster kommune får kr 100 000,- kvart år i prosjektperioden, 2016–2019. Midlane skal gå til til kjøp av IKT-utstyr og kompetanseheving av lærarar, til dømes gjennom kurs og nasjonale samlingar.

### *IKT*

Innføringa av IKT i alle fag og digital ferdigheiter som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, gjer det viktig å ha ei brei satsing på IKT både når det gjeld programvare, maskinvare og pedagogisk bruk. Våren 2016 byrja opplæringa av programpakka Microsoft 365. Dei ulike tenestene innanfor 365 som t.d. OneNote, OneDrive og Teams er no mykje brukt både i klasseromma og som samarbeidsverktøy i lærarpersonalet.

Det er etablert eit lokalt fagnettverk av IKT-kontaktar/pedagogar som har møte eit par gonger i halvåret. Skuleåret 2017/18 er det tilsett kommunal ressurslærar IKT i 20 % stilling. Hovudoppgåver for ressurslærar er å rettleia skulane og leia det lokale fagnettverket innan IKT.

I 2017 fekk skulane tildelt ei skjønsmessig ekstraløyving for å kunna oppgradera og supplera med fleire nye datamaskiner og å utvida med fleire trådlause punkt. Skulane tok hausten 2016 elles i bruk Visma Flyt Skule som skuleadministrativt system. I tillegg har skulane også byrja å bruka Visma Sampro som reiskap for digitale individuelle opplæringsplanar innan spesialpedagogiske tiltak og som delingsverktøy med føresette.

### *Inn på Tunet*

Nokre grunnskuleelevar får tilbod om alternativt pedagogisk opplegg i delar av skuleveka . Den praktiske opplæringa utgjer ein sentral del av opplegget. Det finst tre «Inn på Tunet»-tiltak som grunnskulen nyttar pr. i dag. Alle tiltaka er i tilknyting til gardsbruk. Finansieringa av dei pedagogiske tiltaka skjer over budsjettet og spes.ped.ressursen til den enkelte skule.

### *Leksehjelp*

Leksehjelp vert gjeve på 4.-7. trinn i skulane i Luster. Inneverande skuleår er det 140 elevar som nyttar ordninga med leksehjelp, i fjor var det 143 elevar som takka ja til ordninga. Leksehjelp er gratis. Elevane på 4.-7. trinn får tilbod om leksehjelp to timer per veke. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt.

### *Nyutdanna*

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeide målretta for at nyttilsette og nyutdanna pedagogar i skule og barnehage skal få eit tilbod om rettleiing. I Luster har me ei eiga mentorordning og eit eige program for nyttilsette med 4–5 samlingar per semester. Temaa som har gått igjen dei siste par åra er: klasseleiing, vurdering for læring, tilpassa opplæring og spesialundervisning, læreplanforståing og lesing som grunnleggjande ferdighet. Oppfølginga vert samordna for alle skulane og barnehagane i Luster kommune. Det er også tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane ikring kursinga for dei nyutdanna, særleg temaet klasseleiing. I år deltek deltek meir enn ti lærarar på nyutdanna/nytilsettprogrammet, og det er same omfang deltakarar som i fjor.

### *Erasmus+*

Luster kommune deltek for første gang i eit europeisk skuleprosjekt. Saman med partnarar i fem andre land (Danmark, Island, Irland, Hellas og Kroatia) har Luster søkt om midlar til eit prosjekt kalla RECEPTION (Role of Early Childhood Education in Positive Transition / Induction Outcomes for New pupils) som skal vara fra 2016-2019. Hovudtema er kvalitet i begynnaropplæringa og overgangen barnehage-skule. Prosjektet er finansiert av midlar frå EUs utdanningsprogram Erasmus+. Det vert arrangert to samlingar kvart år. Så langt har 10 lærarar og rektorar frå oppvekstsentrar inkludert kommunalsjef oppvekst delteke på dei tre samlingane som har vore arrangert i 2016 og 2017. Luster står som vertskap for den siste samlinga i prosjektet, mai 2019. Skuleåret 2017/18 skal oppvekstsentrar gjennomføra ein såkalla «case study» og synleggjera refleksjonane og best practise gjennom ein kort videofilm.

### *Samarbeidspartar*

Skulane samarbeider tett med Sogn PPT om enkeltbarn og systemarbeid. Dei to siste åra har det vore arrangert eigne fagdagar for dei fem samarbeidskommunane og PP-tenesta.

Skulane samarbeider elles med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Tverrfaglege team (HSP-team) er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Oppvekst samarbeider med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid og fleire enkelprosjekt, t.d. «Saman for barna i Luster»

*Kompetanse for kvalitet – vidareutdanning for lærarar*  
Strategien *Kompetanse for kvalitet* strekk seg 10 år frametter i tid. Luster har vore blant dei kommunane i Sogn har som har hatt flest lærarar på vidareutdanning. Målet er at videreutdanninga for lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnoplæringa for å styrka elevane si læring. Skuleåret 2017/18 er det sju lærarar som tek 30 studiepoeng vidareutdanning, fordelt på engelsk (5 sk) og norsk (2 stk). Førre skuleår var det 11 lærarar som tok vidareutdanning innafor *Kompetanse for kvalitet*-ordninga. Kommunen får støtte til frikjøp av lærarar og eventuell studieavgift frå Utdanningsdirektoratet.

### *215 Skulefritidsordninga (SFO)*

SFO er eit friviljug tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn på 1. – 4. klassesteg, før og etter skuletid, og i skuleferiar. I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel, og det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrond. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslø. Inneverande skuleår er det 124 barn som nyttar tilboden om SFO, 36 av desse har 100 % plass.

### *Elevar i SFO*

<b>Skule/barnehage</b>	<b>2016/17</b>	<b>2017/18</b>
Luster oppvekstsenter	9	5
Gaupne skule	62	44
Hafslø barne- og ungdomsskule	30	37
Indre Hafslø oppvekstsenter	11	12
Jostedal oppvekstsenter	10	9
Skjolden oppvekstsenter	4	6
Solvorn oppvekstsenter	7	11
<b>Sum</b>	<b>133</b>	<b>124</b>

### *223 Skuleskyss*

Elevane i grunnskulen i Luster vert årleg registrerte for

## Styringsmål 2017

### Grunnskule

Styringsmål Luster 2016			Datakjelde Landet 2017	Status		Resultat 2017
Felles alle	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist		-	-	
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2016	101	-	<100
	M	Medarbeidartilfredsheit (2 skular, 5 oppv. sentrar, skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,9	4,6	5,0
	M	Sjukefråver	Fråversstatistikk 2017	3,6	-	4,5
Grunnskule	B	Grunnskulepoeng	Skoleporten	40,3	41,4	40,9
	B	Elevmotivasjon 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	4,0 3,4	4,0 3,5	4,0 3,5
	B	Trivsel 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	4,6 4,1	4,4 4,2	4,4 4,2
	B	Mobbing på skulen 7. trinn* 10. trinn*	Skoleporten	1,1 1,2	1,3 1,3	1,4 1,1
Nasjonale prøver	Nasjonale prøvar – 5. trinn (2017/18)			Luster 2016	Landet 2017	Resultat 2017
	B	Lesing	Skoleporten	50	50	49
	B	Engelsk	Skoleporten	50	50	52
	B	Rekning	Skoleporten	51	50	53
	Nasjonale prøvar – 8. trinn (2017/18)			Luster 2016	Landet 2017	Resultat 2017
	B	Lesing	Skoleporten	50	50	50
	B	Engelsk	Skoleporten	49	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	53	50	52
	Nasjonale prøvar – 9. trinn (2017/18)			Luster 2016	Landet 2017	Resultat 2017
	B	Lesing	Skoleporten	54	54	55
	B	Rekning	Skoleporten	55	54	55
	Resultat eksamen – 10. trinn 2016/17			Luster 2016	Landet 2017	Resultat 2017
	B	Norsk hovudmål skriftleg	Skoleporten	x	3,4	3,5
	B	Norsk sidemål skriftleg	Skoleporten	x	3,3	3,8
	B	Engelsk skriftleg**	Skoleporten	3,8	3,8	x
	B	Matematikk skriftleg	Skoleporten	3,4	3,4	3,6

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

\* Frå og med hausten 2017 vart det innført ny rekkefølgje og nokre nye spørsmål om mobbing i Elevundersøkinga. Dette gjer at tala frå og med 2017 ikkje er samanliknbare med tala frå åra før.

\*\* Luster kommune fekk ingen klassar opp i engelsk skriftleg eksamen skuleåret 2016/17.

den strekninga der dei har krav på skyss. Dette gjeld også elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag, då som regel grunna farleg skuleveg. Vinteren 2016 vart eit kommunalt reglement for skuleskyss vedteke av kommunestyret. Det er fylkeskommunen som står for drift og oppsett av skuleskyssen i samarbeid med kommune og transportselskap. I 2018 vert det innført eit web-basert skuleskyssprogram som heiter KRINGOM. Luster er pilot i region Sogn for innføring av programmet.

#### *213 Luster vaksenopplæring (LVO):*

I september 2016 vedtok kommunestyret at Luster sjølv skal ta ansvaret for opplæring av vaksne flyktningar busett i kommunen med rett og plikt etter introduksjonslova. Med grunnlag i dette starta LVO opp drifta i Grandmo lagshus i august 2017. LVO er organisatorisk og administrativt lagt til NAV medan det overordna faglege ansvaret er lagt til kommunalsjef oppvekst. I oppstartsemesteret består eininga av to lærarar samt fagleiar.

Opplæring i norsk og samfunnsfag er hovudoppdraget for LVO. Det er lagt opp til tett samhandling med frivillige lag og organisasjoner, der biblioteket er ein sentral aktør. Helsestasjonen og Frivilligcentralen er andre samarbeidspartnerar. Overordna mål med opplæringa er overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

Luster vaksenopplæring hadde hausten 2017 totalt 25 deltagarar fordelt på følgjande spor:

Spor 1 (13 deltagarar), Spor 2 (8 deltagarar), Spor 3 (4 deltagarar). Opplæringsspråket ved Luster vaksenopplæring er nynorsk.

*Grunnskuleopplæring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova*

Personar som har behov for fornøya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan einskilde skulefag, har rett på slik opplæring. Vaksne utan fullført grunnskule kan også ha slik rett. Skuleåret 2017/18 vert dette tilbodet i hovudsak organisert gjennom tenestekjøp ved Sogndal vaksenopplæring og gjennom samarbeid med Sogndal kommune og Sogndal vidaregåande skule i ordninga *Grunnskule for ungdom (GMU)*. I tillegg vert det gjeve noko grunnskuleopplæring gjennom avtalar med timelærarar.

#### *202 Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)*

I juni 2015 konkluderte kommunestyret med at Luster slutta seg til samarbeidsavtalen om felles PP-teneste i Sogn saman med Vik, Leikanger, Sogndal og fylkeskommunen. Aurland slutta seg til samarbeidet frå og med august 2016. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta.

Hausten 2017 arrangerte PPT eigen fagdag i samarbeid med dei deltagande kommunane. Fagdagen hadde stor oppslutnad.

Hausten 2017 vart det inngått samarbeidsavtale mellom Vik, Sogndal, Leikanger og Luster om felles logopedeteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT. Luster sin del var i 2017 43 % stilling av totalt 1,5 årsverk.

#### Aktivitet 2017

- Deltaking i den nasjonale satsinga språkommune. Hovudtiltak er eigen kommunal språkstrategi, lokale fagnettverk, bruk av nettressursen Språkløyper, faggrupper og ressurspersonar
- Avslutning av den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling hausten 2017.

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
202 Grunnskule	80178	80911	-	<b>-0,9</b>	80472
213 Vaksenopplæring	-57	465	-	-	-201
215 SFO	1720	2047	-	<b>-15,9</b>	1549
222 Skulelokale	9929	9629	-	<b>3,1</b>	10057
223 Skuleskyss	1934	2150	-	<b>-10</b>	2028
290 Ungdomsskulesatsing/fagnettverk barneskule	13	-	-	-	34
<b>Sum</b>	<b>93717</b>	<b>95202</b>	-	<b>-1,5</b>	<b>93939</b>




213: Forbruk som ført i budsjett, men finansiert med avsetjing.

Årsverk:

- |      |   |
|------|---|
| 2015 | 117,5 årsverk (ikkje samanliknbart med tidlegare) |
| 2016 | 114,5 årsverk                                     |
| 2017 | 119,5 årsverk                                     |


Fleire samlingar mellom dei to ungdomsskulane, presentasjon av tverrfaglege prosjekt, tett samarbeid mellom ressursperson frå Høgskulen på Vestlandet, lokale ressurslærarar og skulane. Bruk av nettressursen Skrivestien frå Skrivesenteret.

- Deltaking på to samlingar i samband med Erasmus+-prosjektet, Island og Hellas
- Tilsetjing av kommunal ressurslærar i IKT (20 %)
- Innføring av Visma Sampro, digital individuell opplæringsplan
- Ansvar for regionale nettverksdagar innan norsk (1.-2. trinn, 3.-7. trinn, 8.-10. trinn) og samfunnsfag
- Eigen fagdag i samarbeid med PP-tenesta
- Klassedeling ved Gaupne skule og Solvorn oppvekstsenter
- Ekstraløyving innan IKT for å kunna oppgradera og supplera datamaskinparken
- Etablering av lokalt fagnettverk norsk som andrespråk, fagleg rettleiing frå Høgskulen på Vestlandet avdeling Bergen
- Ekstra symjeopplæring for minoritetsspråklege elevar, tilskot frå Fylkesmannen.





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2015	21,27
2016	22,25
2017	22,85

# Helse

## Organisering

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig eining leia av helsesjefen. Det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i stab hjå rådmannen.

## Overordna mål og delmål

### Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering og behandling.

### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelphøgn tilbodet (ØHD).
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegesteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei godt utstyrt og – drifta legevakt med god samhandling med ambulansetenesta.
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmidelbrukar.

- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.

- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

### Tenester og oppgåver – generelt

**232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:**  
Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje opp ny nasjonal retningsline for det helsefremmande og førebyggande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Lågterskeltilbod. Fokus på barnet si vekst utvikling, psykisk og fysisk helse. Støtte og styrke foreldrerolla. Bidra til å førebyggje, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt. Heimebesøk og 14 ordinære konsultasjonar barn 0-5 år. Ekstra oppfølging ved behov. Faste tider på kvar skule med open dør. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper, ev som koordinator, og i samarbeidsmøte med foreldre, skule, barnehagar og andre fagmiljø. Delta i kriseteam. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn (pubertet, samliv, rus, psykisk helse, fysisk aktivitet, kost m.m.). Fyrste gongs undersøking av alle flyktningar og oppfølging av barn/barnefamiliarar.

### 233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby influensavaksinering, barnevaksinasjonsprogrammet og utføre influensavaksinering til definerte målgrupper. Tilby reiseråd, reisevaksine og utføre TBC kontrollar av aktuelle grupper. Tuberkulose-kontroll etter aktuelle retningsliner av definerte grupper. Delta i revisjon i regi av miljøretta helsevern. Gje råd og rettleiing til barnehagar og skular.

### 233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatn og badevatn. Godkjennung av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar (interkommunalt), mattilsyn og helsesøster. Oppfølging

av samhandlingsreforma med vekt på tolking og bruk av folkehelseprofilar og samhandlings-barometeret. Støtte opp under lokalt ØHD-tilbod og bidra til fagutvikling i omsorgstenesta.

### *233 Folkehelse:*

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemend på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats. Fysioterapitenesta gjennomfører trening for eldre med vekt på styrke og balanse (Betre balanse) på omsorgssentra i samarbeid med frivillige, og styrketrening for dei over 70 år på Luster Treningssenter (SeniorSirkel).

### *Folkehelseoversikt (FHO):*

FHO skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningssamansettning, oppvekst/levekår, fysisk og sosialt miljø, skader/ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpende oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit omfattande oversikt dokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi. FHO skal danne grunnlag for strategiar, mål og tiltak forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova. FHO Luster kommune 2016 – 2020 vart vedteke av kommunestyret 21.4.2016. I møte fatta kommunestyret eit vedtak i 11 punkt. Arbeidet med oppfølging av vedtaket vil bli vidareført i 2018.

### *Frisklivssentralen Sogn:*

Frisklivssentralen Sogn er ein interkommunalt helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Leikanger, Luster og Sogndal. Leikanger trekker seg ut av samarbeidet frå 2018. Drifta for 2018 er etter avtale fordelt slik: Luster 45% og Sogndal 55%. Målgruppa er personar i alle aldrar som ynskjer ei livsstilsendring, har auka risiko for eller som har utvikla sjukdom og treng oppfølging til å endra levevanar og å meistra sjukdom.

Aktuelle tilbod har vore:

- Individuell rettleiing og motivasjonssamtale for å endre levevanar knytt til fysisk aktivitet, kosthald, snus- og røykeslutt.
- Lågterskel aktivitetar i samarbeid med lag-/org., Lustrababet og Luster treningssenter.
- Læring- og meistringstilbod: Tidsavgrensa kurs knytt til spesifikke diagnosar eller utfordringar innan ulike helseområder.

Nokre av tilboda blir finansiert av prosjektmidlar i ein utprøvingsfase. Frisklivssentralen samarbeider med fagmiljø i kommunane, fylkeskommunen, frivillige lag og organisasjonar, private, Helse Førde og Høgskulen. Aktivitet og kurstilbod i begge kommunar.

Kurs som vart gjennomført i 2017:

- KID kurs – kurs i depresjonsmeistring.
- Bra Mat kurs, knytt til kosthald.
- Slutta kurs, knytt til snus- og røykeslutt.

### Deltakaroversikt 2014 - 2017

Kommune	Totalt 2016	Totalt 2017
Luster	55	56
Leikanger	28	23
Sogndal	78	74
<b>Totalt</b>	<b>161</b>	<b>153</b>

### *SLT Politiråd Luster, Leikanger og Sogndal*

Kommunane Luster, Leikanger og Sogndal har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie igangsette tiltak ved at forskjellige sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særleg fokus: Barn og unge.
- Organet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane, der kvar kommune har ei undergruppe/arbeidsgruppe lokalt.
- Organet er forankra i kvar kommune ved ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen, og politiet ved regionlensmann.

### *Trygge lokalsamfunn (TL):*

TL er eit WHO-konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigkeit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange grupper og type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt. Luster kommune har oppfylt krava og vart sertifisert i 2016 som Trygt lokalsamfunn. Folkehelserådet er styringsgruppe og der er 4 satsingsområde:

- Trygge eldre – førebygging av fall
- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Folkehelseoversikt
- Lokal skaderegistrering

### *Luster Danseverkstad*

«Ung til ung» formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegledde i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode forebilde for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster.

## *Aktuelle tiltak i samarbeid med frivillige lag -/org. og Luster frivilligsentral.*

- Seniortreff er eit tilbod til heimebuande eldre anna kvar veke på aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter. Program; sosialt samvær, underhaldning, balansetrenings samt servering av eit varmt måltid. Det blir organisert transport tur/retur.
- Aktivitetstorget ME’N’U er ein ungdomsstyr, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-17 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekk og open idrettshall.
- Basistrenings 4-7 klasse i Gaupne; initiert av kommunen og blir drifta av frivillige organisasjonar. Tilbodet blei starta opp hausten 2016.
- FriMoro (friluftsdagar for barn) – vart gjennomført for 5. gong i 2017. I overkant av 70 born deltok begge dagar. Ungar frå dei ulike bygdene møtest og har to dagar fylte med friluftsaktivitetar. Tilbodet er gratis og målgruppa er 4 – 7 klasse.

## *242 Interkommunalt krisesentertilbod:*

Luster sitt krisesentertilbod vert ivaretake av eit interkommunalt samarbeid med Flora som vertskommune. Krisesenteret skal oppfylle kommunane sine plikter om krisesenterenester etter *Lov om Krisesenter* §§ 1 og 2. Tilbodet skal sikre eit godt og heilskapleg krisesenter-tilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vold eller trugsmål om vold i nære relasjoner. Helse forvaltar kommunen sitt driftstilskot til krisesenteret i Sogn og Fjordane. Grunnlaget for tildelinga er KS Sogn og Fjordane sin modell for tildeling av driftstilskot.

## *Senter for incest og seksuelle overgrep:*

Senter for incest og seksuelle overgrep er lokalisert til Førde(SMISO). Senteret som ble etablert i 2012, er finansiert med 20 % frå dei fleste kommunane i fylket og resten frå Staten. Senteret er eit dagtilbod med tilbod om eine-samtalar, temakveldar, sjølvhjelpstilbod mm. Det vil og bli arbeidd førebyggjande mot skular.

## *Permanent overgrepsmottak:*

Staten har gjeve føringar om at det skal vere eit overgrepsmottak i kvart fylke, gjerne knytt til eit av legevaktsamarbeida. Dette er eit kommunalt ansvar, for både seksualisert vold og vold i nære relasjoner, og kommunane i fylket har gått saman om slikt tilbod. Mottaket er plassert på SYS-IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid) som er fysisk lokalisert til akuttmottaket Førde Sentralsjukehus.

## *241 Fysioterapi:*

Privat praksis og communal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøkjer og behandler, driv opptrenings og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade,

ved funksjonssvikt, sjukdom/ plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/ eller i grupper. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi og trigger-punktbehandling. Kommunale fysioterapitester ved omsorgssentra og i korttidsavdelinga - heimebesök ved behov. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna førebyggjande arbeid. Leiande fysioterapeut deltek i koordinerande eining (KE) og er ansvarleg for elektronisk IP.

## *241 Allmennlegeteneste:*

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Rekruttering og utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar (LIS1), studentar (frå UIB) og legevikrar. Dekke behov for strukturert rettleiing til legar som har behov for dette. Sjukeheimslege; besök 2ggr per veke ved Luster omsorgssener, 1 gong per veke på Hafslø omsorgssenter og dagleg besök på KA. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trenin på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod, under dette videokonsultasjonar med spesialisthelsetenesta, nye fagprogram, e-portal i kommunikasjon med pasientane samt SMS varsling av legetimar.

## *241 Ergoterapi:*

Tilbod til brukarar i alle aldersgrupper. Kartlegging av funksjonsevne/-tap og treningsbehov. Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Fagkontakt rørsle, syn, hørsel. Kontaktperson NAV hjelphemiddelsentral og formidling av hjelphemiddel. Leiar for Hukommelses team og medlem i bustadrådgjevingsgruppa. Førebyggande tilbod i samarbeid med fysioterapeut, folkehelse-koordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss.

## *254 Psykisk helsevern:*

Psykisk helseteam arbeider både førebyggjande og behandlande, med samtalebehandling individuelt og i grupper. Det vert arbeidd aktivt med fagutvikling og gode lågterskeltilbod. Dagtilbod 2 dagar per veke på "Huset" som er eit tilbod for samtaler og aktivitetar, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Heimebesök til brukarar og rettleiing til tilsette i omsorgstenesta. Fokus på fysisk aktivitet. Teamet har tilbod om fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør, og har avtale om trenin ved treningssenteret. Gjennomføring av KID kurs (depresjons-meistring). Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam. Psykisk helseteam deltek etter behov. Psykolog arbeider mot alle aldersgrupper og utøver klinisk arbeid, familieterapi og krisearbeid.

## Styringsmål 2017:

Styringsmål			Datakjelde	Siste status		Mål 2017	Resultat 2017
				Luster	Landet		
<b>Felles</b>	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekters svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	0	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	99 %	-	<= 100 %	92,8% (98%*)
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt)	Betre Kommune	-		-	4,2
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	3,9 %	-	< 6,0	3,4%
<b>Helse</b>	B	Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde innan 2 veker	SSB/ Registrering	96,2 %	-	95 %	75%
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 2 år	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %	100%
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 1. klasse.	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %	100%

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Det økonomiske resultatet er positivt. \*Statstilskot/fond påverkar resultat vesentleg.
- 10 faktor medarbeidarundersøking vart gjennomført for første gong i 2017. Det var difor ikkje sett mål. Neste medarbeidarundersøking vil bli gjennomført i 2019.
- Sjukefråværsutviklinga er positiv.
- Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde vil variere fordi det er ikkje alle som ynskjer heimebesøk.

Psykolog er kommunen sin AKAN kontakt og utfører intern rettleiing.

Viktige prosjekt 2018; Etablering og drift av Rask psykisk helsehjelp

### 241 Legevakt:

Akuttberedskap 24 timer alle dagar. Legevakt med godt utstyrt akuttbil. Kjøper LV-telefon-sentraltenester av Lærdal kommune. Bruk av naudnett og øvingar i lag med ambulansetenesta. Følgje opp bakvaktfunksjon til ikkje vaktkompetente legar etter eige prosedyre. Satsing på fagutvikling og periodevis innleige av vikarar for å redusere vaktbelastning.

### 243 Rusomsorg:

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus på førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, oppfølging på arbeids- og treiningssenter, eller anna arbeid/aktivitetstiltak. Tett samarbeid med interne og eksterne instansar. Tenesta er styrka med eigen erfaringskonsulent i ei prosjektstilling, der målsetjinga er auka hjelpe til personar med rusproblem til å koma seg i arbeid/aktivitet.

### Aktivitet 2017

- Det har vore 78 fødslar. Ingen transportfødsel. Det er gjennomført 2 svangerskapskurs. God oppslutnad om barnevaksinasjonsprogram. 29 barselopphold på Paviljongen.
- Samarbeid med barnehagar om 4- og 6 årskontroll (fysioterapeut).
- Skulehelsetenesta har hatt tilbod ved alle skular. Oppfølging av 158 skuleborn.
- Helsestasjon for ungdom har hatt 143 konsultasjoner (open 2 t kvar veke i Gaupne).
- God oppfølging av nasjonale føringar om veging av elevar i 3. og 8. klasse med påfølgjande oppfølging. Auka merksemd på utviklinga.
- Det er sett 651 influensavaksiner som er ein liten auke frå 2016.
- Flyktingar: 1. gongs helseundersøking av 2 vaksne og 16 barn.
- Avtale om kjøp av inn på tunet (IPT) tenester er vidareført.
- Psykososialt kriseteam har vore brukt 2 gonger i 2017. Det er aukande merksemd på dette arbeidet. Ein har fått god kompetanseheving gjennom kriseteamskulen.
- Etter søknad har Luster fått tilskot frå Helsedirektoratet til ny psykologstilling. Stillinga er lagt til psykisk helseteam. Noko utleige til PPT.



Betre balanse.

- Dagsentertilbodet «Huset» har hatt 28 brukarar med til saman 782 besøk.
- Hukommelsesteamet har testa 16 heimebuande. Målet er å kartleggje demens etter tinging frå fastlegane og teste eldre som treng vurdering i samband med helsekrava for førarkort. Interkommunalt kurs for pårørande til demente vart avlyst pga for få påmelde.
- Kommunen har 161 registrerte brukarar i Transporttenesta (midlar frå fylkeskommunen).
- Det er via ergoterapeutane gjeve hjelpe midlar frå NAV-HMS på 2,07 mill.kr i 2017. Det er til saman 574 registrerte brukarar.
- Fysioterapeutane i privat praksis har utført 9112 behandlingar på til saman 1137 personar. Dei kommunal tilsette fysioterapeutane har hatt 2168 behandlingar.
- Det er gjennomført systemrevisjon ved 2 skule/ barnehage i lag med MHV Indre Sogn.
- Legekontoret har registrert 17694 konsultasjonar, til saman 28162 kontaktar. 2933 e-reseptar.
- E-portal/digital kontakt mellom pasientar og legekontoret er mykje brukt. Pasientar kan stille spørsmål, bestille reseptar mm utan å stå i telefonkø. SMS varsling 1 døgn før avtalt konsultasjon har ført til at fleire møter til avtalt time. Krav i Fastlegeforskrifta er hovudsak oppfylt, det er litt krevjande med raske nok telefonsvar mandag føremiddag.
- Det er innført elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og legekontoret. Gjev effektiv bruk av tid samstundes som ein automatisk får dokumentasjon. Det er i 2017 registrert 2088 meldingar frå legekontoret og 2601 meldingar til kontoret. Ein nyttar same systemet

med meldingsutveksling med spesialisthelsetenesta.

- Internkontrollboka til legekontoret er ferdig etablert på LKK.

- Ein har i 2017 hatt 5 legevikarar. Legevikarar har hatt 176 vaktar (2 av vikarane har arbeid som fastlegevikar i tillegg og dei står for 112 vaktar).

- Legevaktorganiseringa i Luster er utfordra av nye nasjonale krav, mellom anna ny akuttmedisinforskrift. Det er stilt krav om vaktkompetanse for leger og dei som ikkje har dette må ha ein bakvakt. Dagens legeavtaler gjer at det må leigast inn meir enn 100 vaktdøgn for legevakt. Nye ordningar peikar på endå «sjeldnare» vakt

og dermed endå meir vikarbruk og dette er ikkje framtidsretta. Stor bruk av vikarar utfordrar kvalitet og tryggleik og har høg kostnad. Intensjon om interkommunal legevakt er vedteken.

- 1-3 legar må ha bakvakt når dei har vakt. Dette aukar vaktmengda monaleg. Det er i 2017 brukt kr. 486.290 i bakvakt på ikkje vaktkompetente legar.
- 4 av 8 legar er spesialistar i allmennmedisin. 2 fastlegar slutta i 2017, ein ny blei rekruttert i 2017.
- Legekontoret har høg standard på kvalitet på laboratoriearbeidet. Dette er hyppig evaluert via NOKLUS som er eit nasjonalt program for slikt arbeid. Lågt forbruk av antibiotika og vanedannande medikament i tråd med nasjonale tilrådingar. Mykje bruk av graderte sjukmeldingar, som er tilrådd i nasjonale føringar.
- Innan rusfeltet er det etablert eit kompetent team med ruskonsulent, psykolog og erfarringskonsulent. Psykologstillinga er delfinansiert medan erfarringskonsulenten er eksternt finansiert. Tilskotet er gjeve for eit år men ein kan søkje årleg i inntil 3 år (så lenge styrking av rusarbeid er eit nasjonalt satsingsområde). Målsetjinga er å få fleire personer med rusrelaterte problem ut i jobb og/ eller meiningsfull aktivitet. Tiltaket medfører ei klar styrking av rusarbeidet i kommunen. Det er i 2017 registrert 10 nye brukarar, 76 heimebesøk, 34 pårørandesamtalar, 80 stk ledsaging, 74 fysisk aktivitet.
- *Ambulant buteam(AB)/tverrfagleg buoppfølgingsteneste og Housing First* vart vidareført i 2017 som eit samarbeidsprosjekt mellom flyktingstenesta/NAV, rus- psykiatri, servicetorg og eigedom. Målet er å fremja meistring

i eige liv knytt til det å bu. AB og innføring av *Housing First* er oppfølgingspunkt i Bustadsosial handlingsplan.

- *Tidleg inn* vart vidareført i 2017. Tidleg inn er eit statleg finansiert opplæringsprogram initiert av Helsedirektoratet og Barne- ungdoms og familiendirektoratet for tilsette som i det dagleg møter småbarnsforeldre og gravide. Opplæringsprogrammet er modulbasert og kommunen har hatt avtale med regionalt opplæringsteam for gjennomføring (vart ferdig juni 2017). Mål er at ein skal bli betre på å avdekke problem tidleg i høve vanskar knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjonar.
- *Systematisk og tverrfagleg foreldrestøtte* er eit prosjekt der kommunen har motteke tilskot frå Bufdir (kr. 800 000,- som går over 4 år). 10 – 12 tilsette frå helgestasjon og barnehage skal ha opplæring og bli sertifiserte kurshaldarar i foreldrestøttande program. Det er krav at kommunen skal utarbeida eit systematisk foreldrerettleiingsprogram frå 0 - 5 år.
- Kommunen har motteke kr. 500 000,- i tilskot for å



Ny fastlege: Linnea Jarmund Halle

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
232	Førebyggande skule og helsestasjonsteneste	4012	4086	-1,8	3933
233	Førebyggande arbeid helse og sosial	1196	2685	-55,4	1634
234	Tilrettelagt transport	-7			-75
241	Diagnose og behandling	11461	11292	1,5	14625
243	Tilbod til personar med rusproblem	862	830	3,8	860
	Sum	<b>17524</b>	<b>18893</b>	<b>-7,2</b>	<b>20977</b>

232): Godt samsvar m/budsjett på alle område.

233): Aktivitet er auka gjennom prosjektarbeid, planlagde tiltak er gjennomført om lag som føresett, funksjonen har vesentleg mindre nettoutgift enn budsjett grunna statstilskot/prosjektttilskot er nytta i finansiering.

234): Tilskot via fylkeskommunen, 250.000 er nytta som føresett.

241): Meirforbruk på grunn av ekstra kostnad til bakkakt og legevaktsentral, mindreforbruk ergoterapi.(100') R-2016 har med psykiatritenesta slik at det ikkje er samanliknbart med 2017.

243): Etter bruk av fond 240', tidlegare avsett, som ikkje er med her, vert resultatet vel 200' på plussida.




## Tiltak 2017 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:


Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2017
Gode og føremålstenlege fagprogram og tilgang til støtteverktøy.	Ta i bruk tilgjengeleg og utprøvde program.	Pleie og omsorg. IKT	God oppfølging
Utvikle Luster kommune som «Trygg lokalsamfunn-kommune»	Vert arbeidd med jf. tekst over. Det er aktuelt å søkje om formell godkjenning i 2015/2016	Fylkeskommunen	Luster er formelt godkjend
Utvikla og etablera lågterskel tilbod som organiserte aktivitetar i bygdene, turstiar, badeplassar m.m.	Vert arbeidd vidare med ulike tiltak.	Sogndal og Leikanger. Fylkesmann og Fylkeskommunen	Vert arbeidd vidare med

utvikle ny arbeidsform/modell for tenesta rehabilitering-/habilitering som er i tråd med opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017 – 2019. Kommunen skal som del av dette mellom anna utarbeida ein ny *Plan for habilitering og rehabilitering*.

- Prosjektet *Rask psykisk helsehjelp(RPH)* vart starta opp i 2017. RPH er eit korttids behandlingstilbod for mild og moderat angst, depresjon og søvnproblem for dei over 16 år. Det er krav om at alle som jobbar i tilbodet skal gjennomføre vidareutdanning. Det skal vere eit gratis lågterskelttilbod og målet er å gje eit tilbod innan ein til to veker, slik at problem ikkje utviklar seg. RPH er etablert i 18 kommunar og Luster er ein av 13 kommunar som nå startar opp, og er med i nettverksgruppe i regi av Helsedirektoratet. Etableringsfasen går over 3 år med nye tilskotsmidlar kvart år.

- Prosjektet *Saman om barna i Luster* starta opp i 2017. Kommunen har motteke kr. 1 000 000,- (over 2 år) i tilskot til frå Bufdir. Det skal utarbeidast og innførast ein digital modell som viser korleis kommunen arbeidar for å sikre tidleg identifikasjon, oppfølging og hjelpe til utsette barn. Det er krav om opplæring av tilsette og at modellen blir lagt ut på heimesida. Dette for at både foreldre, barn/ungdom og fagfolk skal på ein enkel måte kunne sjå kva ein kan gjere i høve ulike utfordringar. Kommunen får rettleiing av Bufdir.





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto  
driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2015	168,1
2016	162,9
2017	172,1

# Omsorg

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i 5 tenesteeiningar; Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgs-senter, Hafslo omsorgssenter, Grandmo busenter og Arbeids- og treningscenteret (ATS).

## Overordna mål og delmål

### Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØH- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle dagtilbod for eldre heimebuande og dagtilbod for demente.
- Vidareutvikle og betre evna til førebyggjande arbeid, tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad og omsorgsplass.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØH – tilbodet og demensomsorga.
- Ta i mot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehus.
- Gje tilbod om sjukeheimslass, omsorgsplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov.
- Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering og velferdsteknologi.
- Gje yrkeshemma eit godt tilpassa og meiningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at

tilsette får størst mogleg stillingar.

- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.

### Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande (kostra) funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Sjukeheim/institusjon
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningscenteret (ATS)

Verktøyet ”IPLOS” (Individbasert PLeie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (nivå for tildeling), under dette behov for sjukeheimslass og/eller heildøgns tenester på omsorgsplass eller i bustad. IPLOS sikrar ei einsarta og grundig vurdering av alle pasientar og gje grunnlaget for interne prioriteringar.

### 254 Hjelp i heimen

#### Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan etter individuelle vurderingar gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhold av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask. Vask av vindauge - maks 2 gongar pr. år. Vasking av brukaren sine klede og sengeskift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere

innkjøp frå nærmeste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.

- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelpe til å bestille middag.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

#### *Praktisk bistand - opplæring:*

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelpe til å skapa oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, bu-rettleiing og til å strukturere kvardagen.

#### *Matombringing:*

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. I dag vert middagen levert av heimetenesta.

#### *Tryggleiksalarm:*

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørande eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

#### *Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:*

Tenesta er døgnbasert og behovet må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følgje til lege/sjukehus eller tenester som vert dekka av andre tenester, t.d. heimehjelp.

#### *Dagsenter:*

Føremålet med tenesta kan være hjelpe til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

#### *Individuell plan (IP):*

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

#### *Brukarsyrt personleg assistanse(BPA):*

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelpe til personar med funksjons-hemming som har behov for dagleg bistand i og utanfor heimen. Brukar er arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei rammer som vedtaket gjev. Det vart i 2017 etablert eit BPA tiltak.

#### *Omsorgsløn:*

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepene ”særleg tyngjande” inneber at oppgåvene må vere ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rett på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

#### *Hjelpe i heimen - tal tenestemottakarar:*

	2015	2016	2017
Tryggleiksalarm	83	86	106
Praktisk bistand	129	158	168
Heimesjukepleie	172	175	202
Matombringing	50	56	64
Omsorgsløn	20	18	14
BPA	1	1	1

Tal tenestemottakarar er pr. 31.12. Det kan vere variasjonar i løpet av året i forhold til tal tenestemottakarar og deira hjelpebehov.

## **262 Butilbod utanfor institusjon**

#### *Omsorgsbustadar:*

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Legetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Det er 3 omsorgssenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader :

Hafslo:	16
Luster:	18
Gaupne:	36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)
<u>Sum</u>	<u>70 omsorgsbustadar i kommunen</u>

#### *Omsorgsplassar med heildøgns tenester:*

Omsorgsplassar vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det vart i 2017 etablert 28 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter og 18 på Hafslo omsorgssenter – alle med heildøgns tenester.

#### *Tildeling av omsorgsbustad og omsorgsplass:*

Tildeling av bustad skjer etter ei samla vurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkeren har vore registrert med søknad til omsorgsbustad elle omsorgsplass med heildøgns tenester.

## 261 Institusjon:

Kommunen sitt institusjonstilbod vert gjeve i form av 30-33 langtidsplassar ved Luster omsorgssenter og 8-12 korttidsplassar ved Gaupne omsorgssenter (i korttidsavdelinga/KA). To av plassane i KA er kommunale akutte døgnplassar (KAD). Den samla institusjons-kapasiteten i kommunen er frå 2017 38 – 45 plassar.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av omsorgsbustadar, omsorgsplassar med heildøgns tenester, institusjonsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for omsorgstenesta, leiar av Gaupne omsorgssenter/ stedfortredar for leiar av omsorgstenesta og helsesjef/ kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta.

Institusjonstilboden har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Korttidsopphald.
- Augeblikeleg hjelp opphold (KAD).
- Tidsavgrensa opphold (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.

Dei fleste nye som får plass i institusjon blir tildelt "Tidsavgrensa opphold". Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og veklagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte.

Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

*Tidelte tenester tildelt gjennom året (tal opphold):*

	2015	2016	2017
Avlastningsopphald	44	23	19
Tidsavgrensa opphold	223	201	192
Nattopphald	1	1	2
Øyeblinkeleg hjelp døgnopphald (ØHD)	104	123	105
Dagopphald	12	8	5
Langtidsopphald	76	67	19

Omsorgsplass med heildøgns tenester			57
-------------------------------------	--	--	----

*Tabellen syner samla tal tildelingar gjennom året.*

*Tala for ØHD- tilboden syner tal pasientar, og ikkje tal liggjedøgn (dei fleste ligg inntil 3 døgn).*

*Status pr. 31.12.2017:*

	2015	2016	2017
Avlastningsopphald	0	2	1
Tidsavgrensa opphold	3	9	5
Nattopphald	0	0	0
Øyeblinkeleg hjelp døgnopphald (ØHD)	4	2	3
Dagopphald	11	5	3
Langtidsopphald	55	46	29
Omsorgsplass med heildøgns tenester			41

## 234 Aktivisering, eldre og funksjonshemma

*Støttekontakt:*

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og voksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meiningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følgje til fritidsaktivitetar.

*Avlastning utanfor institusjon:*

Tenesta er avlastningstiltak for personar/familiar med eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastningstiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning.

*Mottakarar av avlastning utanfor institusjon, støttekontakt og dagsentertilbod:*

	2015	2016	2017
Avlastning utafor institusjon	10	9	8
Støttekontakt	53	54	50
Dagsenter	55	47	30

*Tal tenestemottakarar er pr.31.12. Tala varierer noko gjennom året.*

*Ressurskrevjande tenester:*

Dette er tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/ brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm. Behov

## Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2017	Resultat 2017
				Luster	Landet		
<b>Felles</b>	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra /EDB sak og arkiv, Gerica	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Øk. resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap		-	<= 100%	98,7%
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt)	Bedre kommune	-			3,7
	M	Sjukefråvær: <ul style="list-style-type: none"><li>• Luster omsorgssenter</li><li>• Gaupne omsorgssenter</li><li>• Hafslo omsorgssenter</li><li>• Grandmo busenter</li></ul>	Fråværsstatistikk			<= 8%	7,5% 9,3% 8,2% 9,5%
<b>Sjukeheimsteneste / Heimeteneste</b>	B	Andel årsverk med fagutdanning:	SSB/KS	85 %	74 %	85 %	85 %
	B	Liggedøgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar:	Samhandlingsbarometeret	0	-	0	0
	B	Andel brukarar med samansette behov som har fått tilbod om IP:	Gerica	100 %	-	100 %	100 %
	B	Avvik knytt til legemiddelhandtering:	LKK	23	-	0	7
	B	Avvik knytt til fall med brot:	LKK	2	-	0	7
	B	Avvik knytt til screening – ernæring:	LKK	-	-	-	-

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Det økonomiske resultatet er positivt.
- 10 faktor medarbeidarundersøking vart gjennomført for første gong i 2017. Det var difor ikkje sett mål. Neste medarbeidarundersøking vil bli gjennomført i 2019.
- Sjukefråværet – særleg ved to av einingane – var høgre enn ynskjeleg.
- Rutinar for legemiddelhandtering er klargjort og dette har gjeve positive resultat.
- Det er ein auke i avvik knytt til fall. Dette er eit område som vert fylgt opp.
- System, måling mm. for screening har vore for uklart, og ein har ikkje sikre tal for 2017. Det vert arbeidd med klargjering av dette styringsmålet (ny prosedyre mm.).

og innsats innan dette er som elles i landet aukande og det er eit eige øyremerk statstilskot til ordninga som sler inn når hjelpebehovet vert stort.

Tildelte tenester/status pr. 31.12:

	2015	2016	2017
Ressursbruk i årsverk	32,7	32,5	36,4
Tal brukarar	21	21	23

Dagtilbod for demente:

I tråd med nasjonale føringer og kommunestyret sitt

vedtak frå april 2016 vart det frå februar 2017 etablert eit dagtilbod for demente ved Hafslo omsorgssenter.

### 273 Aktivisering - Arbeids- og treningsenteret (ATS)

Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilboden er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca. 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierande tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

Det vert lagt stor vekt på trivsel, meiningsfulle oppgåver tilpassa den einskilde og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte. ATS er den største vedprodusenten i distriktet og for andre produkt og tenester har ein etterkvart oppnådd godt tilpassa tilbod både for arbeidstakarar og kundar. ATS tilbyr i tillegg til dei faste plassane også mellombelte plassar for brukarar frå NAV, Sogneprodukter, Fretex, Sogndal Vidaregåande skule mfl. Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser. Tilboden er under utvikling og justering for å kunna gje eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafor tilgjengelege ressursar.

Det er viktig å oppretthalde eit relativt stort volum (brukarar og arbeidsoppgåver) for å kunne gje aktuelle nye brukarar gode og tilpassa tilbod, samstundes som eit stort volum sikrar betre moglegheit til å gje dagens brukarar eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

ATS kan tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri med rulling av dukar, gardiner, utleige av dukar, reparasjon av arbeidstøy.
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar.
- Matlaging/kantinedrift/catering.
- Digitalisering/scanning av biletar og dokument.
- Fruktleveranse til arbeidsplassar.
- Grøntarbeid/hagestell og gravstell.
- Vaktmeisteroppgåver og bistand til drift av lager for hjelpemiddel.
- Internttransportrute, mat frå Sentralkjøkkenet til omsorgssentera
- Postruter
- Riving og pakking av bomullstøy og pakking av strøsand
- Monteringsarbeid, inkl. div. pakking
- Transport- og flyttehjelp
- Makulering
- Snekkeroppgåver og bygging av minibyggar
- Sentralbordteneste og kundemottak
- Utpllassering i andre verksemder

ATS har gjennom året vidareført og vidareutvikla eksisterande oppgåver. Ein har i tillegg lukkast med å etablera nye, som td. telefon- og kundemottak mfl. Det har ikkje vore mogeleg å ta ned vedproduksjonen, fordi ein ikkje har lukkast i å etablera tilstrekkeleg med oppgåver til erstatning for denne produksjonen.

## Aktivitet 2017




### Omsorgstenesta:

- Omfattande arbeid med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i 11 punkt frå 21. april 2016 (sak 28/16) om ny organisering, ny samansetjing av tenestetilboden mm.

- Arbeidet med installering av nytt digitalt varslingsanlegg på Hafslø vart starta opp.
- Luster deltok i eit regionalt velferdsteknologiprosjekt saman med 9 andre kommunar. Målet er å innføre gode velferdsteknologiske løysingar. Nasjonalt velferdsteknologi-program ligg til grunn for arbeidet. *Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester* (USHT) er ansvarleg for drift av prosjektet som vert vidareført i 2018.
- Det vart gjennomført ei kartlegging av maskinpark, møterom, programvare mm. og det vert lagt opp til gradvis utskifting og oppgradering. Det vart under dette bli lagt vekt på vidareutvikling av systemet med meldingsutveksling, telemedisin samt aktiv bruk av elektronisk pasientjournal og dokumentasjonssystem.
- Det vart arbeidd aktivt med vidareutvikling av etablerte førebyggjande tiltak og innføring av nye. Døme på dette er balansetrenings, dagtilbod for eldre heimebuande, SeniorSirkel, førebyggjande heimebesøk og kvardagsrehabilitering.
- Kommunen fekk kr. 500 000,- i tilskot for å utvikle ny arbeidsform/modell for tenesta habilitering og rehabilitering i tråd med nasjonal opptrappingsplan 2017 – 2019. Ein skal som del av dette utarbeide ein oppdatert kommunal plan for habilitering og rehabilitering. Innføring av kvardagsrehabilitering er også ein del av dette prosjektet.
- Arbeidet med etablering av Hafslø omsorgssenter som eit kompetansesenter for demensomsorg starta i 2017. Luster er under dette tildelt kr 500 000 for deltaking i eit nasjonalt utviklingsarbeid saman med 13 andre kommunar. Målsetjinga er å utvikle- og prøve ut modellar for systematisk oppfølging etter demensdiagnose. Prosjektet vil gå over fleire år og det kan søkast om midlar for kvart år i deltek.
- Luster fekk tildelt eit statstilskot på kr 351 650 til drift og utvikling av dagtilboden på Hafslø. Det vil bli søkt om statlege midlar til dette tilboden også i 2018.
- Auka satsing på arbeidet med fag- og fagutvikling med utgangspunkt i *Pasient-sikkerhetsprogrammet*. Det er arbeidd med utvikling av system, prosedyrar og avvikshandtering knytt til ernæring, medikamentbruk, fallførebygging mm.
- Det vart starta eit prosjekt med planlegging av renovering av hovudbygget og bygging av nye bustadar ved Grandmo busenter. Prosjektet er viktig for å sikre god og naudsynt bustadkapasitet og tenestetilbod til aktuelle brukarar i tida som kjem.
- Det vart starta ei organisasjonsutviklingsprosjekt for Grandmo busenter og tilgrensande tenester (ATS, psykisk helseteam, heimetenesta, NAV). Målsetjinga er etablering av ei tidsriktig organisering av tenestene til dei aktuelle brukargruppene. Prosjektet vil bli gjennomført parallelt med byggprosjektet.

## Arbeids- og treningsenteret (ATS):

- Stor satsing på kompetanseutvikling i form av synfaringar og samarbeid med verksemder i same bransje, førstehjelphjel- og hjartestartarkurs, div. praktiske kurs, førarkurs v. tilsette på Sogndal Trafikkstasjon, arbeidsmiljø og stressmeistring, inkluderande arbeidsliv v. Arbeidslivssenteret, deltaking på konferanser, samarbeid med Habiliteringstenesta om «Wittgenstein og eg» (førestilling).
- Søkt om å få delta i statleg forsøk vedr. kommunalt VTA-tilbod
- Oppgradering av ATS sin del av dei kommunale heimesidene.
- Etablert eige telefon- og kundemottak
- Inntak på over 20 nye personar. Stor auke i innsøking frå personar med reell restarbeidsevne, noko som fører til større forventingar til meiningsfulle oppgåver.
- Utvida transporttenesta
- Ny film som viser nokre av medarbeidarane og oppgåvene ved ATS.
- Meir innsats på informasjon og marknadsføring (i siste halvdel av 2017)
- Kjøpt inn ny bil til bruk for persontransport og kjøkken/vaskeri.
- Kjøpt inn div. maskinar til grøntarbeidet, installert eigen dieseltank 3000 liter, montert nytt lagertelt, fått på plass Vipps-betaling,



## Økonomisk resultat:

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik	Rekn 16
234	Aktivisering og ressurskrevjande tenester	11271	10764	4,7	9603
253	Hjelp i institusjon	38920	40567	-4,1	58460
254	Hjelp i heimen	75395	77265	-2,4	49251
261	Butilbod i institusjon	993	606	63,8	2474
265	Butilbod eldresenter og utleiebustader	-2895	-3749	22,8	-2232
273	Arbeids og treningscenteret	3892	3860	0,8	3996
	<b>Sum</b>	<b>127576</b>	<b>129313</b>	<b>-1,3</b>	<b>121552</b>

234): Meirforbruk som følge av nye tiltak og mindre statstilskot enn budsjettet.

253): Mindreforbuks som følge av større inntekter på institusjonsopphald og sal av mat enn budsjettet, mindre forbruk på kurs/reise- og opphaltsutgifter og andre forbruksvarer enn forventa, samt innsparing ved omlegginga av vaskeritenesta.

254): Mindreforbruk som følge av ikke-budsjetterte inntekter for opphold i sjukeheim i samband med overgang til omsorgsplass og høgre brukarbetaling enn budsjettet.

261): Netto er mindreinntekter/meirforbruk som følge av mindre leigeinntekter og høgre straumutgifter.

265): Mindreinntekter som følge av mindre leigeinntekter på kommunale bustadar.(feilbudsjettering og tomme hus.) Resultat 2017 for funksjon 253, 254, 261 og 265 er ikke samanliknbar med 2016 grunna utviklings-/omstillingsarbeidet innan omsorgstenesta. Sumresultat er positivt og innfrir prosjektmåla.


273): God balanse. Meiraktivitet utover budsjett, mindre svikt i salsinntekter for å nå nettoramme.

## Tiltak etter 2017 fra samfunnsdelen til kommuneplanen

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2017
Utvikla kultur- og aktivitetstilbod som stimuleringstiltak i for å fremje god psykisk og fysisk helse blant heimebuande.	Vidareføre og vidareutvikle eksisterande kultur- og aktivitetstilbod og vurdere nye/fleire tilbod.	Luster frivilligsentral, Frivillige lag og organisasjonar, tilskot frå Helsedirektoratet	God oppfølging
Helse og omsorgsplan skal vera førande for kommunen sine tenester og handsamast kvar valperiode.	Arbeidet med gjennomgang og vurdering av det samla tenestetilbodet i pleie og omsorg vil og omfatte ein revisjon av Helse- og omsorgsplan		Oppfølging av k.st sitt vedtak frå april 2016
Tilretteleggja og ta i bruk ny IT-teknologi for å kommunisere mellom ulike helsenivå og tenester	Ta i bruk digitale løysingar der det er føremålstenleg.	Velferdsteknologiprojekt. Kom ut. Helse Førde Ulike leverandørar	God oppfølging
Arbeide aktivt og systematisk med fag- og fagutvikling og vidareutvikling av tenester i alle einingane.	Fast oppfølging som del av dagleg drift samt deltaking i fleire regionale og nasjonale prosjekt.	Pasientsikkerhetsprogrammet Nasjonalt demensprosjekt Habilitering og rehabilitering Kvardagsrehabilitering	God oppfølging



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

“Fl. Sos., Bv”

2015 2,0 - 1,8, - 3,9

2016 3,0 - 2,3, - 3,9

2017 2,5 - “2,3” - “3,9”

# Sosial

## Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand og Luster - med Sogndal som vertskommune.

## Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, einslege forsørgjarar og barnefamiliar.
- Gje opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebyggja sosiale problem og tilbod om gjelds- og økonomirådgjeving til personar som har utfordringar.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny-rekruttering av sosialhjelp mottakarar.
- Kommunen skal tilby aktivitetstiltak for personar som har arbeid som eit langsiktig mål og som i dag tildeles økonomisk stønad.
- Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til at fleire kjem over i arbeid og aktivitet.
- Integrering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet på heiltid og fulltid, med norskopplæring, arbeids- og språkpraksis og tett samarbeid med dei frivillige organisasjonar for ein meiningsfull fritid.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

## Tenester og oppgåver – generelt:

### 242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelprettleiing:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerheitsnett og skal sikre at alle har nok midlar til livsopphald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Hjelpa kan ytast som bidrag, lån eller garanti for lån, og er ei skjønnsmessig yting der alle søkerar har krav på individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er meir enn noko anna knytt til arbeidslivet og det er eit mål at alle skal være i stand til å forsørge seg sjølv.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjet og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slike arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Det skal difor gjevast tilbod om gjelds- og økonomirådgjeving til personar som har utfordringar.

Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løsing med kreditorane, der og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

Utviklinga i tal klientar, saker og utbetalingar er slik:

	2016	2017
Tal klientar m/utbetaling	74	93
Tal saker	573	547

Om lag 53% % av tal klientar er flyktningar eller arbeids innvandrarar.

### **283 Tilskot til etablering/tilpassing:**

Det ligg to tilskotsordningar i funksjon 283.

Bustadtorskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustad-marknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad.

Det kan også søkjast om tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilde behov for å gjere bustaden betre eigna. Kommunen blir tildelt midlar fra Husbanken, og føretak tildelinga. Utviklinga i høve tilskot til etablering/tilpassing er slik:

	2015	2016	2017
Mottekne søknader	4	2	2
Utbetalt i kr	411.000	18.000	444.000
Tildelte midlar frå HB	50.000	450.000	0

*Ordninga blir kunngjort i avis og Lustranytt. Kommunen har ei eiga bustadrådgjevings-gruppe. Ergoterapeut rettleiar om ordninga ved ev. tilpassingar i heimen.*

### **Andre stønadsordningar frå Husbanken:**

**Startlån:** Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalda denne. Føremålet med startlånet er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at disse kan få eit trygt og godt buforhold. Nye retningsliner for tildeling er gjeldande frå 1.4.2014. *Bustønad* er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga og betalar ut midlane. Kommunen tek i mot og registrerer søknadene i Husbanken sitt system.

Utviklinga i høve startlån og bustønad er slik:

**Startlån** (kommunen tek opp lån for vidare utlån)

	2015	2016	2017
Mottekne søknader	7	6	17
Utbetalt i kr	3 805 000	4 819 500	5 493 000
Tildelte midlar frå HB	4 000 000	5 000 000	5 000 000

*Frå 2012: Nytt krav om 15 % eigenkapital for å få lån i ordinær bank. Etterspurnaden etter startlån auka. Kommunen skal prioritere dei mest vanskelegstilte husstandane.*

**Bustønad** (statlege midlar, synes ikkje i kommunen sitt budsjett og rekneskap)

	2015*	2016	2017
Mottakarar	69	58	80
Gj. snitt utbet. pr. mottakar	22.596	26.375	23.616
Samla utbetaling	1 078 988	1 530 000	1 249 847

*Ordninga bør truleg gjerast betre kjend, for å fange opp fleire som kan ha rett på bustønad. Eigne tal – tal frå Husbanken er ikkje klare*

### **276 Kvalifiseringsprogrammet:**

Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Programmet skal vere heilårleg og på full tid. Rettleiar og bruker skal saman planlegg innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor medverknad på innhaldet i programmet og får tilpassa oppfølging.

### **281 Flyktingtenesta:**

Luster har sidan 2010 teke i mot flyktingar i "nyare tid". I mars 2015 vart det vedteken ny strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar som gjev mål og overordna føringar for flyktingarbeidet i kommunen. Flyktingane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Programmet skal vere på heiltid og fulltid. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta utgangspunkt i den einskilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsliv og økonomisk sjølvstende. Pr 31.12.2017 deltok 25 flyktingar i introduksjonsprogrammet.

Per 31.12.2017 budde det 105 flyktingar i Luster. Tala tilbake til 2010 er slik:

	2015	2016	2017	SUM
Busetjing	19	20	23	
Familie-sameining	1	9	6	
Fødde	1	3	3	
SUM	21	32	32	
Flytta ut	5	6	7	
Flytta inn		2	1	
Buande i Luster ved utgangen av 2017				105

Ved utgangen av 2017 var det følgjande fordeling på nasjonalitet

Nasjonalitet	Tal per 01.08.17	Tal per 15.12.17
Eritrea	27	28
Kongo	6	6
Etiopia	8	8
Somalia	26	26
Syria	28	33
Irak	0	1
Afghanistan	0	2
Statslaus	0	1
<b>Totalt</b>	<b>95</b>	<b>105</b>

22 personar har sidan 2010 flytta frå kommunen. Det er mange årsakar til flytting:

- Utdanning (har ikkje ynskja tilbod i Luster).
- Arbeid (betre arbeidsmarknad i andre område).
- Familiesameining (familie/venner i anna kommune).
- Flytting til større byar (større miljø, fleire tilbod mm.).

### 213 Luster vaksenopplæring (LVO):

I september 2016 vedtok kommunestyret at Luster sjølv skal ta ansvaret for opplæring av vaksne flyktningar busett i kommunen med rett og plikt etter introduksjonslova. LVO starta opp drifta i Grandmo

lagshus i august 2017. LVO er organisatorisk og administrativt lagt til NAV, mens det overordna faglege ansvaret er lagt til kommunalsjef oppvekst. Det er lagt opp til tett samhandling med frivillige lag og organisasjonar. Det er også etablert eit tett og godt samarbeid med biblioteket. Overordna mål med opplæringa er overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

### 251 Barnevernsteneste i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillig tiltak der familien har samtykka til hjelp. Fleire familiar tek i mot hjelpetiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har fokus på å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim og har eigne stillingar for tiltaksarbeid i familien.

### 252 Barnevernsteneste utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke (frivillig) og ved omsorgsovertaking. Dette er ressurskrevjande tiltak som vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følgje opp barn som er plasserte

### Sosiale tenester i NAV:

Styringsmål	2016		Mål 2017	Resultat 2017
	Luster	Landet		
1 Tal klagesaker	1	-	0	2
2 Snitt stønadslengde (md) 18-24 år	6,9 md	-	2,5 md	3,5
	5,4 md	-	3,5 md	6,4
3 Andel som går over 6 md. på stønad	33 %	35 %	20 %	50%
4 Andel mottakarar som får gjeldsrådgjeving/økonomisk rådgjeving	21 saker	-	20 saker	22 saker
5 Andel med sosialhjelp som hovudinntekts-kjelde (av 93 mottakarar i 2017)	53 %	47,3 %	25 %	27%

### Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

- 1) To klagesak stadfesta av Fylkesmannen. Tal saker i 2017 vart totalt 547.
- 2) Det er eit mål at tid med sosialstønad vert så kort som mogleg. Personar i alderen 18-24 hadde i 2016 eit snitt på 6,9 md, dette er i 2017 redusert til eit snitt på 3,5 md. Personar i alderen 25-66 hadde i 2016 eit snitt på 5,4 md og i 2017 eit snitt på 6,4 md, utviklinga her er negativ. NAV Luster hadde i 2017 tiltak for 21 personar i alderen 18 – 24 år.
- 3) Personar som fekk stønad over 6 md. har auka frå 33 % til 50 %. Dette syner ei negativ utvikling og det er eit klart mål at andelen vert redusert. Årsaka er i hovudsak auke i tal klientar med flyktningbakgrunn og arbeidsinnvandrarar.
- 4) Av tal klientar i 2017 (125 personar/93 med utbetaling) var det 22 saker eller 17,5 % som fekk gjeldsrådgjeving - både individ og familiar. Dette er også eit område det vert arbeidd særskild med og eit område vi ser er aukande behov for råd og rettleiing på.
- 5) I 2017 var det 27 % (av 93 personar) som hadde sosialhjelp som hovudinntekt. Det er eit klart mål at andelen går ned, noko ein har delvis lukkast med dette.

Sogn barnevern:

Styringsmål	Status Luster		Mål 2017	Resultat 2017
	2015	2016		
1	Tal mottekne meldingar	25	20	-
	Tal henlagte meldingar	2	5	-
	Tal fristbrot oppfølging av meldingar (frist på 7 dg)	0	0	0
2	Tal undersøkingar	30	15	-
	Tal henlagte undersøkingar	12	3	-
	Tal fristbrot (frist på 3 md.)	6	0	0
3	Tal barn med tiltak pr. 31.12	51	24	-
	Andel barn i tiltak pr. 31.12 med tiltaksplan	90 %	70, 8 %	100 %
				100%

Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

Generelt: Det er ikkje føremålstenleg å setje mål på tal mottekne meldingar, tal henlagte meldingar, tal undersøkingar, tal henlagte undersøkingar og tal barn med tiltak pr. 31.12. Dette må difor sjåast på som reine indikatorar. Det er sett mål på tal fristbot for oppfølging av meldingar (0), tal fristbrot (0) og andel barn i tiltak med tiltaksplan (100 %).

- 1) Når det kjem inn ei *melding* om bekymring for barn skal barnevernstenesta innan 7 dagar avgjere kva som vert gjort med meldinga, anten legge den vekk eller følgje opp. Sogn barnevern hadde ingen fristbrot på oppfølging av meldingar i 2017.
- 2) Når barnevernstenesta har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er fristen for å gjennomføre ei *undersøking* tre månader, i særskilde tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Målet er null fristbrot, jf. krav i barnevernslova. Dette har ein oppfylt i 2017.
- 3) Eit *hjelpe tiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år skal ha tiltaksplan. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg og etter behov, minimum fire gonger i året. Lovkrav og målsetjinga er at alle skal ha tiltaksplan. Sogn barnevern stetta dette kravet i 2017.

og familien til barnet etter plassering. Tenesta har som mål å i større grad unngå omsorgsovertakingar ved å sette inn gode rettidige hjelpe tiltak i heimen for å betre omsorgssituasjonen til utsette barn

## Aktivitet 2017

### NAV Luster:

- NAV Luster hadde i 2017 4,5 statlege- og 4,3 kommunale årsverk. Derav eit statleg årsverk som seniortiltak og 2,5 årsverk knytt til flyktingtenesta og 50% som økonomisk/gjeldsrådgjevar. Leiar kjem i tillegg med 50% stat og 50% kommunalt.
- Mottak og busetjing av flyktingar er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak.
- Etter vedtak i kommunestyret om etablering av Luster vaksenopplæring tok Luster sjølv ansvaret for opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktingar fra august 2017.
- Ved Luster vaksenopplæring (LVO) var det ved

utgangen av 2017 1,8 årsverk lærer og 50% fagleiar, i tillegg til 30% reinhaldsressurs.



- NAV kontoret er organisert etter behov og med mål om overgang til arbeid Det er lagt vekt på tverrfagleg internt og interkommunalt samarbeid
- NAV har i deler av 2017 hatt eit høgt sjukefråvær, og har bare delvis kunne leigd inn personell. NAV kontoret gjennomførte hausten 2017 HKI (humankapitalindeksar –måling på arbeidsmiljø, leiarskap, engasjement for jobben.) og fekk eit godt resultat.
- NAV starta opp prosjekt knytt til barnefattigdom i 2016 med midlar frå Fylkesmannen og har gjennom 2017 jobba godt med dette for å hindre utanforskaps, det har vore knytt ein 80% prosjektstilling til dette arbeid.
- Auka innsats i høve kvalifiseringsprogrammet og programminnhald med 37,5 t/veke, der ein har fått ein auke i tal deltakarar.
- Det er i 2017 etablerte eit godt samarbeid og avtale med Luster Frivilligsentral. Det har vore størst

merksemde på kvinnegruppe og leksehjelp til unge flyktningar.

- Det har i 2017 vore eit tett og godt samarbeid med kommunale einingar og næringslivet om arbeids- og språkpraksis.

#### Sogn barnevern:

- 2017 var eit krevjande år for Sogn barnvern. Administrativ- og politisk leiing i Luster er jamleg informert om dette i eigne rapportar, skriv, møter mm.
- Ved utgangen av 2017 hadde Sogn barnevern totalt 12,8 årsverk. I dette ligg 11 fag-/sakshandsamarstillingar, 0,8 merkantil-/økonomistilling og ei leiarstilling. To av fag-/sakshandsamarstillingane er finansiert av staten ved Fylkesmannen.
- Sogn barnevern har i 2017 prioritert kvalitetsarbeid, og det å sikre god sakshandsaming. Ein konsekvens av dette er at det har vore arbeidd mindre med tiltaksarbeid frå eigne tilsette, og ein har berre i avgrensa grad eigne tiltaksmedarbeidarar. Alle tilsette har vore aktivt deltagande i arbeidet med tenesta si kvalitetsutvikling.
- Det var i 2017 ein stor auke i tal meldingar og undersøkingar. Ved utgangen av året var det 72 aktive tiltakssaker og 25 omsorgssaker – totalt 97 aktive saker.



Frå opninga av Luster vaksenopplæring.

- Frå 2016 til 2017 er det 36% auke på tal meldingar. For å sikre god oppfølging er det nytta eksterne sakshandsamingsressursar gjennom heile 2017.
- *Tilsyn Arbeidstilsynet:* Arbeidstilsynet gjennomførte for nokre år sidan tilsyn i Sogn barnevern som gav avvik. Desse avvika fekk kommunen lukka etter korrespondanse med tilsynet. Arbeidstilsynet fekk kritikk i rapporten frå Arbeidsmiljøspesialistane for å lukke avvik for raskt. Arbeidstilsynet var inne på to oppfølgingsmøte i tenesta i 2017. Hausten 2017 valde Arbeidstilsynet å gjennomføre dette oppfølgingsmøte som eit tilsyn med positiv sluttrapport, der det opphavlege tilsynet vart endeleg avslutta.
- *Tilsyn Fylkesmann:* Det store dokumenttilsynet som vart presentert 6.12.16 (inklusiv tidlegare ikkje avslutta tilsyn) fekk til slutt 8 avvik. Det vart i ettertid utarbeidd ein forbetningsplan for tenesta som svar på tilsynet. I fleire runder svara Sogndal kommune ut



*Sogn Barnevern*

spørsmål frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og hadde til slutt eit møte med Fylkesmannen 20.12.17. Dei problemstillingane som stod att til slutt kan summerast opp til å vere korleis kommunaleiinga følgjer opp tenesta og sikrar at avvika vert lukka, samt etterspørsjing av om tenesta har skjema for utsjekk av ulike problemstillingar. Tilsyna frå Fylkesmannen er no avslutta. Sogndal kommune skal ha internrevisjon med barnevernstenesta i 2018, og Fylkesmannen har bede om å få denne rapporten tilsendt.

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik i %	Rekn 16
242	NAV	3562	4350	-18	3725
244	Barnevernsteneste	2724	2818	-3,3	2762
251	Barnevernsteneste i familien	709	673	5,3	824
252	Barnevernsteneste utanfor familien	8315	7765	7,1	6574
275	Introduksjonsstønad	4307	5000	-13,8	4349
276	Kvalifiseringsordninga	680	650	5	405
281	Økonomisk sosialhjelp	3579	3819	-6,3	2738
283	Tilskotsordningar Husbanken	755	322	134	432
<b>Sum</b>		<b>24631</b>	<b>25397</b>	<b>-3</b>	<b>20945</b>

242): Mindreforbruk som følge av endring i system med refusjonar, statstilskot, bruk av fond og permisjon i stilling. Aktivitet om lag som føresett med tillegg av eksternt finansiert prosjekt.

244 og 251): Kontorteneste og tiltak i heimen om lag som budsjettert.


252): Meirforbruket skuldast akutttiltak og mangel på fosterheimar som har ført til at ein må kjøpe statlege institusjonsplassar til ein høgre kostnad. Det er i tillegg ein reduksjon i inntektene som følge av at Bufetat ikkje har godkjend alle utgifter i tiltak det vert søkt refusjon til.

275): Dette er eit område med mange usikre faktorar, og vanskeleg å budsjettere slik flyktningområde har utvikla seg.


276): Meirforbruk som følge av fleire deltagarar. Område har vore lågt budsjettert utifra erfaringstal. Dette er ei lovpålagd teneste og det er positivt at ein no har fleire deltagarar.

281): Mindreforbruk som følge av færre saker/klientar enn budsjettert. Dette er positivt. Det er likevel større auke frå 2016 grunna auka tal flyktningar som treng auka støtte.

283): Meirforbruk som følge av auka utbetalingar (jf. tabellar over) og manglande tilskot frå HB.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2015	49,55
2016	50,1
2017	48,9

# Tekniske tenester

## Organisering

Tenesteområdet omfattar stabseiningane Plan, Eigedom og tenesteeininga Teknisk Drift.

### Hovudoppgåve Plan:

- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.
- Kartforvaltning og oppmåling.

### Hovudoppgåve Eigedom

- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan communalteknisk område.
- Førebyggande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

### Hovudoppgåve Teknisk drift:

- Teknisk drift er ei utøvande eining "Eigedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom "kjører" tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygga og anlegg.

## Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs. areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og

anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode råmer for sine tilbod og sitt virke.

- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessige løysingar til så gunstige prisar som mogleg.
- Ha eit kommunalt vegnett som dekker innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

## Tenester og oppgåver - generelt

Budsjettmessig har tenesteområdet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringer.

### 190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leiing, ingeniør v/a, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift.

Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Vedlikehaldsavdeling, røyrleggarar, maskinkøyrarar og reparatør, dekkar opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift

disponerer nokre større maskiner, bla, hjullastar, veggøvel og lastebil med kran.

Kommunen kjøper tenester til brøyting og strøing av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver på bygg(ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmestertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen på driftssida. Snekkarar og målar supplerer for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram .

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unntake pleie/omsorg.

### *265 Kommunale bustader*

Kommunen har ein stor bustadmasse. Noko over halvparten er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster Utleigebustader), og ein leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap.

Bustadmassen dekker kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehalds-oppgåvene vert dekka av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakrar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

### *301 Plansak*

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging, med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenesteområde skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

### *302 Byggesak*

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar fra planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova.

Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekka av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

### *303 Oppmåling*

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir

omhandla i plan- og bygningslova (§2-1). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhøyrande tenesteproduksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekka i kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvarspllassering på andre tenestestader.

### *315 Bustadbygging – bustadfelt*

Budsjetteknisk vert det budsjettet nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA.

Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen har ytt eit tilskot på kr 75 000,- per tomt til spreidd bustadbygging etter nærmere utarbeidde retningslinjer. Ordninga er avvikla frå 01.01. 2017 for nye saker.

Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomter. Jf. elles investerings-/planleggingsprogrammet.

### *330 Samferdsle*

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Det er avtale med Lustrabaatane AS for gjennomføring av ferjeruta. Anbodsperioden for ferja er t.o.m. 2021, ev tosidig opsjon t.o.m. -24. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/reiseliv, kr 450.000 pr år.

Leige av kai/kaiområde vert ført på funksjonen.

### *332 Kommunale vegar*

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca. 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruver skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter.

Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi og med innleige av maskiner. Brøyting vert utført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m. 30.04.2022. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (33303).

### *332 Trafikktryggleikstiltak*

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingsplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert

for gjennomføring. Driftsmidlar dekker mindre sikringstiltak. Eigendel til "Aksjon skuleveg" vert finansiert over investeringsplanen.

### 335 Offentleg toalett

I Luster Kommune er det ein del toalett, som er opne for alle, særleg om sommaren. Det er fleire overnattings- og serveringsverksemder, bensinstasjonar, butikkar og liknande, som i praksis har toalett som alle kan nytte. Einskilde verksemder har grunna lokalisering meir "offentleg" toalettbruk enn andre. Luster Kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentleg driftsansvar er relativt dyrt å drife. Her vert budsjettet tilskot til offentleg tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

### 338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretok kommunen sine plikter i medhald av brannlovgjevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane).

### 345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk.

Vedlikehald av 12 vassverk med m.a. tilhøyrande

leidningsnett og basseng. Driftsovervaking av tilknytte vassverk og basseng minimum 2 gonger/dagleg og analyse av vatnet i henhold til drikkevannsforskriften. Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

### 353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn på 50 kloakk-pumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført

4-6 gonger i året . Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkrør.

### 354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Simas har og ansvaret for fakturering av slamabonnentar. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

### 355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall. Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne.

Kommunen har sjølv ansvaret for renovasjon i sentrumsområde, utfartsområde og badeplassar. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.




## Styringsmål 2017

Styringsmål Luster			Datakjelde Landet	Status		Mål 2017	Resultat
				2017			
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-		0	
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0		0	
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Registrering Visma	106		<100	
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6	4,6	
	M	Sjukefråvær (Teknisk drift)	Fråværsstatistikk 2015	8,3		<5,0	
Teknisk	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	4		0	3
	B	Sakhandsamingstid oppmålingsforretning (snitt dg)	Kostra	65		60	
	B	Andel søknader om tiltak der kommunen overskrid lovpålagt sakhandsamingstidstid	Kostra	7%		0	

## Aktivitet 2017:

### Eigedom og anlegg, drift, vedlikehald og utvikling:

- Det har ikke vore endringar i stillingsresursar i 2017.
- Byggutvikling og større vedlikehald i 2017 er gjennomført i samsvar med planar/løyvingar med nokre mindre endringar:
  - Solskjerming - Jostedal skule
  - Enøktltak – varme/kjøleanlegg Gaupne barnehage, utskifting varmtvasstankar rådhuset, div. oppgradering ventilasjonsanlegg/ SD-anlegg Hafslø BU, Luster oppvekstsenter avd. skule og yrkesskulebygningane.
  - Hafslø barnehage – skifte av tak utvendig.
  - Luster eldresenter – måling utvendig.
  - Gaupne omsorgssenter og Gaupne eldresenter – div. ombygging kontor, medisinrom mm.
  - Helsecenteret – oppussing helsestasjon og legekontor
  - Gaupne skule – måling av klasserom
  - Dale skule – golvbelegg kjøkken og «forkontor»
  - Veitastrand skule – sliping og lakking golv gymsal
  - Hafslø barne- og ungdomsskule – innkledning av utvendig mur, lakking av golv i samfunnshuset/ gymsal og oppussing klasserom
- Kommunale utbyggingsprosjekt:
  - Hafslø barne og ungdomskule: Skulen var ferdig til å ta i bruk til skuleåret 2016/2017. Utområdet vart ferdig opparbeidt i 2017.
  - Rådhuset Byggjesteg 2, isolasjon tak, vegger, skifte vindauget og fasade.
  - Utviding og rehabilitering Jostedal oppvekstsenter, avd. barnehage



- Lustrabadet: Innreiing av rom 002, møterom, innreiing i lagerrom.

Lustrabadet var stengd i 6 veker hausten 2017 pga. av vedlikehald, utskifting/reperasjon av lause flisar i hovudbasseng, velvereavdeling, garderobar og kaféavdelinga.

- Brannstasjon, Sogn Brann og Redning IKS har disponert restmidlar for opparbeiding av øvingsområde

- Planlegging og prosjektering:  
*Friskhuset:* Planlegging gjennomført, prosjektet delt i to byggesteg, del 1 trenings-senter m/helsedel vart prosjektert for ev byggestart hausten -17. Løyving vart gjort i samband med handsaminga av budsjett 2018 ØP 2018 -2021. Byggestart januar 2018

*Gaupne idrettshall, skifte av tak:* Planarbeid/anbod synte for høge kostnader. Vidare planlegging, m/ev alternative løysingar og plan for rehabilitering vart drøfta.

- Kommunal bustadmasse (inkl. Luster utelegebustader) har totalt 78 utelegeeiningar. Teknisk drift har utført vedlikehaldsarbeid/oppussing av fleire bustadar, både kommunen sine eigne og SLU bustadar.

Per 31.12.17 var 69\* bustader uteigd.



\*2 bustader i Bringebakkane og bustad v/ omsorgssenter på Hafslo er i dårleg stand. Elles står bustaden i Fortun, ein i Jostedal og ein bustad på Veitastrond tomme, grunna ingen søknader.

Det kom inn 32 søknader om kommunal bustad i 2017. 13 nye søknader (inklusiv flyktningar) fekk tildelt bustad.

Einebustaden «styrarbustaden» på Hafslo har vore nyttå som bufellesskap for flyktningar.

Det er og leigd to private hus, eitt i Gaupne og eitt på Hafslo for uteleige til flyktningar.

- Kommunale byggjefelt:



- Nye tomtar i Drægni, Bolstadmoen, Høyheimsvik vart lagt ut for sal, tildeling 2018
- Verket 2: Dei to øvste tomtale i feltet er lagt ut til redusert pris i 2017 grunna utfordrande grunnforhold. Det gjenstår nedgravd bossløysing, postkasser som blir utført i 2018.  
Det har vore lite omsetting av tomtar i kommunale felt.
- Sentrumstiltak Gaupne. Arbeidet med oppgradering av torgarealet framføre Pyramiden stoppa opp i 2016 pga. av at Pyramiden som grunneigar ikkje ville gå vidare med planane. Det er gjennomført tiltak som førde til at bussane ikkje lengre kunne parkere inn på grøntarealet ved Lustrabadet, og det vart etablert gangveg fysisk adskilt frå trafikkarealet. Det

vert arbeidd vidare med utfordringane vedrørande trafikksituasjonen og andre sentrumstiltak.

### **Infrastruktur veg og anlegg.**

- Driftsutgiftene for kommunal veg i 2017 vart på 8,2 mill. (2016/7,25) Brøytekostnadane var 0,8 mill høgare i 2017 enn i 2016.
- Driftsutgiftene veglys er i 2017 1,15 mill, 0,25 over budsjett. På tross av at det vart brukt ca. 100.000 kWh mindre så auka straumutgiftene. Energiverket er utfordra på årsak.
- Anleggsutvikling – tiltak 2017:  
Asfaltering: Kryss Mjølver/ brevegen, Galdetoppen og Gaupnegrandane (på Gaupnegrandane er det og bygt nytt drenssystem).  
Opparbeiding av parkeringsplass Krossen og Høyheimsvik (rekker verk og asfalt står att) og ny veg Gaupnegrandane (forbi Byggtorget)
- Trafikktryggingstiltak: Tiltak som fekk tilskot frå fylkeskommunen vart starta opp, men ikkje ferdigstilt, sykkelparkering busstopp og gangtilkomst Gaupne skule.
- **Tal reisande med Solvornferja:**

År	Tal reisande	Herav skulereiser
2013	46 341	2 096
2014	46 332	2 210
2015	50 581	1 280
2016	50 836	1 285
2017		

- Brannvernet i Luster har hatt 47 utsyrkingar i 2017, (2016/26). 8 av utsyrkingane var til trafikkulykker, 8 utsyrkingar vart avbrutt og 6 utsyrkingar var til feil bruk av automatisk brannalarmanlegg.
- Prosjekt innan veg-, vatn- og avlaupssektoren (VVA) i 2017:
- Fleire stasjonar vart oppgradert i forhold til styring og kopla til det kommunale overvakningssystemet.
- Solsida veg, vatn og avlaup
- Kloakkledning Gaupnegrandane
- Kloakkledning Dalsøren- Ekservollen
- Ny vassleidning Sviggo-Prinsehaugen
- Ny kloakkpumpestasjon og toalettbygg Solvorn
- Nytt leidningssystem i Strandsona Solvorn
- Breheimsenteret vassverk
- Tildeling av anbod og oppstart med nytt høgdebasseng Røslebakkane

### **Plan og byggjeaktivitet.**

#### *Kommuneplanarbeid*

Det er eit lovkrav at samla kommuneplan skal reviderast i kvar valperiode. I førre periode vart arbeidet avslutta med vedtak av arealdelen i 2015

Kommuneplanen sin samfunnsdel, med handlingsdel, vart vedteken 14.12.2017, sak 67/17. Denne avløyser samfunnsdel frå 2013.

Planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel vart også vedteke av kommunestyret i møte 14.12.2017, som sak 68/17.

### **Regulerering**

- Som det går fram av tabellen nedanfor, vedtok kommunestyret 7 reguleringsplanar i 2016. Dette er fleire enn vanleg. 2 av reguleringsplanane er også svært store i høve til det som er vanleg i Luster. Dette gjeld reguleringsplanen for sentrale delar av Heggmyrane og reguleringsplan for Botn. Planen for Heggmyrane omfatta eit areal på om lag 2500 daa. Plan for Botn legg til rette for utbygging av om lag 130 bueiningar.
- Plan- og forvaltningsstyret la 4 planframlegg ut til offentleg ettersyn. Reguleringsframlegget for sentrale delar av Heggmyrane vart lagt ut i alt 3 gonger, dei 2 siste gongene i 2017. Plan har også arbeidd med revisjon av kulturminneplanen. Det har vore lite framdrift i nokre reguleringsarbeid, m.a. for Lundshaugen på Indre Hafslo og Gjerde i Jostedal.

### **Reguleringsvedtak i 2017.**

Dato	Plan
17.02.2017	Reguleringsendring Galden Nord – Hillestad traktorservice.
27.04.2017	Reguleringsplan Sandal - Hafslo
14.06.2017	Reguleringsplan Dale sentrum
14.06.2017	Reguleringsplan for Gaupne brannstasjon, Røneidsgrandane
21.09.2017	Reguleringsplan for Botn - Hafslo
21.09.2017	Sogn Motorsportsenter - Leirmoøygarden
14.12.2017	Reguleringsplan for sentrale deler av Heggmyrane

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avvik i %	Rekn 16
190	Teknisk drift	0	0		1
301	Plansak	1547	1435	7,8	377
302	Byggesak	967	802	20,5	806
303	Oppmåling	1229	1722	-28,6	949
315	Tilskot privat Bustadbygging	716	720	0,5	722
330	Samferdsel, Solvornferja	2189	2220	-1,3	2193
332	Kommunale vegar	9701	8078	20,1	8495
335	Sentrumsområde	315	309	1,9	362
338	Førebygging mot brann og andre ulukker	734	722	1,6	630
339	Beredskap mot brann og andre ulukker	4585	4595	-0,2	4403
345	Vassverk	-3646	-3957	7,8	-3604
353	Kloakk	-2636	-2378	-10	-2272
354	Renovasjon	0	-100		
355	Tømming av slam	0	-300		
	Sum	15701	13868	13,2	13062

301) Kommuneplanarbeidet vart utvida.

302) Lågare byggesaksgebyr enn budsjettet.

303) Auka oppmålingsgebyr, lågare bemanningskostnader enn budsjett

332) Meirforbruk brøytekostnad okt.- des. 2017 (0,8 mill) og generelt vedlikehald (0,8 mill) i høve budsjett

345) Meirinntekter (0,3 mill), men større meirutgifter vedlikehald i høve budsjett (0,6 mill)


353) Meirinntekter (0,3 mill).

## Tiltak 2017 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2017
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	Tar utgangspunkt i Plan for lokale kulturhus 2010 – 2021, vedteken i Luster kommunestyre 24.09.2009.	Bygdelaga	Arbeidet starta opp i samband med budsjettarbeidet 2018.
Etablara ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvane: - Fylkesvegar - Kommunale vegar - Private vegar – tilskotsordn. - Gang- og sykkelvegnett - Veglys - Parkeringsplassar i utfartsområde - Ferjedrift - Anlegg for drivstoffylling for småbåtar - Ladestasjon for el-bil i Gaupne	For å få ei effektiv og økonomisk drift av vegar, samt nybygging og endring vegar er det å ha ei langsigktig plan ynskjeleg. Sjølv om arbeidet startar opp i 2014 så vil det truleg ikkje verta fullført før i 2015.	Fylkeskommunen, SVV	Arbeidet er starta opp. Har ikkje hatt ønska framdrift. Vidareførast og ferdiggjerast i 2018.
Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Redusert standard på grøntområde, spesielt i Gaupne sentrum. Dette gjeld spesielt blomster, trær og andre buskvekstar.	Eigen regi	Arbeidet starta opp i 2017. Strategidokumentet er planlagt ferdigstilt våren 2018
Stimulera fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø	Sjåast i samanheng med punkt om utarbeide strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Bygdelag	Sjå over



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2015	5,5
2016	5,5
2017	5,5

# Næringsutvikling og naturforvaltning

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultateining (landbruk og naturforvaltning).

## Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringar.
- Føre vidare den kommunale næringspolitikken som skissert i k-sak 11/16: «Grunnlaget for handsaming av næringssaker i Luster kommune».
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 320 Kommunal næringsverksemد

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.
- Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedteke i budsjettet for 2012

### 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen, næringsnettverket i Sogn og bankvesenet.
- Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.

- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Ha ledige næringsareal og tilgang til bygg for næringstiltak
- Delta i utvikling av kompetansen i næringslivet
- Kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet

### 329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå
- Få etablert lønsame tilleggsnæringer på gardsbruk
- Leggja til rette for ”Inn på tunet”-tilbod
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (IBU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt om søknader til Innovasjon Noreg.
- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproduktiv mark.
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.
- Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.
- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg årlig.
- Administrera veteranærordninga for kommunane som inngår i Luster veteranærdistrikt. Syta for tilgang til veteranær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

### 360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning og utmarksforvaltning

- Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.
- Oppfølging av handlingsprogrammet i gjeldande kommunale plan for friluftslivet.
- Ta hand om ureinings- og forsøplingssaker og handsama søknader om brenning av avfall. Følgja opp kommunen sine oppgåver elles på miljøområdet.
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Forvalta verneområde kommunen har fått ansvaret for i tråd med gjevne verneregler og innarbeidd praksis i kommunen.
- Samarbeida med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområde.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltninga.
- Syta for at tilstanden i vassdrag, grunnvatn og sjø tilfredsstiller krava etter vassforskrifta. Gjennomføra naudsynt kartlegging/overvakning og setja inn tiltak ved behov.

### Næringsarbeid - aktivitet 2017:

I februar 2017 hadde Kommunestyret sin årlege gjennomgang av «Grunnlaget for handsaming av næringssaker i Luster kommune», det vart ikkje gjort store endringar. Det vedtekne dokumentet er både ein administrativ og politisk styringsreiskap, som fungerer godt.

Talet på vedtakssaker i næringsutvalet i 2017 var 26 saker, i 2016 var det 30, i 2015 var talet 26 og i 2014 var det 25 saker.

Luster kommune er aktiv part i mykje av utviklingsretta aktivitet i næringslivet. Det gjeld finansieringssaker, men også som ein instans for drøfting og vurdering av ulike tiltak. Tilrettelegging og sal av næringssareal fra kommunen er og eit saksområde.

### Finansiering via Næringsfondet:

Dei fleste sakene i næringsutvalet er finansieringssaker i høve næringfondet.

	2014	2015	2016	2017
Samla utlån til næringsslivet pr 31.12. mill kr.	75	79,4	68	67

Tilsagn om tilskot i budsjettåret via saker i næringsutvalet/kst.	4,8	10,4	4,8	5,0
Utbetalt nye næringsslån i året	12,5	9,5	3,2	7,4
Innbetalte avdrag på næringsslån i året	5,6	5,2	13,8	8,1
Innbetalte renter på næringsslån i året	1,6	1,6	1,8	1,1

### Næringsareal

Luster kommune har framleis ein god reserve med næringssareal tilgjengeleg i Gaupne. På Hafslø vart det nye næringssområdet klart i 2015. Det har vore ei sak med sal av næringstomt i 2017 på Røneidsgrandane og ei sak på Galdetoppen der to verksemder som alt eig tomt, kjøpte kvar sin halvpart av ein tomt som låg mellom dei.

### Samarbeid med andre

Luster kommune har økonomiske ressursar til å vere med å finansiere næringssutvikling. Det vert arbeidd aktivt i høve andre offentlege finansieringsinstitusjonar for å oppnå finansiering også frå desse. Innovasjon Noreg er slik ein viktig samarbeidspart. Også Fylkeskommunen og Fylkesmannen er det god dialog med i aktuelle utviklingssaker.

Det er viktig for administrasjonen å halde seg oppdatert på endringar i verkemiddelapparatet, for å vere ein så god fagleg rådgjevar som råd. Det er mange verksemder i Luster som har medfinansiering frå dei ovannemnde offentlege institusjonane.

I høve bankvesenet, spesielt Luster sparebank, er det ein god dialog i finansieringssaker.

Det er fleire søknader frå Luster kommune om kraftprosjekt som har fått konsesjon og det er og saker som enno er til konsesjonsvurdering.

Luster kommune deltok i 2017 som ein del av Sogn Regionråd, på ”Framtidsfylket” si rekrutteringsmesse i Oslo og Bergen. I møte med ungdom frå kommunen - som tek høgare utdanning - vert spørsmål om ”relevant” arbeid viktig. Mange ynskjer å ha fyrste arbeidserfaringa si etter avslutta utdanning borte frå Sogn og Luster. Fleire har likevel planar om heimflytting etter kvart. Utviklinga av arbeidsmarknaden i dei store offentlege institusjonane i Sogndal og Leikanger er sjølv sagt svært viktig for Luster i eit sysselsetjingsperspektiv. Det har vore arrangert temamøte for næringsslivet saman med Luster Sparebank. Tema var «presentasjon av dei statlege stillingane knytt til nasjonalparkforvaltning og verdsarv på Rådhuset» og «lokalmatsatsing».

## **Industri**

Fleire av industriverksemndene i Luster har hatt utviklingsprosjekt i 2017. Grunnlaget for vekst i industriverksemndene er knytt til ei målmedviten satsing på kompetanseutvikling, marknadstilpassing og investering i teknologi.

Dei to største industriverksemndene i kommunen; Avery Dennison NTP AS og LMI AS er no begge eigde av store internasjonale selskap. Internasjonale eigarskap gjev mulegheiter, men det er også ei utfordring med hovudkontor langt borte frå Luster. LMI som har oljebransjen som hovedmarknad har hatt ei bra utvikling, trass i utfordringar generelt i denne næringa.

## **Reiselivet**

Luster kommune er medeigar i Visit Sognefjord AS og ein treårig avtale om å yte årlege marknadsbidrag. (t.o.m. 2018) Selskapet har kontor på Campus i Sogndal.

## **Reiselivsutviklinga i Luster**

I 2017 syner SSB sin statistikk at det var 42.811 overnattingsdøgn på hotell i Luster. Det er ein svært stor oppgang frå 2016 då statistikken til SSB syntte 25.000 overnattingsdøgn. Det er ein feil knytt til dette talet. Ser vi på 2015 var det 35.000 overnattingar på hotell i Luster.

Det var 71.611 overnattingsdøgn i hytte og camping i 2017, talet i 2016 var 64661. Samla syner overnatting i Luster totalt 114.000 gjestedøgn i 2017, ein vekst på 26% frå 2016.

Det er 69.000 gjestedøgn frå utlandet og 44.000 frå Noreg. Dei største utanlandske marknadene er i rekkefylgje Tyskland, Nederland, Belgia, Sverige, USA, Spania og Kina. Kina er det landet som aukar mest.

I reiselivet i Luster, er det som elles i Sognefjordområdet og i bygdereiselivet i Fjord Norge, store sesongsvingingar. Mange verksemder held og stengt i deler av året. Dei fleste verksemndene er familieselskap, dvs drifta er avhengig av stor innsats i sesongen frå heile familien. Det er likevel aukande aktivitet utanom høgsesongen.

Elles er det fleire av verksemndene frå Luster som markerer seg godt i det nasjonale reiselivs- og mediebiletet, i særleg grad kan ein då trekke fram Walaker hotell, Nes gard, Turtagrø hotell, Skjolden hotell, Bestebakken, Sognefjellet Sommarskisenter og Jostedalen breførarlag. Mange av lustraverksemndene får svært gode resultat/vurderingar på td Tripadvisor. Slik forbrukardriven vurdering vert stadig viktigare for å få gjester. Stadig flere nyttar seg av slike vurderingar når overnatting skal tingast.

Det er etter kvart vorte mange verksemder i Luster som utviklar og produserer lokal mat. Dette er både innafor kjøt, ost, bakevarer og frukt/bær. Fleire av desse verksemndene har fin utvikling og samarbeider med reiselivet.

For reiselivsnæringa er ei vidare utvikling av sals- og marknadsretta aktivitet avgjerande, for å auke omsetning og inntening. Arbeidet til Visit Sognefjord AS vil vere viktig for at området vårt skal bli endå meir synleg som eit reisemål i internasjonal verdsklasse.

Sogn Skisenter har utvikla produktet sitt vidare i 2017 og er saman med Lustrabadet eit godt produkt både for lokalbefolking og tilreisande.

## **Breiband**

I 2017 er det bygd «fiber til heimen» fleire plassar i kommunen. Det vart løyvd midlar frå staten til breibandutbygging i Dale i Luster 2016. Hausten 2016 vann og Luster kommune fram med søknaden sin til staten om midlar til breibandutbygging i Jostedalen. Det har vore arbeid med utbygging der i 2017.

Hausten 2017 fekk Luster kommune tilslagn om kr 3.4 mill kr i statleg stønad til breiband til Mollandsmarki, Urnes, Kroken, Eikjastrand, Nes-Flahammar og Veitastrand.

Luster kommune har arbeidd aktivt med å få medfinansiering av statlege midlar til desse breibandprosjekta på Skjolden, Dale, Jostedal og det siste prosjektet nemnt ovafor. Til saman er det løyvd 9.460 mill kr i statlege midlar til desse prosjekta. Anleggbidrag frå abonnementane og kommunalt tilskot har fullfinansiert prosjekta.

## **Røynsle og forbetring:**

Vidare utvikling av næringslivet har fokus i Luster både politisk og administrativt. Både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og nyskaping er viktig. Marknadsorientering er svært vesentleg for å lukkast i næringslivet. Verksemder som rettar seg mot marknader utafor regionen vil ha ein større sjanse til å utvikle seg, enn dei som har ein marknad som berre er regionalt basert. Kompetanseutvikling, marknadsorientering og teknologi-utvikling er stikkord for både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og utvikling av nye tiltak.

<b>NØKKELTAL – Forvaltingssaker</b>	<b>2000</b>	<b>2005</b>	<b>2010</b>	<b>2017</b>
Lovsaker administrativt avgjorde	49	116	101	214
Lovsaker politisk avgjorde				36
Søknader om produksjonstilskot husdyr *	320	243	191	182
Søknader om areal- og kulturlandskaps-tilskot *	397	263	245	242
Tilskot til avløsing ved sjukdom m.v.	106	81	59	31
Planar etter forskrift for nydyrkning	14	2	3	8
Planar for vatningsanlegg	2	2	2	2
Driftsplanlegging i samband med bruksutbygging	8	3	5	3
Fullstendig gjødselplan for gardsbruk	16	11	35	27

\* For søknader om produksjonstilskot/areal- og kulturlandskapstilskot er det gjennomført stikkprøvekontrollar hjå 5% av søkjarane.

## Landbruksforvaltning

### Forvaltningsoppgåver

Ressursbruken ved eininga er delt mellom utføring av lovpålagede forvaltningsoppgåver innan landbruks- og miljøsektoren og forvaltning av kommunale ordningar for å oppnå måla i kommunale styringsdokument, utleige av tenester til andre m.m.

Talet på saker som krev formelle vedtak etter ulike lover har vore aukande, både innan landbrukssektoren og miljøsektoren. Alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter er delegert til administrasjonen å fatta avgjerd i. I 2017 vart det handsama ekstra mange saker i samband med oppfølging av lovbestemt driveplikt for landbruksareal.

### Jordbruk.

Nedgangen i tal driftseiningar i kommunen har flata ut. Areal i drift og produsert mengde slakt har vore nokolunde stabilt over ei årrekke, men med eit markert hopp opp i produsert mengde slakt i 2015, deretter etterfølgd av ein mindre nedgang i 2016 og ein ytterlegare nedgang i 2017.

Innanfor mjølkeproduksjon på kyr er det større grunn til uro over utviklinga siste åra. Tal mjølkeprodusentar i kommunen er no kome ned under 55 totalt, dvs. meir enn ei halvering frå tusenårsskiftet, og produsert mengde mjølk har minka med over 17% frå 2010 til 2017.

Med mål om å snu den negative utviklinga innan mjølkel- og storfekjøtproduksjon vedtok kommunestyret i 2016 å gjennomføra eit eige storfeprosjekt i kommunen. Over ein fireårsperiode er det stilt til disposisjon ei ramme på inntil 1,0 mill. kroner til prosjektet. Styringsgruppa er samansett av ein person frå TINE, ein frå produsentlaget i Luster og ein frå Luster kommune. Gruppa har valt Kjersti Sognnes frå TINE til leiar. Prosjektet er godt i gang. Det er mellom anna gjennomført grendemøte over heile kommunen, med individuell oppfølging av alle som har vore interesserte i det. Det endelige resultatet

vil ein først sjå på litt sikt, men ved utgangen av 2017 låg det heile 5 søknader frå Luster om bruksutbygging innan storfe klar for oversending til Innovasjon Noreg. Største flaskehalsen for å få gjennomført bruksutbyggingsprosjekt i dag er tilgjengeleg ramme i Innovasjon Noreg, difor er det viktig å få fram gode søknader.

Det er også stor interesse for bruksutbygging for sau, der Luster i fleire år har lege på topp i fylket. Kraftig stimulans frå sentrale styresmakter om å satsa på store utbyggingar, har ført til at det for tida er overproduksjon på sauekjøt. Auken har kome andre stader enn i Luster, som ser det som viktig å oppretthalda kommunen sin historiske del av sauekjøtproduksjon i landet og difor må halda oppe fornyingstakten for driftsbygninga. Årskiftet 2016/2017 var det vél 10 600 vinterföra sauer i Luster kommune, like før tusenårsskiftet tett oppunder 13 000. Ved inngangen til 2018 låg det tre finansieringssøknader for sau klar for oversending til Innovasjon Noreg.

Samla bærproduksjon har vore nokolunde stabil siste åra. Auka bærprisar utanlands har gjort konservesfabrikkane meir interesserte i norske bær.

Det er stor variasjon frå år til år når det gjeld rovviltskader. Beitesommaren 2014 ramma indre Sogn sterkt, medan det i åra etterpå har vore moderate tap.

<b>NØKKELTAL – Jordbruk</b>	<b>2000</b>	<b>2005</b>	<b>2010</b>	<b>2017</b>
Bruk i drift i alt	397	285	245	242
Bruk med husdyr	320	243	196	182
Mjølkeproduksjon	6 875 t	6 814 t	6 999 t	5793 t
Slakt	546 t	553 t	483 t	510 t
Bærareal	505 daa	695 daa	515 daa	500 da
Bærproduksjon	457 t	450 t	340 t	343 t

## Overføringer og investeringsverkemidlar til landbruket

Tiltak	2005		2017	
	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr
<b>Statlege ordningar:</b>				
Produksjonstillegg	535	33 400	424	42 229
Regionalt miljøprogram RMP			147	3 538
Avløysarordninga		6 100	161	7 172
BU-midlar, - tilskot (bedriftsretta), inkl. bioenergi	11	2 318	6	3 630
BU-midlar, – rentestøtte (grunnlag/sum lån)	3	4 594	Ordninga avvikla	
Kulturlandskapstiltak (SMIL)	37(29 tilsagn)	690	23 (21 tilsagn)	802
Organisert beitebruk	10	68	4 (3 tilsagn)	47
Drenering av jordbruksjord			7 (5 tilsagn)	158
Skogsvegbygging (kun dei med utbetaling)		499	2	81
<b>Kommunale ordningar:</b>				
Anleggstilskot bærplanting	11	85	11	121
Vatningsanlegg	2	35	2	27
Nydyrkning	1	18	7	44
Vegbygging	0	0	4	113
Kjøp av mjølkekvotar	40	184	18	91
Tilskot ved generasjonsskifte	-	-	3	150

Går ein nærmare inn på tala for statlege overføringer siste to – tre åra, ser ein at sjølv om talet på bruk er stabilt og samla produksjon nokonlunde lik, har dei samla overføringane frå staten vorte redusert. Dette er eit resultat av sentral landbrukspolitikk der støtte til små og mellomstore bruk har vorte flytta over til større bruk, noko som sler negativt ut for gjennomsnittsbonden i Luster.

### Skogbruk

I året 2017 vart det i følgje statistikk for hogst omsett 1 972 m<sup>3</sup> som er ei auke frå 2016 (718 m<sup>3</sup>). Dette er framleis lågt og forklåringa er at det ikkje har vore maskindrifter i kommunen. Som tabellen under viser har det ikkje vore mykje skogplanting og det er berre

tre skogeigarar som har hatt skogkulturarbeid med forynging inkludert suppleringsplanting, og ein skogeigar har utført skogskjøtsel. Til saman har det vore kostnader med dette på kr. 72.956 med utbetalt kr. 36.209 i statstilskot og kr 14.484 i kommunalt tilskot.

Uttak av skogsvirke:	2011	2016	2017
Omsett gjennom Luster Skogeigarlag m3	281	718	1 573
Annan hogst for sal med trekk til skogfond, m3	4 496	110	399
+ Uttak av ved til brensel m3 (estimert)	2 000	2 000	2 000
= Total m3	6 777	2 828	3 972
= Førstehandsverdi kr	2, 035 mill.	0,712 mill	1, 191 mill.
<b>Skogkultur:</b>			
Planting, tal planter	10 500	37 700	9 100
Planta areal	44 daa	179 daa	32 daa
Rydding av plantefelt	105 daa	2 daa	40 daa
Kostnader skogkultur	100 000 kr	229 087 kr	72 956 kr
<b>Vegbygging:</b>			
Ferdigstilt traktorveg	0 m	1 450 m	900 m
Ferdigstilt skogsbilveg	560 m	100 m	0 m
<b>Skogfond:</b>			
Inneståande skogfond pr. 31.12.	609 000 kr	1 072 118	1 101 089
Kreditert skogfond	125 000 kr	227 765	59 432
Debetert skogfond	4 500 kr	299 154	30 461

Av fire utbetalingar av kommunalt tilskot til landbruksvegar på totalt kr 112.691, er ei av utbetalingane sluttutbetaling medan resten er delutbetaling. Når det gjeld statstilskot, har det vore betalt ut restløying til to veganlegg, til saman kr. 81.895. Det har vore betalt ut statleg driftstilskot (taubane og driftstilskot eigenhogst) til fire skogeigarar på til saman kr. 95.410 som ikkje kjem fram i nokon av tabellane. Når det gjeld hovudplan for skogsvegar, er fire av dei 13 prosjekta realisert.

Kommunen har arrangert motorsagkurs med åtte deltakrar, og eit kappekurs med ni deltakrar, i tillegg til ein fagkveld om stell av skog. Fagkvelden var i samarbeid med Sogndal kommune og andre aktørar. Samarbeidsprosjektet «Skog i Sogn» med regionrådkommune er vidareført, skogbruksjefen i Luster har arbeid og i andre kommunar.

## Naturforvaltning

### Vilt

I 2017 fekk Luster eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Samstundes vart det eit rekordår for hjortejakta med heile 669 felte dyr. Det er ein stor auke frå året før, som inntil då var rekordår med 567 felte dyr. Vonaleg har avskytinga vore høg nok til å redusera stammen i tråd med målsetjinga i planen. Det er beiteskader på eng, skog og rundballar, samt auka tal påkøyrsler som ligg til grunn for vedtaket om å prøva å redusera talet på hjort. «Sett-hjort-tala» viser ein oppgang frå 2016 når det gjeld observerte hjortar. Oppgangen på sett hjort pr. time er stor, frå 0,23 til 0,31.

På grunn av den nye hjorteviltsjukdommen CWD, eller skrantesjuke, vert det no teke hjerneprøvar av alt fallvilt av hjortevilt. Til alt hell er ikkje sjukdommen påvist på hjort pr. februar 2018.

Prosjektet «forvaltning av hjortebestand 2013-2017» vert forlenga til sommaren 2018. Det har vore meir krevjande enn venta å legga om til grunneigarstyrt forvaltning. Til no er eitt bestandsplanområde oppretta, men oppslutninga i det aktuelle området er laber. Dei fleste valda fekk difor tildelt løyve frå kommunen som før. Etter sju år utan jakt, vart det opna for jakt att i Vest-Jotunheimen i 2014. Diverre synte teljingar etter to år med jakt, med til saman 124 felte dyr, at stamma på nytt var kritisk liten. Det har difor ikkje vore jakt dei siste to åra, men vil bli opna for forsiktig jakt att i 2018 då villreinstamma har teke seg noko opp att det siste året. Oppsynet rapporterer om ein bestand på omlag 319 vinterdyr.

### Tilrettelegging for friluftslivet

Det vart i 2017 gjennomført større utbetringsarbeid på stien mot Molden. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på omlag 1,1 mill. kroner og var delfinansiert med spelemidlar. Stien er utbeta med steintrepper og trebruer forbi vanskelege parti og har fått seg eit vesentleg løft. Arbeidet vart gjennomført av Stibyggen AS v. Geirr Vetti. I desember 2017 vart det oppretta ei venneforeining som skal arbeida for ytterlegare utbetring nærmeste åra framover.

I 2017 vart det gjennomført førebuande arbeid for å få på plass dagsturhytta ved Ytre Eikjo. Dette er ein del av fylkeskommunen og Sparebankstiftinga sitt prosjekt der målet er at det skal bli ei dagsturhytte i kvar kommune i fylket. Hytta kom til kommunen i november 2017 og vil bli plassert ut på tomta tidleg i 2018. Plasseringa ved sjøen vart valt for å setja fokus på sjøaktivitet som kano og kajakk. Luster Turlag/DNT ung har teke på seg ansvaret for drift og vedlikehald.

Arbeidet med felles fiskekort for heile Luster kommune kom eit godt steg vidare i 2017. Tidlegare har grunneigarlaget selt fiskekort kvar for seg, men

### Statistikk viltforvaltning

	2010			2016			2017		
	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte
Hjort	88	950	514	96	1169	567	98	1300	669
Elg	2	4	2	2	5	4	2	6	4
Rådyr	3	7	0	3	7	4	3	Kvotefri + 3 dyr	5
Villrein Vest-Jotunh.*1)	Ikkje jakt 2007 – 2013 og 2016 - 2017								
Villrein Reinheimen – Breheimen *2)		37	28		35	31		323	18

\*1) Heile villreinområdet inkl. Årdalssida.

\*2) Luster sine rettar i Reinheimen - Breheimen villreinområde (tidlegare Ottadalen).

etter initiativ frå kommunen er det no oppretta ei fiskekortsone som dekkar eit større område av kommunen, knytt opp mot nettportalen «inatur.no». På sikt er målet er å få med resten av kommunen også.

Saman med Sogndal og Gloppen deltek Luster i eit prosjekt leia av Vestlandsforskning der ein ser på utfordringane som kan oppstå i samand med motstridande brukarinteresser i utmark, «Forvaltingssystem for fleirbruk av utmark». Stisykling er eit sentralt tema.

#### *Verneområde*

I 2017 vart Ytamo naturreservat igjen utvida nordover mot Vigdøla gjennom ein friviljug verneprosess.

I Yngsdalen naturreservat har kommunen fått tetta fleire grøfter som i si tid vart laga med tanke på å dyrka opp ei av dei største myrflatene. Attgroing og oppturking er det største trugsmålet mot verneverdiene i dei store myrkompleksa i Yngsdalen. Når det først vart organisert helikoptertransport av gravemaskin til dalen, nyttet ein høvet til å setja i stand stølsvegen og samstundes leggja om veitinga langs vegen slik at det vert blautare tett opp mot vegen. Prosjektet kosta bortimot 190 000 kr, som vart dekka av Miljødirektoratet.

Tilstrøyminga til Nigardsbreen naturreservat nådde nye rekordar i 2017, og kommunen har som vanleg teke eit stort ansvar saman med både private og offentlege aktørar for å ivareta tryggleiken. Stien fram til breen er ytterlegare utbetra mellom anna med tre nye trepper. Tilskot frå Miljødirektoratet dekka materiellkostnader og mestedelen av kostnadene ved tilsyn/oppsyn, til saman 184 000 kr.

Dei siste granene vart fjerna frå Yngsdalen naturreservat, og for reservata i Bargarden og på Loi vart det skaffa midlar og gjort avtale om uttak av dei siste granene. Tiltak for å vera verdifulle styringsalmar frå

hjortegnaging vart vidarefør at SNO på oppdrag frå kommunen.

Taubana mellom Soget og Simosete vart teken ned i 2017. Taubana var ikkje lenger i bruk, og strengane utgjorde ein fare for fuglane ettersom dei kryssa fuglane si rute ved næringssøk.

Tre reservat har fått forvaltningsplanar, det er Bargarden, Luster Allmenning og Ytamo.

Kommunen deltok på «Bornas naturoppsyn», eit opplegg der SNO inviterer skuleklassar ut i verneområde for å læra om artane og korleis ein skal ta vare på naturen.

Luster vert rekna å vera ein føregangskommune på fagområdet verneområdeforvaltning, og vart kanskje difor invitert til å halda eit innlegg då Miljødirektoratet for første gong inviterte kommunar med forvaltningsansvar til fagsamling hausten 2017.

#### *Miljø*

Stort sett har kommunen teke tak i ureiningssaker og forsøplingssaker der publikum har varsle, men det er mykje ein veit om som kunne vore teke tak i om administrasjonen hadde meir ressursar til rådvelde. Framdrifta i dei meir krevjande forsøplingssakene har til dels vore litt for dårleg.

Naturforvaltaren heldt innlegg på fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Hordaland si felles samling om miljøforvaltning for kommunane.

#### *Vassdrag*


Det vart sett i gang prøvetaking på 25 ulike lokalitetar i vassdraga våre i 2017. Fem lokalitetar synte gode resultat for alle dei fire prøvedatoane, og vil etter alt å døma få status «god» eller «svært god» økologisk tilstand. Desse er Vigdøla, Eidsvatnet, Mørkridselvi, Dalsdalselvi og Mytakanalen (Myklemyr). Mange av lokalitetane oppnådde ikkje tilfredsstillande kvalitet

#### **Styringsmål:**

Styringsmål Luster			Datakjelde Landet	Status		Mål 2017	Resultat
Felles	B	Tal saker med brot på forvalningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)			2017		
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0		0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	100%		<=100%	<100%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,5		4,5	
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	1%		<1%	1%
	Ten omr	Andel saker innan naturforvaltning med fristbrot (tilskotsordningar)	Registering	0		0	0

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

på parametrane fosfor og/eller nitrogen på minst eitt av prøvetidspunkta. Desse vert vidare undersøkte i 2018, i dei fleste tilfelle for få betre grunnlag for å slå fast kva tilstandsklasse dei høyrer heime i, men for nokre få vassdrag vert undersøkingane lagt opp med føremål å lokalisera ureiningskjelder med tanke på å setja inn tiltak. Dei to som kom därlegast ut var Lundsgrovi på Indre Hafslo og Vetlagrovi i Solvorn.



## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 17	Bud 17(r)	Avviki %	Rekn 16
285 Breiband					1044
320 Kommunal næringsverksemد	-48	-289	<b>83</b>	-147	
321 Konsesjonskraftgevinst	-9802	-7600	<b>-28,9</b>	-6283	
325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	6456	7401	<b>-12,7</b>	6552	
329 Landbruksforvaltning	3045	3475	<b>-12,4</b>	3775	
360 Naturforvaltning	962	1207	<b>-20,3</b>	597	
<b>Sum</b>	<b>801</b>	<b>4194</b>	<b>-80,9</b>	<b>5538</b>	

285) I 2017 er det nytta om lag 2,7 million til utbygging av breiband, 1 million i kommunale midlar/fondmidlar og 1,7 mill i statstilskot.

320) Inntekter frå næringsbygg som føresett, men stor straumrekning «Husmorskulen»/250' ikkje budsjettert.

321) Auka straumpris utetter hausten aukar gevinst på sal av konsesjonskraft vesentleg.

325) Regulering mot næringsfondet, jf k-saker gjennom året og periodisering i høve utlån/tilskot. Ikkje budsjetterte prosesskostnader Tørvis er belasta med 375'. Ikkje budsjettert elveforebygging er belasta m/240'.

329) Samla forbruk for funksjonen ligg godt innanfor budsjett. Auka statstilskot innanfor veterinærtenesta, mindreforbruk skog/betaling frå nabokommunar og periodisering er avvik.

360) Aktivitet i hovudsak som planlagt. Tiltak vilt og fisk vert balansert mot fond som budsjettert. Auka statstilskot forklarar mindreforbruk innanfor Miljø og naturvern føremål.

## Tiltak 2017 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:


Tiltak	Oppfølging
Aktivt arbeida for auka tilflytting i alle delar av kommunen gjennom felles tilflyttungsprosjekt	Det er ikkje noko eige prosjekt for tilflytting i kommunen no. Luster kommune har fokus på tilflytting ved å legge til rette for nye innbyggjarar (bustadfelt, bustadbygging og arbeidsmarknad). Det er også viktig å ta godt vare på dei som har flytt til kommunen. I samband med kommuneplanarbeidet gjennomførde Luster kommune ein møteserie til alle bygdene i kommunen hausten 2017. På desse møta vart kommuneplanarbeidet presentert og drøfta, der står tilflytting og folketalsutvikling sentralt. Dei siste åra har Luster kommune hatt god utvikling i folketalet.

Gjennomgå grunnlagsdokument for næringssaker / landbruksaker i kvar valperiode.	Grunnlagsdokumentet vert revidert/gjennomgått i kommunestyret kvart år.
<b>Leggja til rette for:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- nye og eksisterande kompetansearbeidsplassar</li> <li>- nye og eksisterande industrielle verksemder med høgt teknologinivå og marknadsfokus</li> <li>- ein arena for nettverksbygging og samhandling i næringslivet</li> <li>- satsing i energisektoren</li> <li>- å vera vertsskap for regionale samarbeids-tiltak</li> </ul>	<b>Kommentar:</b> Punkta er ein del av det «daglege næringsarbeidet», og vert arbeidd med kontinuerleg.
Støtta opp om vidareutvikling av Sogn Skisenter	Utviklingsprosjektet ved Sogn Skisenter er komme godt i gang. I dette arbeidet er den vedtekne reguleringsplanen for «sentrale område» på Heggmyrane» vesentleg.
Arbeida for tilrettelegging av effektive datakommunikasjonsløysingar i heile kommunen.	Det er etablert fiber gjennom kommunen og frå Gaupne til fremst i Jostedalen. Det meste av næringslivet har tilbod om fibertilgang. Det er etablert fiber på kommersielle vilkår i byggjefelt på Hafslo, Hafslo sentrum, Nes og Gaupne sentrum. Nye område i kommunen vil få fiber på kommersielle vilkår i 2018 og 2019.  Luster kommune har dei siste åra fått statleg tilskot til utbygging på Skjolden, Dale i Luster, Jostedalen og Mollandsmarki, Sørsida, Lustrafjorden og Veitastrond som ein del av S og Fj. Fylkeskommune sin felles søknad. Totalt har kommunen motteke 9.460.000 kr i statlege tilskot til breibandutbygging. Det er og komme på plass fiber og forbetra mobilforhold på Turtagrø i eit samarbeid mellom Telenor, Luster kommune, Turtagrø hotell og Hydro Energi. Mobildekninga er stort sett bra i kommunen der folk bur. Hausten 2015 hadde kommunen møte med dekningssjefane i både Telia og Telenor. Ved inngangen til 2018 hadde Telenor bygt ut alle basestasjonar i Luster med 4G. Telia har bygt ut dei fleste basestasjonane.
Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster får sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord, gjennom samordna marknadsføring og profilering av attraksjonane i kommunen	Visit Sognefjord fungerer godt og med god oppslutnad frå næringa i Luster. Det har vore arbeidd med strategiplanar for selskapet der næringa har vore involvert. Det er no i 2017 sett i verk eit stor masterplanarbeid for reiselivet i Sognefjorden.
Støtta vidareutvikling og etablering av nye aktivitetsverksemder i reiselivet etablering av nye.	Luster kommune har ei stor breidde i aktivitetsbedrifter i reiselivet, truleg ei av dei beste samlinga aktivitetsbedrifter i heile FjordNoreg. Luster kommune prioritærer medverknad til utvikling og vekst i etablerte aktivitetsverksemder og utvikling av nye.
Støtta større tilskipingar som skapar omsetning for besøksverksemdene og som skapar profilering for kommunen og regionen	Dette er eit område som ligg under kultur sitt ansvar. Tilskipingar som har mål om å nå utanfor regionen og som skapar god profilering av kommunen, skal prioriterast.

Fremja Lustrabadet som attraktivt reisemål i Luster	Lustrabadet er eit tilbod som reiselivet i større grad kan dra nytte av.
Ureinining, fjerning av skrot	Arbeid pågår kontinuerleg. Lovverket vert nytta for å påleggja private å rydda opp på private område, kommunen skal ha ekstra fokus på sine eigne område. Dei store oppryddingsprosjekta i Flåten og Fortun er ferdigstilte.
Fjerning av framande og skadelege artar	Koordineringsansvar ligg i første rekke til fylkesmannen, i verneområde vernestyresmakt. Kommunen kan gje tilskot gjennom SMIL-ordninga ved gjennomføring av tiltak.
Snøskuterløyper	Luster vart godkjend som deltar i forsøksordninga med faste løyper for snøskuterterkøyring og fekk på plass kommunal forskrift om ordninga og har gjennomført pålagd kartlegging av alle friluftsområda i kommunen. Aktuelle løyper er konsekvensutgreidde, men ingen av dei oppfyller kravet om grunneigarkjønning. Av formelle årsaker stoppa regjeringa forsøket og sette i staden i gang arbeid med lovendring på området.  Kommunane styrer no dette på nærmere fastsette vilkår, m.a. reguleringsprosess.
Stimuleringstiltak for å: 1. få ungdom til å ta over gardsbruk 2. gjera bruk meir lønsame på sikt	Luster kommune har ei rekke ordningar på området. Gjennomgangen av grunnlaget for handsaming av næringssaker våren 2014 gav som resultat at storleiken på lån til bruksutbygging i landbruket vart noko nedjustert i hove til tidlegare, men framleis er dette ei god ordning for landbruket.  Gjennom rådgjeving, planlegging og anna tilrettelegging har kommunen aktivt medverka til høg aktivitet innan bruksutbygging, der Luster er blant dei kommunane i fylket med flest finansieringssaker i Innovasjon Noreg.
Vektlegga rådgjeving for å oppnå: - auka driftsomfang innan husdyrnæringer - fleire fellesdriftløysingar - samarbeid mellom skogeigarar - høg og relevant fagkompetanse hjå næringsutøvarane - gode fagmiljø med smittande optimisme	Kommunestyret vedtok i juni 2016 å starta eit eige storfprosjekt i Luster. Over ein fireårs-periode er det stilt til disposisjon inntil 1,0 mill. kroner til prosjektet. Produsentlaget i Luster og TINE deltek i arbeidet.
Utarbeida heilskaplege arealplanar/planar for skogbruket	Arbeid som pågår kontinuerleg.
Forvalta lovverket aktivt for å nå måla om bruksstruktur og busetting	Arbeid som pågår kontinuerleg. Dei overordna måla i kommuneplanen er retningsgjevande for alt arbeid innan forvaltning og rådgjeving som eininga utfører
Miljøsertifisering	Det er oppretta samarbeid med Sogndal om miljøsertifisering av verksemder. Skal vurdera aktuelle tiltak for å oppgradera Luster rådhus til miljøfyrtårn



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2015	3,9
2016	3,9
2017	3,55

# Kultur

## Organisering

Tenesteområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og øvrige kulturtildel og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

## Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2016-27), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbyggjarane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfold av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse ”profesjonelt” innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape ”Lustraidentitet” og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nyte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål (2016-2019).

### 365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og i tilskotsreglementet.

### 370 Bibliotek

Funksjonen omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur i høve Biblioteklova.

### 377 Kunstformidling og utsmykking

Medverke til den offentlege satsinga på formidling av eit profesjonelt kulturtildel der kommunen er part. Ordninga er vidareført innan gitte rammer (budsjett, eksterne tilskot). Tilsvarande også for det som gjeld utsmykking av offentlege hus og anlegg.

### 380 Anlegg idrett og friluftsliv

Området er regulert av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med spelemedlar garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg i ein gitt periode. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter får eit årleg driftstilskot. Kommunen har også praktisert eit spesielt ansvar for turstiar til Feigefossen, Krossen – Molden og drift av serviceanlegga på Krossen og Bergset i Jostedalen.

### 381 Idretthall, samfunnshus.

Gaupne idretthall er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid. Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikkasalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid av det same brukarstyret.

Jostedal samfunnshus er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på ettermiddag/kveld.

Eigen avtale med Jostedal bygdelag regulerer drift med badevakt og tilgang til symjebasseng.

## Styringsmål 2017

Styringsmål Luster			Datakjelde Landet	Status		Mål 2017	Resultat
				2017			
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekters svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv			0	
	B	Tal klagesaker m/ omgjeringsvedtak	Registrering			0	
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2017 Visma	97		<100	<100
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014				
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk 2014				
Tenesteområde	B	Tal utlånede bøker pr. innbyggjar	Nasjonalbiblioteket	6,0			6,3
	B	Utlån av alle medium frå bibliotek pr. innbyggjar **	Nasjonalbiblioteket	8,7		9,0	8,8
	B	Andel av elevar i kulturskulen, av tal barn i alderen 6-15 år	SSB	17,9	13,3		120
	B	Tal besök i biblioteka	Registrering				

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar), Ø = Økonomimål

\*\*)Utlånstala folkebibliotek vil gå ned i 2015. Lånegruppa frå Luster vidaregåande skule er borte, jf omlegging..

Den økonomiske delen av avtalen er på kr 15.000 i tilskot og disponering av bill. inntekter.  
Luster kommune betalar for straum og reinhaldsmidlar. Det er føresett årleg driftstilskot til Lustrabadet som er eige Kommunalt Foretak.

### 383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

### 385 Kulturkontoret - Prosjektretta kulturtiltak.

Eige administrativt arbeid innan kulturområdet. Funksjonen er og samansett av kommunal aktivitet; kulturvern, bygdebok, nærmiljøanlegg, kulturpris/kultur-stipend, kultursamarbeid og tilskot til Luster frivilligsentral.

Ungdommens kommunestyre er plassert her.

### 386 Fjordstova og Grandmo lagshus

Fjordstova i Skjolden, eige selskap, har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettet kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

### 390/392 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringer til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemد regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

### Aktivitet 2017:

#### Aktivitetstilbod barn og unge

86 organisasjonar mottok kulturtilstok frå kommunen i 2017 (104 i 2016).

Talet på organisasjonar med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som sine hovudaktivitetar og som søkte og fekk kommunalt tilskot var i 2017 8 (talet var 8 i 2016). Talet på andre barne og ungdomsorganisasjonar var 10 (11 i 2016).

Fritidsklubar var i aktivitet i Jostedal og Gaupne. Lyngmo ungdomssenter har motteke tilskot til fritidsleiing for den delen av leiraktiviteten som er retta mot barn og unge.

Kommunen har også for 2017 praktisert eit definert samarbeid til aktivitetstilboden MENU i Gaupne, og til Danseverkstaden. Tilboden er organisert gjennom Luster frivilligsentral.

Kommunen deltek i eit regionalt samarbeid om saker som vedkjem barn og unge, og eit samarbeid med Sogndal og Leikanger kommunar om gjennomføringa av den lokale UKM-mønstringa.

## Kulturminnevern, museum og lokalhistorie

Kommunen innvilga tilskot til 6 prosjekt innan teknisk kulturminnevern (4 i 2016), og til 6 prosjekt innan immaterielt kulturvern (5 i 2016).

Formidling av lokalhistorisk litteratur ligg på eit relativt høgt nivå og kommunen omsette bygdebøker for kr 308.000 (108.000 i 2016).

Arbeidet med sluttføringa av bygdebokprosjektet bn. 12 føregår på dugnad i eit samarbeid mellom bygdeboknemnda i Hafslo sogelag og forfattarane Terje Mikael Hasle Joranger og Lars E Øyane. Bn. 11 for Solvorn sokn vart ferdig til årsskiftet 2016-2017. Koordineringa av arbeidet med sluttføringa er krevjande, og representerer eit vesentleg «meirarbeid» for den kommunale funksjonen som forleggar.

Kommunen deltek i det regionale samarbeidet med drift av Sogn Folkemuseum i Sogndal kommune, og i det pågående arbeidet til Stiftinga Wittgenstein i Skjolden og Ormelid i Fortun.

Planarbeidet med revisjon av kulturminneplanen for Luster har ikkje hatt ynskjeleg framdrift og vert vidareført i 2018.

## Kunstformidling

Luster kommune har rapportert lokal eigenaktivitet i Den Kulturelle Skulesekken for til saman kr 107.000 inkl. adm.kostnad (161.000 i 2016).

Kommunen samarbeider med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kulturtanken / Rikskonsertane om formidling av turneprogram til grunnskulane.

Luster kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Folkeakademiet Luster gjennomført prosjekt-program i Den Kulturelle Skulesekken og Den Kulturelle Spaserstokken.

Kommunen har ein mindre aktivitet i forhold til kunstnarisk utsmykking først og fremst knytta opp mot institusjonar og møteplassar.

## Bibliotek.

2017 svært aktivt år for bibliotektenesta med høgt utlån og mange godt besøkte arrangement. Utlån på oppvekstbiblioteka gjer utslag i svært høgt utlån for barn



Laurdagsprogram på biblioteket: Jakob Sande i ord og tonar v Ove Eide og Arne Søholt. Mykje publikum.

på utlånsstatistikken. Nedgangen i utlån til vaksne er betydeleg dei siste par åra. Sjå analyse

Etter innføring av oppvekstbibliotek, er det merkbar nedgang i besøk av lånarar som bur utanfor Gaupne ved hovudbiblioteket. Det nye tenestetilbodet til Oppvekst har ført til at fleire barn lånar lokalt på sine oppvekstbibliotek. Færre foreldre kjem med ungane sine for å låne til dei og til seg sjølv i Gaupne.

Mål for 2017 (9 utlån per innbyggjar) er nesten nådd. Det er stabilt utlån når ein samanliknar utlån over fleire år, der Luster bibliotek kan presentere svært gode tal i nasjonal målestokk. Alle oppvekstbiblioteka hadde grunnlagsdata for utlånsstatistikk heile året. Sidan utlånet til barn allereie er svært høgt, er det ikkje realistisk å vente større vekst i utlån i åra framover.

## Oppvekstbibliotek:

Bibliotek	2017	2016
Hafslo	10.000	8200
Solvorn	1050	625
Indre Hafslo	1700	1455
Jostedal	1350	Ikkje grunnlagsdata
Luster	2050	1300
Skjolden	1300	1000
Veitastrond	880	Ikkje grunnlagsdata
	18.330	12.580

Oppvekstbiblioteka står for 28% av utlån i kommunen. Gaupne skule og Luster ungdomsskule sine lån inngår

Lånargruppe	Barn/ungdom	Vaksne	Endring
Bøker	28.825 (25.272)	7384 (8746)	+2191
Lydbøker, musikk, film	2647 (3050)	2199 (3645)	-1849
E-bøker	261 (13)	708 (570)	+385
Anna (tidsskrift, spel..)		3216 (3230)	-14
	31.733 (28.335)	10.291 (12.961)	+723

i Luster bibliotek sitt totale utlån. Lokale lån på desse skulane er ikkje med i denne statistikken.

#### Utviklingsarbeid; Luster ungdomsskule

Skulen har omorganisert og fornya skulebibliotek-samlinga. Skulen driftar sjølv biblioteket . Luster bibliotek har bidrige med inventar og sender over bøker frå kulturfond fortløpande.

#### Utviklingsarbeid; Oppvekstportalen:

Ferdigstilt portalen, som skal vere ein enkel inngang til bibliotek, litteratur- og lesefaglege ressursar. Inngang på Luster bibliotek si heimeside. Del av prosjektet «Oppvekstbibliotek - med ope dør til leselyst og læring» finansiert med fornyingstilskot frå Fylkesmannen.

#### Anna aktivitet; Flyktningar

Bokcafear/språkkafear som del av språkopplæringa frå hausten 2017: Tre gongar per månad på dagtid.

Datacafé ein gong per månad i samarbeid med Luster Frivilligsentral og Luster Pensjonistlag.

Kultur-arrangement	Av dette for barn	Tal oppmøtte
11	3	Ca 550

Biblioteket som arena for formidling og møteplass for alle brukargrupper:

Laurdagsarrangementa er svært populære. Arrangementa er i stort mon finansiert med prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket. Folkeakademiet Sogn og Fjordane og Folkeakademiet Luster har også gitt støtte til enkeltarrangement. Dei mest besøkte arrangementa dette året var Sommarlesavslutning med forfattarbesök, foredrag/debatt om integrering (Amal Aden) og musikalsk/litterær kafé rundt tema Jakob Sande. Bokkafé: 4 eigeproduserte.

#### Idrett

Luster kommune handsama og vidareformidla 8 søknader om statstilskot til ordinære idrettsanlegg i 2017 (5 i 2016) og 13 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg (4 i 2016).

7 søknader nådde opp i prioritering (3 i 2016) og vart innvilga statstilskot: Delutbetaling symjeanlegget i Lustrabadet kr 5.000.000, Turstien til Feigefossen kr 200.000, Turstien Krossen-Molden kr 535.000, Dagsturhytta på Ytre Eikum delutbetaling kr 244.000. I tillegg vart innvilga kr 115.000 til overvåkingsanlegget i Lustrabadet.

Av nærmiljøanlegga fekk klatreparken i Gaupne innvilga kr 300.000 og rehabiliteringa av ballbingen i Luster fekk kr 79.000 i statstilskot.

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er styrande for kommunen sine prioriteringar.

Handlingsprogrammet i planen vart i utgangspunktet vedteke for perioden 2016 – 2019 i 2015, men rullert i des. 2016 for 2017-2019.

Kommunen registrerer eit vesentleg større engasjement frå frivillige lag og organisasjonar og einskildpersonar. Resultatet er synleggjort i form av høgare kvalitet på planarbeidet, fleire godkjende søknader og auke i anleggsutbygginga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rullert sitt handlingsprogram i des. 2017, og fleire større anlegg i Luster kommune har oppnådd prioritet for komande planperiode. Luster idrettspark, rehabilitering av Gaupne idrettshall og Luster motorsportsenter med delanlegg er sikra prioritet. Frå tidlegare ligg Lustrabadet og sprintløype på Sogn skisenter inne med prioritet i planperioden.

